ØY
GARD
EN

- eit fyrtårn i vest

# Økonomiplan 2023-2026
# Budsjett 2023









**Kommunedirektøren sitt forslag**

**Øygarden kommune**

# Innhald

Kommunedirektøren si innleiing ... 2
Kva er ein økonomiplan? ... 4
Korleis følgjer vi opp planen? ... 4
Slik les du økonomiplanen ... 5
Hovudoversikt drift ... 7
Budsjettvedtak ... 9
Plangrunnlaget ... 19
Satsingsområde ... 24
Folketalsutvikling ... 28
Framlegg til statsbudsjett ... 30
Hovudtala i budsjettframlegget ... 34
Økonomisk utvikling i planperioden ... 42
Kommunen sine tenesteområde ... 48
Politisk ... 48
Kommunedirektør ... 49
Finans og økonomi ... 52
HR og organisasjon ... 56
Helse og velferd ... 61
Oppvekst ... 68
Kultur og samfunn ... 78
Finans ... 87
Investeringar i økonomiplanen ... 88
Vedlegg ... 97

# Kommunedirektøren si innleiing

Våren 2022 vart samfunnsdelen til kommuneplanen vedteken. Denne gjev tydeleg retning for korleis kommunen og Øygardssamfunnet skal utviklast, og ligg til grunn for prioriteringar og val i den økonomiplanen som kommunedirektøren no legg fram. Det er ein tydeleg raud tråd frå planen til viktige postar i budsjettet. Budsjettet er bygd opp rundt mål og satsingsområde frå kommuneplanen med tilhøyrande indikatorar og oppdrag. Gjennom verksemdsstyring og jamleg rapportering skal vi følgja opp planen.

Kunnskapsgrunnlaget og arbeidet med berekraftmåla har identifisert eit tydeleg utfordringsbilete som vi står overfor dei neste 20 åra. Sjølv om vi har ein yngre befolkning enn mange andre kommunar, vil også Øygarden kommune oppleva ei tredobling i talet på eldre over 80 år i tida fram mot 2040. Samtidig som vi vert fleire eldre, vert det færre i arbeidsfør alder og det er også ein del unge som fell utanfor arbeidslivet og samfunnet. Desse utfordringsbileta, saman med eit trongare økonomisk handlingsrom for kommunane, representerer samla sett utviklingstrekk som får store konsekvensar for innbyggarane, tenestetilbodet og kommuneøkonomien. Behovet for å omstilla organisasjonen er stort. Vi må jobba smartare og vi må utføra tenestene med færre tilsette. Økonomiplanen for 2023-2026 er starten på ein omstillingsprosess. Saman må vi førebu kommuneorganisasjonen og samfunnet rundt oss på andre tider, der prioritering og førebygging vert viktige stikkord.

Budsjettarbeidet for 2023 har vore krevjande med omsyn til å oppnå budsjettbalanse, mellom anna på grunn av stor auke i straumutgifter, generell løns- og prisvekst og høgt rentenivå. Dei mellombelse meirskatteinntektene i 2022 vert ikkje vidareført i 2023. Budsjettforslaget er lagt fram i balanse og med eit driftsresultat på kr 0. Det er ikkje nytta disposisjonsfond i budsjettsalderinga. Kommunedirektøren ser dessverre ikkje at ein har moglegheit for å leggja fram eit budsjett med netto driftsresultat på 1,75 % i tråd med vedtekne handlingsreglar. Her trengs det meir tid for å gjera dei rette grepa, og for ikkje å ramma viktige velferdsoppgåver vilkårleg. I resten av økonomiplanperioden er det lagt opp til ein opptrappingsplan for å nå målet om ein berekraftig økonomisk utvikling i kommunen.

Framlegget til økonomiplan inneheld ei rekke innsparingstiltak, både i 2023 og resten av planperioden for å handtera situasjonen, men det er også funne rom for nye tiltak i budsjettet på omlag kr 50 mill. Dette er tiltak som skal utvikla oss i positiv retning i samsvar med den vedtekne samfunnsdelen til kommuneplanen.

**Beredskap**
Etter fleire år med koronapandemi og kriseleiing knytt til det, har vi no ein situasjon med energikrise, klimaendringar og krigshandlingar i Europa. I lys av denne utviklinga er det gjort omprioriteringar som styrkar kapasitet og kompetanse innan beredskap i organisasjonen. Vi må vera budd og ha beredskapsplanar klare for å kunne takla eventuelle krisar.

**Klima**
For å imøtekomma klimaendringane, utrydda fattigdom og bekjempa ulikskap har FN utarbeida 17 berekraftmål. Berekraftmåla er også grunnlaget for den nyleg vedtekne samfunnsdelen til kommuneplanen, der kommunestyret har valt å løfta fram åtte berekraftmål som skal ha særskilt merksemd i utviklinga av kommunen. I budsjettframlegget er det avsett kapasitet til å koordinera dette viktige arbeidet.

**Innovasjonskultur og leiarskap**
Etter kommunesamanslåinga i 2020 er mykje komen på plass eller er i positiv utvikling. For å ta viktige steg vidare, er det nødvendig å arbeida systematisk med utvikling av kultur, leiarskap og medarbeidarskap. Vi må styrka lagånda og samhandlinga i kvardagen. Det vil bli ein tydeleg satsing

innan dette området, og vi skal bygga ein kultur for utvikling og innovasjon. Vi skal jobba smartare, finna gode løysingar i lag og legga til rette for utvikling. I denne prosessen vil vi målretta nytta partnarskapsavtala med SINTEF og kompetansen SINTEF-systemet representerer.Vi vil nytta partnarskapsavtala med SINTEF og kompetansen SINTEF-systemet representerer målretta i denne prosessen.

**Å vera ein attraktiv arbeidsgjevar**
Arbeidsmarknaden er krevjande og det er rift om arbeidskrafta. I budsjettframlegget er det tatt høgde for målretta tiltak, både for å gjera Øygarden kommune attraktiv for nye tilsette, og for å behalda kritisk kompetanse i organisasjonen.

**Investeringar**
Det er viktig å utarbeida eit godt grunnlag for å vurdera kva investeringar som skal prioriterast. Spesielt gjeld dette investering i nye bygg og anlegg. Difor blir det avsett midlar til nettopp å utarbeida eit slikt grunnlag. I dette ligg det også ei kost-nytte vurdering av det å eiga bygg framfor å leiga bygg.

Framlegget til investeringsbudsjettet er gjort etter følgjande prioritering:

- Tidlegare forpliktingar (investeringar som er i gang og som det vert lagt inn midlar til for å fullføra)
- ENØK-tiltak
- Pålegg/ HMS-krav

I kommunelova er det frå 2020 innført ein generell plikt til å forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Det er difor nødvendig å utarbeida ein langsiktig driftsanalyse og investeringsplan som verktøy for økonomisk styring og prioritering framover. Ein slik plan framskriv det økonomiske handlingsrommet i en 20-årsperiode, og kombinerer data om demografi med investeringsplanar og framskriving av driftsinntekter og driftsutgifter.

**Omstilling og effektivisering**
Kommunedirektøren vil i 2023 arbeida med ei vidare omstilling/ effektivisering av organisasjonen med grunnlag i Kostra-analyser, benchmarking og anna. Eit slikt arbeid må omfatta den totale kommuneverksemda, også føretaka. I framlegget er det difor lagt til grunn at føretaka blir reorganisert til kommunale einingar. Samtidig må vi styrka struktur- og systemtenkinga for å ta ut potensialet som kompetente og engasjerte tilsette representerer. Det er all grunn til å sjå lyst på framtida, men vi må i åra framover ta nokre grunnleggande, men tøffe grep for å ta ut potensialet og oppnå ei berekraftig økonomisk utvikling i tråd med dei vedtekne økonomiske handlingsreglane.

Saman skaper vi fyrtårnet i vest !

Johnny Breivik

Kommunedirektør

# Kva er ein økonomiplan?

Kvar haust legg kommunedirektøren fram ein plan for kommunestyret om kva kommunen skal gjera og bruka pengar på dei neste fire åra. Dette er økonomiplanen til kommunen. Kommunestyret behandlar forslaget til kommunedirektøren, og vedtek endeleg økonomiplan i desember.

Å utarbeida ein økonomiplan er ei lovpålagt oppgåve for ein kommune, jf. Kommunelova § 14-2. Økonomiplanen skal omfatta heile verksemda til kommunen og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

I Øygarden kommune utgjer økonomiplanen også handlingsdelen til kommuneplanen. Det betyr at vi i økonomiplanen skal konkretisera satsingsområda i samfunnsdelen, og visa korleis vi skal prioritera på kort sikt for å nå måla i samfunnsdelen. Økonomiplanen har eit fireårig perspektiv, og vert rullert årleg. Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen, og er bindande for kommunen.

Gjennom økonomiplanen får kommunen oversyn over det økonomiske handlingsrommet, og kan gjera prioriteringar av ressursbruken til ulike føremål innanfor kommunelova sitt krav til økonomisk balanse. Økonomiplanen skal vera saldert i heile 4-årsperioden.

# Korleis følgjer vi opp planen?

Plansystemet er det viktigaste verktøyet vi har for å sikra oppfølging av politiske mål og vedtak. Gode plan- og styringsprosessar med tydelege koplingar mellom overordna mål og faktiske prioriteringar i økonomiplanen, er difor avgjerande for å lukkast.

Verksemdsplanar er eit viktig administrativt verktøy for å sikra samanheng mellom mål i samfunnsdelen, prioriteringar i økonomiplanen og konkrete oppfølging i den daglege drifta. Gjennom heilskapleg verksemdsstyring skal vi både sikra effektiv drift og gode tenester til innbyggjarane, samtidig som vi ivaretek naudsynt utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med behov til samfunnet og innbyggjarane våre.

Verksemdsstyring omfattar all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring av drifts- og utviklingsoppgåver, og skal sikra:

- leveranse av tenester med god kvalitet
- målretta og effektiv drift
- etterleving av lover og forskrifter
- oppfølging av politiske og administrative vedtak, prioriteringar og mål
- risikoreduksjon gjennom målretta internkontroll
- systematisk læring
- kontinuerleg forbetring og utvikling

Hovudelementa i den heilskaplege verksemdsstyringa er plan, styring og utvikling.

**Plan:** Gjennom god planlegging legg vi grunnlaget for utviklinga av organisasjonen i eit langsiktig perspektiv. Basert på kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete vert langsiktige mål og strategiar definert. Prioriteringane vert operasjonalisert i økonomiplanen.




**Styring:** Gjennom god styring sikrar vi implementering og oppfølging av vedtekne planar. God styring skal også sikra kontroll og kontinuerleg forbetring i verksemda basert på mål- og resultatstyring, internkontroll og risikostyring.

**Utvikling:** Systematisk utviklingsarbeid er nødvendig for å finna gode og berekraftige løysingar i møte med komplekse samfunnsutfordringar. Utviklings- og innovasjonsarbeidet i kommunen må bygga på utfordringsbileta til kommunen, overordna strategiar og mål.

## Slik les du økonomiplanen

Dokumentet du no les er kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023. Her finn du budsjettet for 2023, økonomiplan for åra 2023-2026 og oppdraga som kommunen skal arbeida med i fireårsperioden for å nå måla i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Dokumentet utgjer også handlingsdelen til kommuneplanen. Det betyr at måla frå samfunnsdelen er brote ned i mindre og meir konkrete oppdrag som skal gjennomførast i perioden. Desse har igjen betyding for kva vi prioritetar å bruka pengane på. Slik sørgjer vi for at store og overordna samfunnsmål vert brote ned i konkrete handlingar - derav namnet handlingsdel.

Budsjettdokumentet består av fem hovuddelar:

1. Grafikk og nøkkeltal som gir deg eit raskt overblikk over kor mykje pengar kommunen bruker på ulike område. Her kan du også gjera filtreringar for å få fram informasjonen du leiter etter
2. Innleiande kapittel (som til dømes det som du no les)
3. Satsingsområda til kommunen
4. Sjølve budsjettet og økonomiplanen som viser drifts- og investeringsbudsjett for heile kommunen
5. Tenesteområda til kommunen, som også viser korleis budsjettet er fordelt på dei ulike tenesteområda. Her kan du lesa meir om kva dei ulike tenesteområda gjer, kva dei ønsker å oppnå i perioden, og kva konkrete oppdrag dei skal prioritera.

**Praktiske tips og informasjon:**

- Du finn mykje av informasjonen tilgjengeleg fleire stadar, og i ulike format. Dette gjer at du enkelt kan finna informasjonen du leier etter – enten det er å få eit overblikk, eller å utforska nokre detaljar nærare.
- Du kan navigera mellom dei ulike kapitela frå forsida, eller menypunktet øvst til høgre. Dersom du leiter etter noko spesielt, kan du bruka søkjefunksjonen som også er plassert øvst til høgre.
- Tabellar og grafiske element inneheld meir informasjon dersom du trykker på dei.

# Hovudoversikt drift

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | Økonomiplan 2024 | Økonomiplan 2025 | Økonomiplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -1 164 467 | -1 116 032 | -1 105 034 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 |
| Skatt på inntekt og formue | -1 234 238 | -1 223 600 | -1 265 850 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 |
| Eigedomsskatt | -159 080 | -158 000 | -158 000 | -158 000 | -156 500 | -155 000 | -155 000 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | -82 334 | -46 728 | -49 980 | -97 700 | -46 920 | -46 920 | -46 920 |
| Overføringar og tilskot frå andre | -387 851 | -244 108 | -306 562 | -233 267 | -233 167 | -233 267 | -233 167 |
| Brukarbetalingar | -96 287 | -96 572 | -93 266 | -96 214 | -96 214 | -96 214 | -96 214 |
| Sals- og leigeinntekter | -68 763 | -65 833 | -65 833 | -71 850 | -71 850 | -71 850 | -71 850 |
| Sum driftsinntekter | -3 193 020 | -2 950 873 | -3 044 525 | -3 175 031 | -3 122 651 | -3 121 251 | -3 121 151 |
| | | | | | | | |
| Utgifter til løn | 1 657 418 | 1 593 904 | 1 613 735 | 1 678 532 | 1 653 881 | 1 654 446 | 1 653 881 |
| Sosiale utgifter | 402 323 | 371 730 | 390 715 | 366 123 | 363 937 | 364 052 | 363 937 |
| Kjøp av varer og tenester | 726 316 | 631 259 | 658 887 | 715 035 | 680 414 | 655 234 | 638 914 |
| Overføringar og tilskot til andre | 298 948 | 216 267 | 249 097 | 235 626 | 230 704 | 229 804 | 229 704 |
| Avskrivingar | 135 633 | 140 000 | 140 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 |
| Sum driftsutgifter | 3 220 637 | 2 953 160 | 3 052 434 | 3 140 316 | 3 073 936 | 3 048 536 | 3 031 436 |
| Brutto driftsresultat | 27 617 | 2 287 | 7 909 | -34 714 | -48 714 | -72 714 | -89 714 |
| | | | | | | | |
| Renteinntekter | -15 046 | -15 100 | -15 100 | -53 686 | -53 686 | -53 686 | -53 686 |
| Utbytte | -27 418 | -23 000 | -31 400 | -29 600 | -29 600 | -29 600 | -29 600 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | -5 429 | -5 000 | -5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 64 646 | 79 000 | 79 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 |
| Avdrag på lån | 101 288 | 102 000 | 102 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 |
| Netto finansutgifter | 118 042 | 137 900 | 129 500 | 179 714 | 179 714 | 179 714 | 179 714 |
| Motpost avskrivingar | -135 633 | -140 000 | -140 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 |
| | | | | | | | |
| Netto driftsresultat | 10 026 | 187 | -2 591 | 0 | -14 000 | -38 000 | -55 000 |

Økonomiplan for 2023-2026

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | Økonomiplan 2024 | Økonomiplan 2025 | Økonomiplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Disponering eller dekning av netto driftsresultat | | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 28 422 | 0 | 13 470 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | -31 221 | -187 | -10 879 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 0 | | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -7 226 | 0 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -10 | -187 | 2 591 | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Budsjettvedtak

## Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik det ligg føre.

2. Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 slik det ligg føre.

3. Øygarden kommune nytter frå 1.1.2023 staten sine rettleiande satsar for utmåling av stønad til livsopphald etter lov om sosiale tjenester.

4. Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane.
5. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 50 mill i 2023.
6. Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidareutlån (Startlån) med kr 40 mill i 2023.
7. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2023. For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.

   Kommunen vil i 2023 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2023 vera lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

   Kommunen vil i 2023 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

   Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2023 er 7 promille for skatteobjekt i Øygarden kommune.

   Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2023, jf. esktl § 10.

   Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jf. esktl § 25 første ledd.

8. Gebyr og brukarbetaling vert gjort gjeldande for budsjett 2023.
9. Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 32 290 000 for 2023. Dette inkluderer løns- og prisvekst samt utgifter til rekneskapsføring. I tillegg vert reinhaldstenester (verdi kr 720 000) gjeve som tenesteyting.
10. Øygarden kommunestyre vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 770 000, i tråd med framlegg frå kontrollutvalet.
11. Øygarden kommunestyre sel aksjane i BIR.
12. Øygarden kommunestyre vedtek at Øygarden brann og redning KF, Øygarden næringsutvikling KF og Øygarden bustadutvikling KF vert avvikla og drifta reorganisert til kommunal drift.

## § 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -1 164 467 | -1 116 032 | -1 105 034 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 |
| Inntekt- og formuesskatt | -1 234 238 | -1 223 600 | -1 265 850 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 |
| Eigedomsskatt | -159 080 | -158 000 | -158 000 | -158 000 | -156 500 | -155 000 | -155 000 |
| Andre generelle driftsinntekter | -54 592 | -45 920 | -48 861 | -96 700 | -45 920 | -45 920 | -45 920 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **-2 612 378** | **-2 543 552** | **-2 577 745** | **-2 772 700** | **-2 720 420** | **-2 718 920** | **-2 718 920** |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **2 504 362** | **2 405 839** | **2 445 654** | **2 592 986** | **2 526 706** | **2 501 206** | **2 484 206** |
| Avskrivingar | 135 633 | 140 000 | 140 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 |
| **Sum netto driftsutgifter** | **2 639 994** | **2 545 839** | **2 585 654** | **2 737 986** | **2 671 706** | **2 646 206** | **2 629 206** |
| **Brutto driftsresultat** | **27 617** | **2 287** | **7 909** | **-34 714** | **-48 714** | **-72 714** | **-89 714** |
| Renteinntekter | -15 046 | -15 100 | -15 100 | -53 686 | -53 686 | -53 686 | -53 686 |
| Utbytte | -27 418 | -23 000 | -31 400 | -29 600 | -29 600 | -29 600 | -29 600 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | -5 429 | -5 000 | -5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 64 646 | 79 000 | 79 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 |
| Avdrag på lån | 101 288 | 102 000 | 102 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 |
| **Netto finansutgifter** | **118 042** | **137 900** | **129 500** | **179 714** | **179 714** | **179 714** | **179 714** |
| Motpost avskrivingar | -135 633 | -140 000 | -140 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 |
| **Netto driftsresultat** | **10 026** | **187** | **-2 591** | **0** | **-14 000** | **-38 000** | **-55 000** |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 28 422 | 0 | 13 470 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | -31 221 | -187 | -10 879 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -7 226 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **-10 026** | **-187** | **2 591** | **0** | **14 000** | **38 000** | **55 000** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## § 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk | 17 282 | 16 390 | 16 252 | 20 140 | 18 640 | 20 140 | 18 640 |
| Kommunedirektør | 83 236 | 78 977 | 80 666 | 75 511 | 75 289 | 74 289 | 74 289 |
| Finans og økonomi | 107 754 | 111 889 | 114 031 | 96 419 | 92 065 | 90 015 | 92 415 |
| HR og organisasjon | 275 201 | 292 477 | 293 859 | 331 200 | 329 500 | 327 800 | 326 500 |
| Helse og velferd | 832 908 | 767 837 | 788 514 | 895 592 | 867 893 | 865 841 | 863 441 |
| Oppvekst | 943 979 | 909 234 | 953 556 | 979 356 | 956 536 | 942 236 | 931 236 |
| Kultur og samfunn | 319 124 | 267 215 | 272 734 | 293 042 | 285 057 | 279 159 | 275 959 |
| Finans | -84 218 | -38 367 | -71 367 | -98 276 | -98 276 | -98 276 | -98 276 |
| Utgåtte ansvar | 6 828 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | **2 502 094** | **2 405 652** | **2 448 245** | **2 592 986** | **2 526 706** | **2 501 206** | **2 484 206** |
| Av dette: | | | | | | | |
| Netto renteutgifter og -inntekter | 126 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 26 875 | 0 | 13 470 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | -29 269 | -187 | -10 879 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | **2 504 362** | **2 405 839** | **2 445 654** | **2 592 986** | **2 526 706** | **2 501 206** | **2 484 206** |

## § 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 175 574 | 172 775 | 172 775 | 152 150 | 113 500 | 166 500 | 181 000 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 29 908 | 0 | 0 | 900 | 900 | 900 | 900 |
| Utlån av eigne midlar | 76 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 164 887 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | **446 569** | **172 775** | **172 775** | **153 050** | **114 400** | **167 400** | **181 900** |
| | | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -26 339 | -33 215 | -33 215 | -28 940 | -23 100 | -33 300 | -36 200 |
| Tilskot frå andre | -22 775 | -30 000 | -30 000 | -28 200 | 0 | -7 500 | -25 000 |
| Sal av varige driftmiddel | -18 786 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | -408 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | -9 741 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -126 962 | -109 560 | -109 560 | -95 010 | -90 400 | -125 700 | -119 800 |
| **Sum investeringsinntekter** | **-205 010** | **-172 775** | **-172 775** | **-152 150** | **-113 500** | **-166 500** | **-181 000** |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Vidareutlån | 58 075 | 85 000 | 85 000 | 85 000 | 85 000 | 85 000 | 85 000 |
| Bruk av lån til vidareutlån | -58 075 | -85 000 | -85 000 | -85 000 | -85 000 | -85 000 | -85 000 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 12 150 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -31 378 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **-19 228** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | |
| Overføring frå drift | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 21 234 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 556 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -244 120 | 0 | 0 | -900 | -900 | -900 | -900 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **-222 330** | **0** | **0** | **-900** | **-900** | **-900** | **-900** |
| | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## § 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Øygarden kommune** | | | | | | | | |
| Sal av aksjar BIR | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ombygging/ rehab. bygg | 0 | 8 000 | 8 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kommunale kaier - påkostning | 318 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Samlepost samferdsletiltak | 1 286 | 9 800 | 9 800 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Veglys, skifting til LED lys | 0 | 500 | 500 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 500 | 15 500 |
| Dagsturhytte | 348 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kausland kyrkje - tak | 3 356 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ny paviljong Klokkarvik barnehage | 3 408 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sundheimen | 7 606 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ågotnes idrettspark del 2 2019-2021, flomlys (4268) | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ågotnes idrettspark del 4 kunstgrasbane trimpark (4270) | 9 070 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ågotnes idrettspark del 5 turveg (4271) | 1 247 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fjell sjukeheim Tryggleiksalarmar og adgangskontroll (4382) | 100 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsleidning Alvheim - Blomvåg | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hjeltefjorden Arena symjehall | 338 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561 | 1 909 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kulturhuset - Oppgradering | 151 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tednebakkane - ombygging | 2 359 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan | 133 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hjeltefjorden fjordpark | 12 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Aresta - Kryss ink. VA | 17 312 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Aresta - Kryss del 2 m/kulvert | 188 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kulturhuset - ny fasade & skytebane | 881 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rong skule - Gymsal | 8 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Spildepollen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur og turveg | 1 133 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging | 15 117 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør | 2 891 | 44 000 | 44 000 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 1 200 |
| Porsvika fiskerihamn - lagerbygg | 0 | 0 | 0 | 4 600 | 0 | 0 | 0 | 4 600 |
| Parkering, veg og kai Brattholmen skule | 1 403 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Foldnes skule | 62 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fjell sjukeheim - Ombygging demens avd. | 7 554 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| ØLMS | 188 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| IKT investeringar | 5 455 | 6 000 | 6 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |
| Kulvert/ busstopp - Idrettsvegen | 206 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Trigger - kjøp av bygg | 23 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Velferdsteknologi sjukeheim | 872 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 4 000 | 0 | 0 | 12 000 |
| Chromebooks | 4 425 | 7 000 | 7 000 | 1 500 | 8 500 | 1 500 | 1 500 | 13 000 |
| Tednebakkane. ombygging | 63 | 7 000 | 7 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate | 0 | 30 000 | 30 000 | 28 200 | 0 | 0 | 0 | 28 200 |
| Liljevatnet barnehage, kulturskule - fase 2 | 13 696 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brannstasjon Nord - Dalsneset, ombygging | 26 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ny skule vestsida | 687 | 10 000 | 10 000 | 15 000 | 50 000 | 135 000 | 122 500 | 322 500 |
| Velferdsteknologi - Straume bu og servicesenter | 313 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Veten dagsturhytte | 946 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Blomvågen dagsturhytte | 923 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Møblar NAV, nytt bygg Grønamyrsvegen | 447 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gravemaskin, kyrkja | 0 | 400 | 400 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fjell kyrkje, rehabilitering | 0 | 12 000 | 12 000 | 17 000 | 10 000 | 0 | 0 | 27 000 |
| Nytt datasystem barnevernet | 0 | 1 200 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| eHandel | 0 | 450 | 450 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Celleteller, Fjell sjukeheim | 0 | 125 | 125 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kolltveit skule, ombygging | 0 | 8 000 | 8 000 | 12 500 | 0 | 0 | 0 | 12 500 |
| Johannes Kleppevik skulptur | 0 | 300 | 300 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sartorparken - utbyggingsavtale | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Infrastruktur sentrumsområde | 0 | 10 000 | 10 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gangveg FV Kolltveit vest (6736) | 3 093 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bustader til andre | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utbetring Foldnes skule | 231 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ladestasjoner kommunale bygg | 50 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utbetring av vegar (Foldnesvegen) | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Foldnesvegen BT2 | 20 669 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Reguleringsplan Arefjordvegen | 13 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fjellsikring | 99 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skilting | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Blomvåg vest | 266 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Blomvåg infrastruktur | 74 | 10 000 | 10 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Opprusting kommunale vegar | 547 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Søre Straume (5411) | 632 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ombygging/rehab bygg | 2 316 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Fjell sjukeheim detektorar og takheisar | 476 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Knappskog skule ny varmepumpe | 640 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| El-skap utskifting | 268 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| SD-anlegg portal | 921 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Polden skule sanering | 2 253 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skjenet 10 inngangsparti og møterom | 570 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ulveseth skule skifte brannsentral | 272 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tranevågen ungd.skule skallsikring m. alarm | 286 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tednebakkane omsorgssenter nytt nødlysanl | 448 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lys terapibad | 123 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Skålevik skule utviding modulbygg 2021 | 1 002 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Miljøretta helsevern(5410) | 1 772 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hjil,aslom | 68 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av tomter | 6 189 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Infrastruktur kommunesenter: Nygata | 0 | 0 | 0 | 0 | 16 000 | 0 | 14 000 | 30 000 |
| Ågotnes skule - utbetring av uteområda | 0 | 0 | 0 | 4 350 | 0 | 0 | 0 | 4 350 |
| Tilstandskartlegging av bygg | 0 | 0 | 0 | 3 000 | 0 | 0 | 0 | 3 000 |
| Varmepumper Tranevågen skule og Brattholmen skule | 0 | 0 | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Asfaltering | 0 | 0 | 0 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 32 000 |
| Fjellsikring | 0 | 0 | 0 | 600 | 500 | 500 | 500 | 2 100 |
| Steinsland kai, rehabilitering | 0 | 0 | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Døsjø kai | 0 | 0 | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 | 700 |
| Knappskog molo | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Toftøy kai | 0 | 0 | 0 | 140 | 0 | 0 | 0 | 140 |
| Selstø kai | 0 | 0 | 0 | 230 | 0 | 0 | 0 | 230 |
| Sulo kai - spesialinspeksjon | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Vik kai - spesialinspeksjon | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Ulvøyna bru, oppgradering | 0 | 0 | 0 | 1 080 | 0 | 0 | 0 | 1 080 |
| Rotevågsund bru, oppgradering | 0 | 0 | 0 | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Dåvøy bru, oppgradering | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Vestresundet bru, spesialinspeksjon | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Oni bru, spesialinspeksjon | 0 | 0 | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Nygårdsvegen, ny støttemur | 0 | 0 | 0 | 2 100 | 0 | 0 | 0 | 2 100 |
| Veglys og intensivbelysning | 0 | 0 | 0 | 1 100 | 500 | 500 | 500 | 2 600 |
| Reservepost samferdsle/ trafikktryggleik | 0 | 0 | 0 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Misje skule, miljøsanering og riving | 0 | 0 | 0 | 1 800 | 0 | 0 | 0 | 1 800 |
| Sund ungdomsskule, to nye stasjonar på skulekjøkken | 0 | 0 | 0 | 600 | 0 | 0 | 0 | 600 |
| Landro kyrkje, varmepumper | 0 | 0 | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Kausland kyrkje, varmepumpe | 0 | 0 | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Varmestyringssystem, kyrkjer | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Blomvåg skule, moglegheitsstudie etterbruk | 0 | 0 | 0 | 1 300 | 0 | 0 | 0 | 1 300 |
| Maskiner og utstyr til kunstgressbanar | 0 | 0 | 0 | 1 300 | 500 | 0 | 0 | 1 800 |
| Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg | 0 | 0 | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Brattholmen gamle skule, planlegging flytting | 0 | 0 | 0 | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Blærescanner | 0 | 0 | 0 | 150 | 0 | 0 | 0 | 150 |
| Velferdsteknologisk knutepunkt | 0 | 0 | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Tednebakkane, solskjerming | 0 | 0 | 0 | 850 | 0 | 0 | 0 | 850 |
| Tednebakkane omsorgssenter, takheis | 0 | 0 | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Kommunale bygg, LED-lys | 0 | 0 | 0 | 2 000 | 2 000 | 0 | 0 | 4 000 |
| Fjell ungdomsskule, skisseprosjekt rehabilitering | 0 | 0 | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Oppvekstadministrativt system (OAS) | 0 | 0 | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Helsestasjonen, fagsystem | 0 | 0 | 0 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 1 200 |
| Gamle Fjell skule, moglegheitsstudie | 0 | 0 | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Reinhaldsmaskiner | 0 | 0 | 0 | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Brattholmen skule, leikeområde og overvatn | 0 | 0 | 0 | 4 000 | 0 | 0 | 0 | 4 000 |
| Bil, hjelpemiddellager | 0 | 0 | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 | 700 |
| Skogsskiftet, infrastruktur | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 7 500 | 25 000 | 32 500 |
| Energikartlegging av bygg | 0 | 0 | 0 | 3 000 | 0 | 0 | 0 | 3 000 |
| **Sum Øygarden kommune** | **174 740** | **172 775** | **172 775** | **152 150** | **113 500** | **166 500** | **181 000** | **613 150** |
| | | | | | | | | |
| **Org. oppsett mangler** | | | | | | | | |
| Prosjekt manglar | 834 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Org. oppsett mangler** | **834** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | | |
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **175 574** | **172 775** | **172 775** | **152 150** | **113 500** | **166 500** | **181 000** | **613 150** |

## 2. Tilskot til andre sine investeringar

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Investeringar i varige driftsmidlar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av aksjar og andelar | 29 908 | 0 | 0 | 900 | 900 | 900 | 900 | 3 600 |
| **Investeringar i aksjar og andelar i selskap** | **29 908** | **0** | **0** | **900** | **900** | **900** | **900** | **3 600** |

## 4. Utlån av eigne midler

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 | Øk.plan Sum 2023-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Spelemidlar - forskotering / innbetaling | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Næringslån - utbetaling / avdrag | 75 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Utlån av eigne midlar** | **76 200** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | | | | | |
| **Sum del 1-4** | **281 681** | **172 775** | **172 775** | **153 050** | **114 400** | **167 400** | **181 900** | **616 750** |

## § 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | -1 164 467 | -1 116 032 | -1 105 034 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 |
| Skatt på inntekt og formue | -1 234 238 | -1 223 600 | -1 265 850 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 |
| Eigedomsskatt | -159 080 | -158 000 | -158 000 | -158 000 | -156 500 | -155 000 | -155 000 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | -82 334 | -46 728 | -49 980 | -97 700 | -46 920 | -46 920 | -46 920 |
| Overføringar og tilskot frå andre | -387 851 | -244 108 | -306 562 | -233 267 | -233 167 | -233 267 | -233 167 |
| Brukarbetalingar | -96 287 | -96 572 | -93 266 | -96 214 | -96 214 | -96 214 | -96 214 |
| Sals- og leigeinntekter | -68 763 | -65 833 | -65 833 | -71 850 | -71 850 | -71 850 | -71 850 |
| **Sum driftsinntekter** | **-3 193 020** | **-2 950 873** | **-3 044 525** | **-3 175 031** | **-3 122 651** | **-3 121 251** | **-3 121 151** |
| | | | | | | | |
| Utgifter til løn | 1 657 418 | 1 593 904 | 1 613 735 | 1 678 532 | 1 653 881 | 1 654 446 | 1 653 881 |
| Sosiale utgifter | 402 323 | 371 730 | 390 715 | 366 123 | 363 937 | 364 052 | 363 937 |

| | Rekneskap 2021 | Opph. budsjett 2022 | Rev. budsjett 2022 | Øk.plan 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varer og tenester | 726 316 | 631 259 | 658 887 | 715 035 | 680 414 | 655 234 | 638 914 |
| Overføringar og tilskot til andre | 298 948 | 216 267 | 249 097 | 235 626 | 230 704 | 229 804 | 229 704 |
| Avskrivingar | 135 633 | 140 000 | 140 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 | 145 000 |
| **Sum driftsutgifter** | **3 220 637** | **2 953 160** | **3 052 434** | **3 140 316** | **3 073 936** | **3 048 536** | **3 031 436** |
| | | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **27 617** | **2 287** | **7 909** | **-34 714** | **-48 714** | **-72 714** | **-89 714** |
| | | | | | | | |
| Renteinntekter | -15 046 | -15 100 | -15 100 | -53 686 | -53 686 | -53 686 | -53 686 |
| Utbytte | -27 418 | -23 000 | -31 400 | -29 600 | -29 600 | -29 600 | -29 600 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | -5 429 | -5 000 | -5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 64 646 | 79 000 | 79 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 |
| Avdrag på lån | 101 288 | 102 000 | 102 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 |
| **Netto finansutgifter** | **118 042** | **137 900** | **129 500** | **179 714** | **179 714** | **179 714** | **179 714** |
| | | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | -135 633 | -140 000 | -140 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 |
| | | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **10 026** | **187** | **-2 591** | **0** | **-14 000** | **-38 000** | **-55 000** |
| | | | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 28 422 | 0 | 13 470 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | -31 221 | -187 | -10 879 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| Bruk av disposisjonsfond | -7 226 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | **-10 026** | **-187** | **2 591** | **0** | **14 000** | **38 000** | **55 000** |
| | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Plangrunnlaget

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen til kommuneplanen, og skal visa korleis vi følgjer opp overordna mål i samfunnsdelen. I dette kapitelet kan du lesa meir om overordna visjon og målsettingar frå samfunnsdelen til kommuneplanen.

## Visjon

*Øygarden - eit fyrtårn i vest.*

## Visjonsbeskriving

Visjonen om å vera eit fyrtårn i vest er eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om å vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar. Visjonen inneheld viktige ambisjonar for kommunen:

- Vi skal utnytta våre fortrinn innanfor energi, teknologi, marine ressursar, naturressursar og reiseliv.
- Vi skal levera gode tenestetilbod til innbyggjarane, og gjennom aktiv samfunns- og næringsutvikling sikra attraktivitet og vekst i heile kommunen.
- Nærtenesteprinsippet skal leggast til grunn for utviklingsarbeidet, der daglege tenester er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.

## Verdiar

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokusert

## Mål for kommunen

| Hovudmål | Indikator | 2019 | 2020 | Siste måling | Gj.sn. landet |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggarane i Øygarden har god livskvalitet | Elevundersøking 10. trinn - trivsel | 0,0 | 4,0 | 4,0 | 0,0 |
| | Elevundersøking 7. trinn - trivsel | 0,0 | 4,1 | 4,1 | 0,0 |
| | Gjennomføring i vidaregåande opplæring | 70,0 % | 70,0 % | 73,0 % | 75,0 % |
| | Brukarundersøking - under utarbeiding | | | | |
| | Helsetilstand - nøgd med helsa. Ungdata | 70,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Øygarden er ein god stad å bu | Andel einebustadar, i prosent av alle bygningstypar | | 72,0 % | 72,0 % | |
| | Antal bustader godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggarar | 0,0 | 0,9 | 0,8 | 1,4 |
| | Tal barnefamiliar som har fått tildelt startlån - under arbeid | | | | |

| Hovudmål | Indikator | 2019 | 2020 | Siste måling | Gj.sn. landet |
|---|---|---|---|---|---|
| | God eller svært god tilgang på offentleg transport, folkehelseundersøking - første tal i 2022 | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| | Miljø, skader og ulykker - Kollektivtilbud. Ungdata | 55,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| | Miljø, skader og ulykker - nøgd m/ lokalmiljøet. Ungdata | 70,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn | Dieselforbruk, kommunal bilpark - under utarbeiding | | | | |
| | Andelen kommunale anskaffingar der klima/miljø er vekta enten i tildelingskriteria, kvalifikasjonskrav eller absolutte krav til produkt/teneste - under utarbeiding | | | | |
| | Formålsbygg, kommune. Strøm Energibruk (MWh) | | 24 010 | 29 100 | 3 050 570 |
| Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn | | | | | |
| | Oppvekst og levekår - Mottakarar av uføreytelser (45-66 år) | 16,1 % | 16,4 % | 16,7 % | 16,6 % |
| | Oppvekst og levekår - Stønad til livsopphold, 20-66 år | 17,0 % | 17,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ | | | | | |
| | Andel heiltidstilsette i kommunen - under arbeid | | | | |
| | SJukefråvær | | 9,7 % | 10,3 % | |
| | Poengscore i åpenhetsbarometeret | | | 25,5 | |

## Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:




Kommunestyret utgjer den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sotralista (5), Folkeaksjonen Nei til mer bompenger (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).

Formannskapet utgjer økonomiutval til kommunen. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Vestland fylkeskommune.

## Administrativ organisering

Øygarden kommune er organisert med to fullmaktsnivå (to-nivåmodell). Delegasjon knytt til fag, personell og økonomi vert i ein to-nivåmodell lagt til einingsleiarane. Prinsippet er at mynde til å ta avgjerdsler skal takast nærast mogleg brukar.

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering:




Frå september 2022 utgjer kommunedirektør og fem kommunalsjefar leiargruppa til kommunedirektøren. I tillegg er det per no fire assisterande kommunalsjefar. To av desse høyrer til Oppvekst, ein på Helse og velferd og ein på Kultur og samfunn.

Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Dette inneber fullt fag-, personal- og økonomiansvar. Det administrative delegeringsreglementet bygger på det politisk delegeringsreglementet, som begge er vedtekne i kommunestyret. Stab- og støttefunksjonar er samla i større fagmiljø, og skal gje råd og støtte både til fullmaktsnivå 1 og 2. Einingane skal ha sterke fagmiljø, og bygga på prinsippet om myndiggjorte medarbeidarar og at avgjerdsler vert tekne nærast mogleg brukar. For å unngå «gråsoner» må samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen sikrast og styrkast.

Det er totalt 68 einingsleiarar (rektorar, barnehagestyrarar, styrar ved sjukeheimar, heimetenester, kultur, byggesak, administrative leiarar mv) i organisasjonen.

Framtidige utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møta utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon

og digitalisering innafor alle tenesteområde. Tilgang på og bruk av kompetanse vert avgjerande for å levera gode og effektive tenester.

## Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. I budsjettet for 2023 er bemanninga redusert til 2 343 årsverk, ein reduksjon på 107 årsverk på tre år. Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:

| Kommunalsjefområde | Årsverk 1.1.2020 | Årsverk 1.1.2021 | Årsverk 1.1.2022 | Årsverk 1.1.2023 |
|---|---|---|---|---|
| Kommunaldirektør inkl. ressursgruppe | 22 | 11 | 3 | 1 |
| Finans og økonomi | 128 | 119 | 108 | 55 |
| HR og organisasjon | | | | 53 |
| Oppvekst | 1 246 | 1 217 | 1 200 | 1 194 |
| Helse og velferd | 769 | 779 | 791 | 794 |
| Kultur og samfunn | 256 | 253 | 255 | 246 |
| **Sum** | **2 420** | **2 379** | **2 357** | **2 343** |

Frå oppstart av ny kommune har organisasjonen redusert bemanninga med 107 årsverk. Om lag 30 årsverk var vakante stillinga eller tilsette som gjekk av med pensjon ved årsskifte 2019/ 2020.

| | Haust 2019 | 01.01.2020 | 01.01.2021 | 01.01.2022 | 01.01.2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk | 2 450 | 2 420 | 2 379 | 2 357 | 2 343 |
| Endring | | | | | -107 |

Framleis er det behov for reduksjon av årsverk for å oppnå ein berekraftig og sunn kommuneøkonomi.

## Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta tre kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF, Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden næringsutvikling KF. Eigarskapsmelding for Øygarden kommune er utarbeidd i 2022.

Kommunedirektøren ser behov for å knytta tenestene som er i kommunale føretak nærare til seg for å optimalisera drifta ytterlegare og samtidig oppnå viktige faglege synergieffektar, og gjer derfor framlegg om å avvikla dei kommunale føretaka. Til dømes er Øygarden brann og redning KF ei viktig ressurs i beredskapsarbeidet i kommunen, og vil kunna bidra med nyttig kunnskap og verdifull erfaring i kommunen si auka fokus på samfunnsikkerheit.

I oppfølginga av samfunnsplanen har kommunedirektøren styrka det overordna strategiske arbeidet for å sikra ein tydeleg raud tråd mellom måla og prioriteringane i kvardagen. Her er koordinerte tiltak og prosesser innan næringsutvikling avgjerande for å sikra ei målretta utvikling av Øygardssamfunnet.

I dag er det kommunale bustadtilbodet fordelt på ei rekke aktørar utan ei samla overordna koordinering. Bustadstiftinga, Øygarden bustadutvikling KF og ulike einingar innan den kommunale drifta utfører alle viktige deloppgåver. For å ivareta heilskapen, er det behov for koordinering av aktivitetar, system og prioriteringar. Det pågåande lovendringsarbeidet i Stortinget vil truleg opna opp for at også Bustadstiftinga kan inngå i ein heilskapleg organisering av det kommunale bustadtilbodet.

# Satsingsområde

## Introduksjon

### Visjon

*Øygarden - eit fyrtårn i vest.*

### Visjonsbeskriving

Visjonen om å vera eit fyrtårn i vest er eit løfte til innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og frivillige om å vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar. Visjonen inneheld viktige ambisjonar for kommunen:

- Vi skal utnytta våre fortrinn innanfor energi, teknologi, marine ressursar, naturressursar og reiseliv.
- Vi skal levera gode tenestetilbod til innbyggjarane, og gjennom aktiv samfunns- og næringsutvikling sikra attraktivitet og vekst i heile kommunen.
- Nærtenesteprinsippet skal leggast til grunn for utviklingsarbeidet, der daglege tenester er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.

### Verdiar

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokusert

## Trafikk og mobilitet

For å nå målet om ein god stad å bu er det avgjerande å lukkast med transport og mobilitet. Dette er også tema som innbyggjarar og næringsliv har vore opptekne av i arbeidet med samfunnsdelen. Dei neste åra ønsker kommunen å ha eit særleg fokus på etableringa av trygge, fleksible og smarte transport- og mobilitetsløysingar. Dette kan bidra til at eldre kan bu lengre heime, og at innbyggjarane våre får tilgang på viktige funksjonar og tenester i kommunen.

Kommunen arbeidar allereie med å legga til rette for at fleire av innbyggjarane våre kan nytta kollektiv, gange og sykkel som transportmiddel. Dette skjer hovudsakleg gjennom oppfølginga av byvekstavtala og Miljøløftet. Ved å redusera biltrafikk og få fleire over på buss, sykkel eller gange kan vi betra folkehelsa, og samtidig få til ei meir klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling. Dette vil også vera viktige trafikkreduserande tiltak for å møta utfordringar som vi har i dag, og som truleg vil bli forsterka under bygging av sotrabrua. Ei styrking av transport- og mobilitetstilbodet i kommunen er også avgjerande for å møta utfordringar som kan oppstå under bygginga av ny bru.

Infrastruktur som legg til rette for auka bruk av kollektiv, gange og sykkel er kostnadskrevjande. For å sikra at flest mogleg får utbytte av tiltaka vil kommunen prioritera infrastruktur i område der det bur mest folk. Senterstrukturen i vedteken samfunnsdel vil spela ei viktig rolle i dette arbeidet. Samstundes skal vi ha eit tett samarbeid med skyss og andre aktørar for å utvikla eit fleksibelt transportsystem som kan vera med å binda saman heile den store kommunen.

## Bustadsosialt arbeid

For å oppnå hovudmålet om at Øygarden skal vera ein god stad å bu er tilgangen på trygge og tilgjengelege bustadar avgjerande. På same måte som med transport og mobilitet har dette vore eit tema som har fått stor merksemd i arbeidet med samfunnsdelen. I dei neste åra ønsker kommunen å ha eit særskilt fokus på dette området. Vi skal arbeida systematisk for å kartlegga behovet for ulike bustadar og bu-formar som sikrar at innbyggjarane våre får tilgang på trygge bustadar i kommunen, tilpassa ulike behov og fasar i livet. Det handlar til dømes om å legga til rette for meir variasjon i bustadtilbodet, i alle deler av kommunen.

Som kommune har vi også eit ansvar for å sikra sosial berekraft i bustadpolitikken. Ved hjelp av bustadsosiale verktøy skal legga til rette for at fleire kan eiga eigen bustad. Samtidig skal vi arbeida for ein leigemarknad som eit trygt og godt alternativ for dei som ikkje har høve til å eiga eigen bustad. Utviklinga av eit heilskapleg og tverrfagleg bustadsosialt tilbod har høg prioritet, der dei som treng får hjelp til å ivareta eit stabilt og trygt bu-forhold.

Arbeidet med bustadsosial plan for Øygarden kommune starta opp hausten 2023, og vert ein viktig prosess for å få på plass ei strategisk retning og tiltak i det bustadsosiale arbeidet til kommunen.

## Førebygging barn og unge

Folkehelse, førebygging og tidleg innsats er sentrale grep i samfunnsdelen. Som kommune skal vi arbeida systematisk med førebygging blant barn og unge, først og fremst gjennom gode og tilgjengelege tenester. Å skapa inkluderande fellesskap i barnehagar, skular og SFO er viktige verkemidlar i arbeidet med å oppnå god livskvalitet for barn og unge i kommunen.

Det er mange ulike aktørar som spelar ei rolle i det førebyggande arbeidet for barn og unge. Samhandling og koordinering er difor avgjerande for å lukkast i dette arbeidet. Gjennom barnevernsreforma vert det sett krav om plan for førebyggande arbeid for barn og unge i kommunane. Dette arbeidet starta opp i 2022 og vil vera ein viktig arena for å gjera strategiske val i det førebyggande arbeidet i kommunen. Føremålet er å hindra at vanskar veks seg store for barn og unge. Det vil både sikra best mogleg livskvalitet for innbyggjarane våre, men også vera av stor samfunnsøkonomisk gevinst.

## Offentleg tenesteyting

Alle dei tre tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden har over tid hatt høg befolkningsvekst. Sjølv om veksten ikkje er like sterk som tidlegare, er Øygarden framleis ein kommunane i vekst. I tillegg er det fleire store og viktige drivarar som pågår i kommunen vår, og som vil påverka veksten ytterlegare i tida

som kjem. Dette gjeld til dømes næringsutviklinga i Energiparken, flytting av godshamna til Ågotnes og ny sotrabru. Dersom kommunen skal lukkast med å framleis vera ein attraktiv kommune som trekk til seg innbyggjarar og næringsliv, er vi også avhengig av å vidareutvikla gode og framtidsretta kommunale tenester.

Vi står ovanfor ei demografisk endring der befolkninga om nokre år vil ha ein større del eldre, og ein mindre del unge enn vi har i dag. Samstundes er det også venta at denne utviklinga ikkje vil vera jamt fordelt i heile kommunen. I området rundt regionsenteret er det til dømes venta ei auke i talet på barn og unge, som gjer at vi kan få utfordringar med kapasiteten på tenester som barnehage, skule og idrettstilbod. Dei neste åra vil difor planlegginga av offentleg tenester som skule, barnehage, helse- og omsorgsinstitusjonar og kultur- og idrettstilbod ha høg prioritet.

Med ein auke i den eldre delen av befolkninga, færre unge i arbeid og eit mindre økonomisk handlingsrom må vi som kommune tenka nytt rundt utviklinga av framtidig tenestetilbod. Vi skal legga til rette for tenester som gir god kvalitet for innbyggjarane våre, samtidig som treng å effektivisera drift og redusera kostnadar. Innovasjon, digitalisering og auka samarbeid vil vera viktige stikkord i dette arbeidet.

Befolkningsprognosar og kommunale tenestetilbod heng også tett saman med korleis vi utviklar areala i kommunen vår. Kvar vi legg til rette for bustad og næringsutvikling, kvar vi tek vare på natur og bygger opp under friluftsområde og at vi sikrar nok areal til dei offentlege tenestene våre er strategisk avgjersler som er gjensidig avhengig av kvarandre. I samfunnsdelen har vi vedteke ein senterstruktur, som skal sikra at vi nyttar areala i tråd med målsettingane for samfunnsutviklinga. Dei neste åra skal kommunen utarbeida arealdelen til kommuneplanen, som skal bygga på vedteken samfunnsdel. Dette vert ein viktig prosess også i planlegginga av framtidig utvikling av både tenester og næringsliv.

## Næring

Samfunnsdelen til kommuneplanen har ambisiøse mål for næringsutviklinga i kommunen. Hovudmålet om å vera eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn handlar i stor grad om samarbeid og mobilisering for å legga til rette for eit omstillings- og konkurransedyktig næringsliv. Som vertskommune skal vi arbeida for å sikra gode rammevilkår for både nye og eksisterande næringsaktørar, og mobilisera til samarbeid og synergiar mellom ulike aktørar.

Eit omstillings- og konkurransedyktig næringsliv treng også god tilgang på kunnskap og kompetanse. Koplinga mellom kunnskap- og utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv vil ha prioritet også i åra framover. Gjennom innovasjon og kompetanse skal vi sikra ei framtidsretta utvikling av nye arbeidsplassar.

Grøn omstilling og tilrettelegging for grøne bransjeklynger er noko som samfunnsdelen set fokus på. Kommunen har fleire viktige næringsområde som byggjer opp under desse strategiane, til dømes energiparken med CCS anlegget og ambisjonar om nullutsleppshamn på Ågotnes. Kommunen skal ta ei aktiv rolle i dette arbeidet.

Næringsutviklinga i kommunen heng også tett saman med sosial berekraft. Som kommune skal vi samarbeida med næringslivet for å skapa gode lokalsamfunn med fleire gode arbeidsplassar, og sikra eit inkluderande arbeidsliv. Tilgangen på lønna arbeid og ein inkluderande og god arbeidsplass er eit viktig verkemiddel for å betra folkehelsa og skapa gode lokalsamfunn.

## Klima og miljø

Ei klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling er avgjerande dersom vi skal lukkast med å nå måla våre i samfunnsdelen. I dag vert det arbeidd godt med ulike innsatsar og tiltak for å gjera Øygarden til eit meir klima- og miljøvenleg samfunn. Det handlar både om grøn omstilling i næringslivet, trafikkreduserande tiltak og energieffektivisering. Framover ønsker kommunen å styrka det overordna og koordinerande klima- og miljøarbeidet i kommunen. Det inneber å arbeida for meir fokus, kunnskap og kompetanse på klima- og miljøarbeidet. Klima- og miljø er også eit tema som går på tvers av både fag, sektorar og aktørar. Auka fokus på samhandling og koordinering vil difor ha stort fokus i åra framover.

## Kompetanse og rekruttering

Øygarden er ein kommune med ambisiøse målsettingar for framtida. For å lukkast er det avgjerande at vi klarar å tiltrekka oss god og framtidsretta kompetanse. Med ein auke i den eldre delen av befolkninga vil det i framtida vera eit stort behov for kompetanse innan helse og omsorg. Som kommune opplever vi allereie i dag at det kan vera krevjande å få tak i nok personar innan dette fagfeltet. Arbeidet med rekruttering vil ha eit særleg fokus i åra framover. Vidare skal vi arbeida aktivt for å behalda medarbeidarar, og sikra god og attraktiv kompetanseutvikling.

Framtidsretta og god kompetanse er også avgjerande for å lukkast både i omstillinga til eit meir økonomisk berekraftig tenestetilbod. Vi må både sikra oss god kompetanse innanfor teknologi, innovasjon og samskaping. Dette er avgjerande for å møta store og komplekse samfunnsutfordringar på ein god måte.

## Kommunikasjon

I ei tid der omstilling og samskaping står sentralt er det særleg viktig for kommunen å ha fokus på rolla som samfunnsutviklar. Kommunen spelar ei viktig rolle i utviklinga av øygardssamfunnet. Gjennom å ta initiativ og mobilisera til samarbeid skal vi løysa viktige utfordringar saman med både innbyggjarar, lokalsamfunn og næringsliv.

For å lukkast i rolla som samfunnsutviklar vil kommunen i åra framover vera avhengig av å skapa tillit og godt omdømme. Då treng vi å arbeida systematisk med kommunikasjon. Saman med lokalsamfunnet skal vi arbeida fram gode metodar for dialog, innbyggjarinvolvering og samskaping.

## Leiarskap

Samfunnsdelen til kommuneplanen inneheld fleire viktige og ambisiøse mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Rolla som samfunnsutviklar fordrar ein kommune som evner å samarbeida og involvera innbyggjarar, næringslivet og andre aktørar. Vidare skal vi arbeida for kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar med konkurransedyktige vilkår. For å lukkast i rolla som både samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar treng vi eit robust og kompetent leiarskap.

Å vera leiar i ein framtidsretta kommune inneber å visa retning og leia tilsette gjennom endring, omstilling og utvikling. Eit trygt leiarskap legg til rette for myndiggjorte og ansvarlege medarbeidarar, involvering og samskaping med ulike aktørar og ein kultur for å prøva og feila. Slik sikrar vi eit attraktivt og helsefremjande arbeidsmiljø, og ein organisasjon som evnar å utvikla seg i takt med samfunnet rundt.

## Eigarskap

Øygarden kommune har eigarskap i fleire selskap som er organisert utanfor kommunen. Nokre selskap eig vi aleine, medan andre eig vi saman med andre kommunar eller aktørar. Samla sett forvaltar desse

selskapa viktige verdiar, interesser og samfunnsoppgåver på vegne av kommunen. God eigarstyring er difor viktig for å sikra at innbyggjarane våre får det tilbodet som kommunen ønsker, og at verdiane til fellesskapet vert forvalta på ein god og forsvarleg måte.

Eigarskapsmeldinga for Øygarden kommune er eit politisk styringsdokument, og vart vedteken av kommunestyret 06.10.2022. Gjennom eigarskapsmeldinga gir kommunen tydelege og naudsynte styringssignal til selskapa, og tydeleggjer ansvaret hos dei folkevalde. Eigarskapsmeldinga bidreg også med ei oversikt over kommunen sitt samla eigarskap, og bidreg slik sett med meir openheit.

Ei aktiv og profesjonell eigarstyring vil ha høg prioritet i inneverande økonomiplanperiode. Vi skal sørgja for jamleg og god dialog med selskapa som vi eig og sikra at vi nyttar eigarskapsposisjonane våre i tråd med vedtekne eigarstrategiar.

# Folketalsutvikling

## Demografisk utvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og alders-samansetninga. Ved inngangen til 2022 budde det 39 032 personar i Øygarden kommune. Per 30.06.2022 var folketalet auka til 39 277, noko som utgjer ein auke på 0,6 %. Folkeveksten så langt i 2022 er den høgste sidan kommunesamanslåinga i 2020. Folkeveksten i 2002 vert rekna til 1,2 %.

Nasjonale og globale trendar påverkar korleis demografien ser ut i Øygarden kommune, og korleis folketalet vil utvikla seg framover. Sentralisering og urbanisering er tydelege trendar nasjonalt, der folk i større grad busett seg i og nær større byar og tettstader enn tidlegare. Små kommunar opplever i større grad fråflytting, medan det er dei større kommunane som opplever vekst. Nasjonalt ser ein også både aukande globalisering (men avtakande vekst i innvandring), ei aldrande befolkning (særskild i distrikta), og avtakande fødselsratar. Ein kan også sjå at stadig fleire bur åleine, og at det er fleire par utan barn enn tidlegare. Slike trendar og utviklingstrekk må kommunen kjenna til, for å vera i forkant og ha moglegheit til å tilpassa seg utviklinga.

Veksten i folketalet vert påverka av fødselsoverskot (fødde minus døde), netto innanlandsk flytting (innflytting minus utflytting), samt netto innvandring (innvandring minus utvandring). Ei framskriving av folketalet er eit estimat på korleis ein trur framtida vil sjå ut, mellom anna basert på korleis befolkninga har endra seg dei siste åra.

Figuren under syner framskriving av folketalet i Øygarden kommune basert på SSB sitt mellomalternativ (MMMM). Etter denne vil folketalet i 2047 vera om lag 46 000.

Kommunen har lenge hatt ein ung befolkning, men dette er i ferd med å endra seg. Framskrivinga av folketalet tilseier at del eldre i absolutte og relative tal vil auka mykje framover, og at Øygarden i 2040 kan venta ei tredobling i talet på eldre over 80 år. Årsaka til dette ligg mellom anna i betre helse og levekår, som har ført til høgare levealder. Saman med lågare fødselsrate dei siste åra gir dette ei endring i alderssamansettinga. Det er venta at trenden med ei aldrande befolkning kjem til å fortsetta i framtida. Ein kan venta seg nullvekst eller nedgang i talet på barn og unge og ein auke i eldre.

Ein slik endring i befolkningssamansettinga fører til at det blir færre i arbeidsfør alder per eldre over 80 år. For kommunen vil dette bety eit aukande behov for helse- og omsorgstenester i åra framover,

samstundes som det per eldre over 80 år blir færre hender i arbeid og mindre skatteinntekter til å finansiera tenestene.

## Demografi

### Befolkningsprognose




| | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - åringer | 482 | 415 | 448 | 483 | 479 | 463 |
| Barnehage (1-5 år) | 2 412 | 2 244 | 2 273 | 2 441 | 2 537 | 2 490 |
| Grunnskole (6-15 år) | 5 422 | 5 225 | 4 904 | 4 796 | 4 995 | 5 245 |
| Videregående (16-19 år) | 2 080 | 2 164 | 2 092 | 1 919 | 1 827 | 1 909 |
| Voksne (20-66 år) | 23 225 | 23 917 | 24 697 | 24 878 | 24 791 | 24 712 |
| Eldre (67-79 år) | 4 150 | 4 659 | 5 062 | 5 808 | 6 418 | 6 667 |
| Eldre (80-89 år) | 1 030 | 1 549 | 2 114 | 2 457 | 2 776 | 3 222 |
| Eldre (90 år og eldre) | 231 | 241 | 347 | 563 | 778 | 942 |
| Total | 39 032 | 40 414 | 41 937 | 43 345 | 44 601 | 45 650 |

*Prognose type : Middels nasjonal vekst*
*Prognose periode : 25*

## Prognose vekst




| | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 - åringer | 100,0 % | 86,1 % | 92,9 % | 100,2 % | 99,4 % | 96,1 % |
| Barnehage (1-5 år) | 100,0 % | 93,0 % | 94,2 % | 101,2 % | 105,2 % | 103,2 % |
| Grunnskole (6-15 år) | 100,0 % | 96,4 % | 90,4 % | 88,5 % | 92,1 % | 96,7 % |
| Videregående (16-19 år) | 100,0 % | 104,0 % | 100,6 % | 92,3 % | 87,8 % | 91,8 % |
| Voksne (20-66 år) | 100,0 % | 103,0 % | 106,3 % | 107,1 % | 106,7 % | 106,4 % |
| Eldre (67-79 år) | 100,0 % | 112,3 % | 122,0 % | 140,0 % | 154,7 % | 160,7 % |
| Eldre (80-89 år) | 100,0 % | 150,4 % | 205,2 % | 238,5 % | 269,5 % | 312,8 % |
| Eldre (90 år og eldre) | 100,0 % | 104,3 % | 150,2 % | 243,7 % | 336,8 % | 407,8 % |
| Total | 100,0 % | 103,5 % | 107,4 % | 111,0 % | 114,3 % | 117,0 % |

*Prognose type : Middels nasjonal vekst*
*Prognose periode : 25*

# Framlegg til statsbudsjett

Regjeringa sine hovudprioriteringar i framlegget til statsbudsjett for 2023 er:

- Eit budsjett som omfordelar rettferdig og gir tryggleik for folk sin kvardagsøkonomi
- Eit budsjett som prioritetar tryggleik for våre felles velferdstenester
- Eit budsjett som kuttar utslepp og legg til rette for grøne arbeidsplassar
- Eit budsjett som prioriterer vår alles tryggleik og viser solidaritet i ei uroleg tid

Satsingsområda i budsjettframlegget for Kommunal- og distriktsdepartementet i 2023 er:

- **Ein heilskapleg politikk for heile Noreg**. Noreg er eit vidstrakt land med store geografiske forskjellar i samfunns- og næringsliv. Vi har eit velutvikla nasjonalt, regionalt og lokalt folkestyre og eit samfunn med høg tillit og relativt små forskjellar. Demokratiseringa av landet med Grunnlova frå 1814 og formannskapslovene frå 1837, parlamentarismen i 1884, utvidinga av stemmeretten og nasjonalt sjølvstende i 1905, er òg historia om korleis dette samfunnet blei skapt. Det er ein berande idé i samfunnet vårt at innbyggjarane, folket, skal kunna påverka utviklinga i samfunnet; nasjonalt, regionalt og lokalt. Det lokale folkestyret, både i kommunar og fylkeskommunar, gir innbyggjarane innverknad på utviklinga av sine lokalsamfunn og si framtid. Tenester nær folk i heile landet er eit grunnleggjande mål for denne regjeringa. Kommunane har ansvar for mange av dei viktigaste velferdsoppgåvene, og bidrar til å sikra gode levekår og tilgang til grunnleggjande tenester både i bygd og by i heile Noreg.

- **Berekraftig utvikling**. Berekraftsmåla blei vedtatt av FN-landa i 2015. Kommunal- og distriktsdepartementet har frå 2020 ansvar for den nasjonale koordineringa av arbeidet med berekraftsmåla. Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg berekraftsmåla, lokalt folkestyre og desentralisering til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Oppdatert kunnskap, opne planprosessar og tilrettelegging for å kunna delta i planprosessane, aukar kvaliteten på planane. Dette inneber at planarbeidet sikrar demokratisk forankring og nødvendig samordning og samarbeid med andre styresmakter og aktørar.

- **Omstilling og fornying i offentleg sektor**. Regjeringa ønsker ein sterk og effektiv offentleg sektor som gir innbyggjarar gode tenester, valfridom og medverknad. Regjeringa sine mål for desentralisering og fornying av offentleg sektor er å oppnå meir velferd og mindre administrasjon, meir lokal fridom og mindre detaljstyring. Alle skal ha tilgang til tilpassa velferdstenester av god kvalitet gjennom det offentlege. Arbeidet med regjeringa si tillitsreform er ein integrert del av regjeringa sitt arbeid med å fornya og utvikla offentleg sektor. Dei to andre områda i fornyingsarbeidet er innovasjon og digitalisering. Målet med tillitsreforma er å gi brukarane og innbyggjarane betre velferd og betre tenester til rett tid. For å få til dette må ein gje dei tilsette meir rom og meir tid til å utføra arbeidsoppgåvene, og ein må styrka samarbeidet mellom partane. Eit viktig tiltak i tillitsreforma er å auka graden av innovasjon, og mellom anna setta i verk forsøk og pilotar. Regjeringa ønsker å bygga og vidareutvikla ein kultur for innovasjon i offentleg sektor. Leiarar må utvikla kultur og kompetanse for innovasjon, og gi medarbeidarar fridom til å finna fram til nye løyingar.

- **Digitalisering og ny teknologi - desentralisering i praksis**. Ny teknologi gir store moglegheiter for desentralisering og styrking av busetnad og næringsutvikling i heile landet. For å lukkast med vidare digitalisering som legg til rette for verdiskaping og gode tenester i heile landet, er det viktig med ein god digital grunnmur i botn. Noreg har gode og sikre elektroniske kommunikasjonsnett i internasjonal målestokk, men tilbodet er betre i byar og tettstader enn i distrikta. Regjeringa ønsker difor ei kraftig utbygging av breiband- og mobildekning i heile landet. Denne infrastrukturen og dei digitale tenestene legg til rette for nye løysingar som kan bidra til å løysa nokre av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor, som behovet for auka produktivitet, ny velferdsteknologi i møte med ein aldrande befolkning og ny teknologi som kan bidra til å redusera klimaavtrykket i ei rekke næringar.

- **Vidareutvikling av bustadpolitikken.** Regjeringa ønskjer ein aktiv bustadpolitikk, og har fire hovudsatsingar: fleire skal få moglegheit til å eiga eigen bustad, utvikla gode bustadmiljø, legga til rette for å bygga fleire bustader og ha ein klimavennleg byggjenæring. Regjeringa vil legga fram ei melding til Stortinget om ein heilskapleg bustadpolitikk. Meldinga vil både ta for seg

både leige- og eigarmarknaden.

- **Ein aktiv distriktspolitikk.** Regjeringa vil legga til rette for at folk skal kunna bu, arbeida og leve gode liv i heile landet og at alle innbyggjarar, uansett bustad, har eit velfungerande tenestetilbod. Det viktigaste er trygt arbeid til alle, god beredskap og velferdstenester nær folk. Regjeringa vil sikra eit godt og desentralisert tenestilbod. Ein omfordelande skatte- og avgiftspolitikk, gode offentlege tenester, infrastruktur og satsing på teknologi, omstillingsevne og kunnskap er nødvendig for å sikra busetting og verksemder i heile Noreg. Regjeringa vil våren 2023 legga fram ei melding til Stortinget om distriktspolitikk, og mellom anna vurdera tilrådingar gitt av distriktsdemografiutvalet og distriktsnæringsutvalet.

Regjeringa legg opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2022 til 2023 med om lag kr 1,7 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år frå utbytteskatt er ikkje med i grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023. Kompensasjon for andre mellombelse tiltak som koronatiltak er også korrigert ut av grunnlaget for pårekna inntektsvekst. Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2022 til 2023 vil kome som eit tillegg i inntektene. Nominell vekst for Øygarden kommune er rekna til 4,0 %.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret vert oppjustert frå 10,95% i 2022 til 11,15 % i 2023. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2023.

## Tilskot per grunnskule

For 2022 er det gitt eit tilskot på kr 500 000 per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling basert på talet for grunnskular i kommunane i skuleåret 2021/2022 og er finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane. Tilskotet er vidareført i framlegget for 2023, med i underkant av kr 1,3 mrd. samla for kommunane i landet. Tilskotssats blir prisjustert for 2023 til kr 519 000 per grunnskule. For Øygarden kommune er kr 10,9 mill av innbyggjartilskotet knytt mot talet på grunnskular.

## Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2022 til 2023, med priskompensasjon på 3,7 %. For 2023 er utgjer rammetilskotet til dette føremålet kr 987,4 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000 per kommune. For Øygarden kommune utgjer auken frå 2022 til 2023 kr 278 000.

## Ressurskrevjande tenester

Kommunane mottar tilskot for personar under 67 år som mottar omfattande tenester innan helse, sosial og pleie- og omsorg frå kommunen. Dette kan mellom anna gjelda psykisk utviklingshemma, fysisk utviklingshemma, rusmisbrukarar, personar med psykiske lidingar og personar med omfattande pleiebehov.

Føremålet med toppfinansieringa er å sikra at tenestemottakarar som krev stor ressursinnsats frå det kommunale tenesteapparatet, får eit best mogleg tilbod uavhengig av kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er lagt opp til følgjande for 2023:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,470 mill. til kr 1,526 mill. for netto utgifter i 2022. Auken i innslagsnivå er lik pårekna lønsvekst i prosent i 2022 (3,8 %).
- Kompensasjonen som vert utbetalt frå staten til kommunane i 2023 skal inntektsførast i kommunane sine rekneskap i 2022. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

For 2023 har vi budsjettert med ei inntekt vedkomande ressurskrevjande tenester på kr 48,4 mill.

## Integreringstilskot

Integreringstilskotet for å ta imot flyktningar i 2023 er ikkje auka i forhold til satsane i 2022 og er følgjande:

| Busetjingsår | Satsar 2020 | Satsar 2021 | Satsar 2022 | Satsar 2023 |
|---|---|---|---|---|
| år 1 (einslege vaksne) | 241 000 | 241 000 | 234 900 | 234 900 |
| År 1 (andre vaksne) | 194 300 | 194 300 | 189 400 | 189 400 |
| År 1 (einslege mindreårige) | 187 000 | 187 000 | 182 300 | 182 300 |
| År 1 (barn) | 194 300 | 194 300 | 189 400 | 189 400 |
| År 2 | 246 000 | 249 000 | 243 100 | 243 100 |
| År 3 | 174 000 | 177 300 | 172 900 | 172 900 |
| År 4 | 86 000 | 88 000 | 85 700 | 85 700 |
| År 5 | 72 000 | 72 000 | 70 200 | 70 200 |
| Sum (einslege vaksne) | 819 000 | 827 300 | 806 800 | 806 800 |
| Sum (andre vaksne) | 772 300 | 780 600 | 761 300 | 761 300 |
| Sum (einslege mindreårige) | 765 000 | 773 300 | 754 200 | 754 200 |
| Sum (barn) | 772 300 | 780 600 | 761 300 | 761 300 |

Øygarden kommune har budsjettert med kr 79 mill i integreringstilskot i 2023. Dette er berekna med føresetnad om at vi tar imot 100 nye flyktningar i 2023.

## Auka grunnrenteskatt på vasskraft

Regjeringa gjer framlegg om å auka den effektive grunnrenteskatten på vasskraft frå 37 % til 45 % med verknad frå inntektsåret 2022. Framlegget har betydning for kva Øygarden kommune kan rekna med å motta i utbytte frå Eviny i 2023.

## Innføring av grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft

Regjeringa gjer framlegg om å innføra grunnrenteskatt for landbaserte vindkraftverk og på havbruk (laks, aure, regnbogeaure) frå 2023, med ein skattesats på 40 %. Regjeringa legg opp til at halvparten av inntektene frå grunnrente skal gå til kommunesektoren. Skatten vil bli kravd inn av staten f.o.m. 2023, men vil bli fordelt ut til kommunesektoren først f.o.m. 2024. Framlegget har ikkje direkte konsekvensar for ordninga med inntekter frå Havbruksfond. Framlegget til auka skattlegging vil likevel kunna bidra til

at verdien på konsesjonane blir lågare dersom interessa for å by på desse blir mindre. Dette kan få konsekvensar for utbetalingar frå havbruksfondet.

### Barnehage
Regjeringa gjer framlegg om at maksimalprisen for ein barnehageplass vert redusert frå 3 050 til kr 3 000 per månad frå 1. januar 2023. For familiar som har tre (eller fleire) barn i barnehage samtidig, gjer regjeringa framlegg om å innføra gratis barnehage for det tredje barnet. Dette skjer frå 1. august 2023

### Løns- og prisvekst
Berekna løns- og prisvekst (deflator) i statsbudsjettet for 2023 er 3,7 %. Av dette utgjer pårekna lønsvekst 4,2 %, prisvekst produktinnsats 3,0 % og prisvekst investeringar 3,2 %.

### Pensjon
For pensjonskostnader samanlikna med pårekna lønsvekst i 2023, er det rekna med ein nedgang på totalt om lag kr 100 mill. Det er stor uvisse knytt til overslaget.

# Hovudtala i budsjettframlegget

## Samla oversikt over tiltak

**Samla oversikt over nye tiltak i budsjett 2023/ økonomiplan 2023-2026:**

Sjølv i eit krevjande budsjett har kommunedirektøren funne rom for å legga inn prioriterte nye tiltak.

| Kommunalsjefområde | Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Politisk | Auka møtegodtgjersle | 2 752 | 2 752 | 2 752 | 2 752 |
| Kommunedirektør | Kyrkjeleg fellesråd | 2 517 | 2 295 | 2 295 | 2 295 |
| Finans og økonomi | Datalisenser | 5 824 | 2 924 | 2 924 | 5 824 |
| HR og organisasjon | Tilskot private barnehagar | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| | Konsulenttenester nærværsarbeid | 300 | 300 | 300 | 300 |
| | Leiarutvikling | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Helse og velferd | Arbeidskøyring for personar med varig tilrettelagt arbeidsplass | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | Auke i tildelte timar til brukarstyrt personleg assistanse | 4 201 | 4 201 | 4 201 | 4 201 |
| | Auka bemanning ved Sundheimen (5,6 årsverk) | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| | KS-sak 155/20 Opptrapping driftsavtale fysioterapi | 500 | 500 | 500 | 500 |
| | UFO - Fritidsordning for ungdom med særskilt behov for tilsyn/ avlastning etter skuletid | 2 150 | 2 150 | 2 150 | 2 150 |
| Oppvekst | | | | | |
| | BPA, andel kostnadar skule | 470 | 470 | 470 | 470 |
| | Tiltak for å redusera bekymringsfullt skulefråvær | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| | Endra makspris barnehage | 2 755 | 2 755 | 2 755 | 2 755 |
| Kultur og samfunn | Shetland race, medseglarar - venskapsavtale | 40 | 40 | 40 | 40 |
| | Nordsjøfartsmuseet, 25 års jubileum | 150 | 150 | 150 | 150 |
| | Straumutgifter | 5 080 | 5 080 | 5 080 | 5 080 |
| | Ny husleigeinntekt Skjenet 2 og Jøneset | -1 855 | -1 855 | -1 855 | -1 855 |
| **Sum** | | **50 034** | **46 912** | **46 912** | **49 812** |

Nye tiltak vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

**Samla oversikt over innsparingstiltak i budsjett 2023/ økonomiplan 2023-2026:**

| Kommunalsjefområde | Tiltak | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektør | Reorganisering av kommunale føretak til kommunal drift | -3 900 | -3 900 | -3 900 | -3 900 |
| Finans og økonomi | Effektivisering Finans og økonomi | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| | Reduksjon eitt årsverk (rekneskapsføring kyrkja) | -811 | -811 | -811 | -811 |
| HR og organisasjon | Personvernombod | -350 | -350 | -350 | -350 |
| | Effektivisering HR og organisasjon | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Helse og velferd | Reduksjon av kjøpte tenester for ressurskrevjande brukarar | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| | Effektivisering LMS | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| | Sommarjobb for ungdom | -400 | -400 | -400 | -400 |
| | Samordning dagplassar | -600 | -600 | -600 | -600 |
| | Omorganisering av tenesteområde/ soner | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| | Effektivisering Helse og velferd | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Oppvekst | Sommarstengte barnehagar | -500 | -500 | -500 | -500 |
| | Effektivisering av barnehagesektoren . Samle Tussetjødna og Leirstaden barnehage | -230 | -550 | -550 | -550 |
| | Reduksjon bemanning i barnehage i samsvar med barnetalet | -1 900 | -4 550 | -4 550 | -4 550 |
| | Reduksjon i talet på årsverk assistentar/ fagarbeidarar i skulen | -2 600 | -6 250 | -6 250 | -6 250 |
| | SFO, auke i betalingssats med 10 % | -1 054 | -1 054 | -1 054 | -1 054 |
| | Reduksjon i spesialpedagogisk hjelp i barnehagane | -1 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| | Tur for 10. klassane - regionale tilbod for 2023 | -900 | -1 800 | -1 800 | -1 800 |
| | Effektivisering Oppvekst | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| Kultur og samfunn | Reduksjon kulturaktiviteter for menneske med nedsatt funksjonsevne - dagtilbod Kultur | -250 | -500 | -500 | -500 |
| | Stenging av terapibasseng på Rong | -420 | -420 | -420 | -420 |
| | Samanslåing av Leirstaden og Tussetjødna barnehagar | -145 | -330 | -330 | -330 |
| | Vedlikehald | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| | Effektivisering av driftsoppgåver | -3 308 | -3 308 | -3 308 | -3 308 |
| | ENØK tiltak og riving av bygg | -3 697 | -8 209 | -8 209 | -8 209 |
| | Effektivisering reinhald | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| Finans | Effekt av bruk av premiefond med kr 203 mill i 2022 | -33 100 | -33 100 | -33 100 | -33 100 |
| Alle | Effektivisering/omstilling 2024-2026 | | -25 000 | -50 000 | -69 000 |
| **Sum** | | **-69 665** | **-108 132** | **-133 132** | **-152 132** |

Innsparingstiltaka vert nærare kommentert under det enkelte kommunalsjefområde.

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Inntekts- og formuesskatt | -1 234 238 | -1 223 600 | -1 265 850 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 | -1 298 000 |
| Rammetilskot | -1 164 467 | -1 116 032 | -1 105 034 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 | -1 220 000 |
| Eiendomsskatt | -159 080 | -158 000 | -158 000 | -158 000 | -156 500 | -155 000 | -155 000 |
| Andre generelle driftsinntekter | -54 592 | -45 920 | -48 861 | -96 700 | -45 920 | -45 920 | -45 920 |
| **Sum frie inntekter** | **-2 612 378** | **-2 543 552** | **-2 577 745** | **-2 772 700** | **-2 720 420** | **-2 718 920** | **-2 718 920** |

## Frie inntekter (skatt og rammetilskot)

Frie inntekter er midlar kommunane fritt kan disponera utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar.




KS sin prognosemodell er brukt ved berekning av dei frie inntektene (skatt og rammetilskot). Framlegget til statsbudsjett for 2023 legg opp til ein korrigert skatteauke frå 2022 til 2023 med 0,5 %. Pårekna skatteinntekter i 2023 byggjer blant anna på pårekna lønsvekst (4,2 %) og oppjustering av det kommunale skatteøyret. I denne prosentveksten for skattevekst frå 2022 til 2023 er ekstraordinær utbytteskatt i år korrigert ut av grunnlaget for 2022.

Skattøyre er kor stor del av skatt på alminneleg inntekt for personlege skattytarar som skal gå til kommunane. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skattøyre vert justert frå 10,95 % i 2022 til 11,15 % i 2023. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 % også for 2023.

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skildnader i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet vert kompenserte for 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet vert i tillegg kompenserte for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet.




Øygarden kommune har eit skattenivå som er lågare enn landsgjennomsnittet. Det er rekna med at skattenivået vil liggja på omlag 89,6 % av landsgjennomsnittet i 2023.

| År | Skattenivå i % av landsgj.sn | Skattevekst Øygarden | Skattevekst landet |
|---|---|---|---|
| R-2019 | | 4,5 % | 4,7 % |
| R-2020 | 89,0 % | -1,4 % | -0,7 % |
| R-2021 | 87,8 % | 15,0 % | 16,1 % |
| B-2022 | 88,6 % | 9,1 % | 7,8 % |
| B-2023 | 89,6 % | -3,6 % | -5,0 % |

Vi har lagt til grunn ein lokal skatteinngang både i 2022 og 2023 som er noko betre enn landsgjennomsnittet og ei folketalsvekst på 1,2 %.

Dei einskilde elementa i rammetilskotet for 2023 er vist i tabellen under:

| **Rammetilskot (mill kr)** | **B-2023** |
|---|---|
| Innbyggjartilskot | 1 102 749 |
| Utgiftsutjamning | -32 431 |
| INGAR | -1 612 |
| Saker med særskilt fordeling | 33 951 |
| Inndelingstilskot | 32 122 |
| Regionsentertilskot (kommunereform) | 6 317 |
| Ordinært skjønn | 3 500 |
| **Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning** | **1 144 596** |
| Netto inntektsutjamning | 75 465 |
| **Sum rammetilskot** | **1 220 061** |

## Eigedomsskatt

Frå 2019 er ikkje lenger verk og bruk eigen kategori for eigedomsskatt, og for næringseigedommar vert det i eigedomsskattelova presisert at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal skattleggjast. Endringane skal ikkje gjelda for vasskraftanlegg og vindkraftanlegg, men nettanlegg vil i hovudsak bli friteke frå eigedomsskatt. Det same gjeld teleanlegg og anna infrastruktur.

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

I statsbudsjettet for 2019 vedtok Stortinget at kommunane skal få tilnærma full kompensasjon for bortfall av inntekter frå eigedomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. Tidlegare var kompensasjonen avgrensa til kr 500 mill. Den er no endra til kr 300 mill, og skal fasast inn over sju år.

For Øygarden kommune er verknaden av endringa totalt om lag kr 11 mill per år i redusert eigedomsskatt etter overgangsperioden på sju år. Kompensasjonen for 2023 er kr 6 mill og vert gitt over rammetilskotet. Innstramminga til regjeringa betyr eit tap på totalt kr 2,8 mill for Øygarden kommune etter innfasinga.

Det vert gjennomført ei ny alminneleg taksering som gjeld frå og med 2023, jfr KS-sak 032/22. Dette for å harmonisera takstgrunnlaga etter kommunesamanslåinga. For 2023 vert eigedomsskatt i Øygarden kommune skreve ut etter eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Kommunedirektøren meiner framleis at ein først må ta ut potensiale i høve kostnadar før ein ser på auka inntekter gjennom eigedomsskatt på bustader, fritidsbustader eller næring. Dette heng også saman med forventninga om at kommunesamanslåinga skal gje meir effektiv drift både politisk, administrativt og i tenestene. Etter at arbeidet med ein langsiktig drifts- og investeringsanalyse er gjennomført, vil kommunedirektøren gjera ei ny vurdering. I intensjonsavtalen står det at det ikkje skal vera eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, men at konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast. Vi anslår at eigedomsskatt på næring kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 20-30 mill, mens eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader kan gje ei årleg inntekt på om lag kr 55-65 mill. Dette er basert på eit grovt estimat. Det har vore kontakt med fagfolk på feltet som meiner det er vanskeleg å gje eit estimat på eigedomsskatt på næring ut frå registrerte næringseigedommar i kommunen. I samband med ei eventuell taksering kan vi gje ein meir nøyaktig kalkyle på kor stort inntektspotensialet er. Det vil ta omlag 2 år å gjennomføra taksering. Dette betyr at eigedomsskatt på næring og eventuelt bustader og fritidsbustader kan tidlegast innførast frå 2025 dersom det vert vedteke i budsjettet for 2023.

## Havbruksfond

Stortinget vedtok i 2015 å oppretta eit havbruksfond. Fiskeridirektoratet har ansvar for utbetalingane. Ved fordeling av midlane skal Fiskeridirektoratet leggja til grunn klarert lokalitetsbiomasse, slik det går fram av Akvakulturregisteret 1. september kl 12.00. Først i oktober får kommunane og fylkeskommunane utbetalt pengane.

Alle kommunar og fylkeskommunar, som det framkjem av Akvakulturregisteret har klarerte lokalitetar for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn, får ein respektiv del av inntektene som vert fordelt årleg. Jo høgare del av lokalitetskapasiteten den einskilde kommune/ fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større del av midlane som vert fordelt får kommunen.

Av midlane frå kapasitetsjusteringa i 2020 som skal utbetalast i 2021, skal kr 125 000 000 betalast til fylkeskommunane og kr 875 000 000 til kommunane. Av kommunane sine midlar, skal kr 406 250 000

fordelast basert på ny lokalitetsbiomasse to kalenderår tilbake i tid per 1. september 2021. Dei resterande kr 468 750 000 vert fordelt basert på all klarert lokalitetsbiomasse per september 2021. Frå 2022 kjem i tillegg 40 % av sals- og auksjonsinntekter.

Det er vanskelig å budsjettera med desse inntektene. Øygarden kommune kan ikkje rekna med inntekter basert på ny lokalitetsbiomasse.

| | R-2020 | R-2021 | B-2022 | B-2023 | B-2024 | B-2025 | B-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Havbruksfond | 32 416 | 10 335 | 14 500 | 14 500 | 14 500 | 14 500 | 14 500 |

Havbruksfondet er budsjettert med kr 14,5 mill i 2023 og resten av økonomiplanen. Det er stor usikkerheit rundt desse inntektene.

## Driftsutgifter per tenesteområde (1B)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Politisk | 17 282 | 16 390 | 16 252 | 20 140 | 18 640 | 20 140 | 18 640 |
| Kommunedirektør | 83 236 | 78 977 | 80 666 | 75 511 | 75 289 | 74 289 | 74 289 |
| Finans og økonomi | 107 754 | 111 889 | 114 031 | 96 419 | 92 065 | 90 015 | 92 415 |
| HR og organisasjon | 275 201 | 292 477 | 293 859 | 331 200 | 329 500 | 327 800 | 326 500 |
| Helse og velferd | 832 908 | 767 837 | 788 514 | 895 592 | 867 893 | 865 841 | 863 441 |
| Oppvekst | 943 979 | 909 234 | 953 556 | 979 356 | 956 536 | 942 236 | 931 236 |
| Kultur og samfunn | 319 124 | 267 215 | 272 734 | 293 042 | 285 057 | 279 159 | 275 959 |
| Finans | -59 920 | -38 367 | -71 367 | -98 276 | -98 276 | -98 276 | -98 276 |
| Utgåtte ansvar | 6 828 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Driftsutgifter per tenesteområde** | **2 526 392** | **2 405 652** | **2 448 245** | **2 592 986** | **2 526 706** | **2 501 206** | **2 484 206** |

## Lønsutgifter

I statsbudsjettet er det lagt opp til ein årslønsvekst på 4,2 %. I budsjettet for 2023 er det lagt inn ein avsetting på kr 41 mill til dekking av lønsoppgjeret i 2023.

| | R-2021 | B-2022 | B-2023 | Endr 22-23 |
|---|---|---|---|---|
| Lønsutgifter | 1 657 418 | 1 593 904 | 1 678 532 | 5 % |
| Sosiale utgifter | 402 323 | 371 730 | 366 123 | -2 % |
| **Sum** | **2 059 740** | **1 965 634** | **2 044 655** | **4 %** |

Frå opprinneleg budsjett 2022 til budsjett 2023 har lønsutgiftene inkl. sosiale utgifter auka med 4 %. Løn utgjer 64 % av driftsutgiftene i budsjett 2023.

## Pensjon

Pensjon er budsjettert i samsvar med gjeldande reglar og med 7 års amortisering av premieavvik. Kommunane skal etter gjeldande regelverk rekneskapsføra netto pensjonskostnad. Dette er eit anna beløp enn det som vert innbetalt i premie. Avviket mellom premien og den rekneskapsførte kostnaden vert kalla premieavvik. For 2023 vil pensjonskostnadane utgjere om lag kr 124 mill for Øygarden kommune.

Vi har brukt kr 203 mill av premiefondet til å betala pensjonspremie i 2022. Effekten er ein kostnadsreduksjon i pensjonskostnadene med kr 33,1 mil kvart år i økonomiplanperioden.

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter | -14 905 | -15 100 | -15 100 | -53 686 | -53 686 | -53 686 | -53 686 |
| Utbytte og eieruttak | -27 418 | -23 000 | -31 400 | -29 600 | -29 600 | -29 600 | -29 600 |
| Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | -6 823 | -5 000 | -5 000 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 34 489 | 79 000 | 79 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 | 152 000 |
| Avdrag på lån | 100 642 | 102 000 | 102 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 |
| **Netto finansinntekter/finansutgifter** | **85 985** | **137 900** | **129 500** | **179 714** | **179 714** | **179 714** | **179 714** |
| Finansutgifter i tenesteområda | 32 056 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale finansutgifter** | **118 042** | **137 900** | **129 500** | **179 714** | **179 714** | **179 714** | **179 714** |
| Motpost avskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Renteinntekter

Rentenivået har dei siste åra vore sers lågt, men i 2022 har det vore hyppig auke i styringsrenta, og på rentemøtet 22. september auka Noregs Bank styringsrenta med 0,50 prosentpoeng til 2,25 %. Mest sannsynleg vil renta bli satt vidare opp i november. Føremålet med rentehevinga er å dempe presset i norsk økonomi og halda inflasjonsmålet på 2 %. Det er venta at rentenivået skal vidare opp det neste året og vil ligge på omlag 3,0 % rundt mars 2023. Vi gjer merksam på at rentemarknaden svinger mykje og at føresetnaden her kan endra seg fort.

Framover er prognosen at styringsrenta skal svakt ned i økonomiplanperioden til eit nivå som er 0,5 prosentpoeng lågare i 2026 enn toppnoteringa i 2023.

## Utbytte

<u>Eviny</u>

Selskapet har i brev av 24. juni informert eigarane om at utbyttet i 2023 vil liggja på same nivå som utbyttet i 2022. Etter dette brevet vart sendt har det på den eine sida vore høge straumprisar som vert forventa også å vera høge resten av året. På den andre sida er det i statsbudsjettet for 2023 gjort framlegg om ekstra skatt på kraftsal over 70 øre/kWh, auka grunnrenteskatt på vasskraft og innføring av grunnrenteskatt på vindkraft. Eviny si førebelse vurdering er at Eviny må betala kr 2,5 mrd i ekstra skatt for 2022, basert på dagens kraftprisar. Utbyttegrunnlaget for eigarane vert dermed vesentleg svekka.

Det er etter dette budsjettert med utbytte i 2023 på kr 28,6 mill som er på nivå med Bergen kommune sine vurderingar. Øygarden kommune har ein eigarandel på 3,43 % i BKK.

BIR

Frå BIR har vi budsjettert med eit utbytte på kr 1 mill i 2023 som tilsvarar motteke utbytte frå selskapet i 2022. Berekninga er mellom anna basert på dei høge straumprisane i 2022, jf Eviny Termo AS der BIR AS eiger 49 % av aksjane, men også auka skatt på kraftsal og auka grunnrenteskatt på vasskraft på same måte som vurderingane som er gjort for Eviny.

## Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar

Det er ikkje budsjettert med gevinst eller tap på finansielle omløpsmidlar i 2023.

## Avdrag på lån

I Kommunelova er det fastsett korleis kommunen skal berekne minimumsavdrag av låna til kommunale investeringar. Minimumsavdraget skal minst vera lik avskrivingane justert for storleiken på lånegjelda og verdien på avskrivbare anleggsmidlar. Det er i budsjett 2023 budsjettert med kr 111 mill i avdrag.

## Avskrivingar

Avskrivingane i budsjettet er berekna til kr 145 mill. Kommunar rekneskapsfører avskrivingar, men desse påverkar ikkje netto driftsresultat då det i rekneskapen vert ført ein tilsvarande motpost.

## Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

*Beløp i 1000*

| | | | | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2021 | Opph. bud. i fjor 2022 | Rev. bud. i fjor 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Til ubundne avsetninger | 0 | 0 | 0 | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| **Netto avsettingar** | **0** | **0** | **0** | **0** | **14 000** | **38 000** | **55 000** |
| Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda | -10 026 | -187 | 2 591 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totale avsettingar** | **-10 026** | **-187** | **2 591** | **0** | **14 000** | **38 000** | **55 000** |

## Disposisjonsfond

Det er ikkje budsjettert med avsetnad til disposisjonsfond i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023. I resten av økonomiplanen er det lagt opp til ei avsetting på kr 14 mill i 2024, kr 38 mill i 2025 og kr 55 mill i 2026.

Målet er at disposisjonsfondet skal vera på omlag kr 150 mill, som utgjer 5 % av brutto driftsinntekter. På sikt bør fondet vera på omlag kr 300 mill for å ivareta ein økonomisk berekraftig utvikling.

### Gebyr

Gebyr er generelt justert i forhold til lønsvekst med 4 %. Unntak frå dette er:

- SFO-sats er auka med 10 %.
- Matpengar i barnehage og SFO er auka med 10 %. Budsjettet for mat er også auka med 10 %.

Grunngjevinga for å auke SFO-satsen med 10 % er at Øygarden i dag har ein lågare foreldrebetaling enn omkringliggjande kommunar (Askøy, Bjørnafjorden, Bergen og Alver) og kommunar i kostragruppe 10. Ein gjennomgang gjort i 2021 viste at gjennomsnittsprisen for heil plass i kostragruppe 10 låg på kr 3013 per månad, mens heil plass i Øygarden kosta kr 2 720.

Matpengar og budsjett for mat i barnehagane må aukast med 10 % på grunn av prisauke på mat i 2022. Matservering i barnehagane skal leverast til sjølvkost. Også mat som vert selt innan Helse og velferd vert auka med 10 %.

Oversikt over alle gebyr og brukarbetalingar i budsjett 2023 ligg som vedlegg til budsjettet.

**ØyVAR:**

- Vatn 20,7 %
- Avløp 29 %
- Tømming av private tanker/ slamavskiljar 10 %
- Husholdningsrenovasjon 6,5 %
- Kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg 0 %

# Økonomisk utvikling i planperioden

## Ei berekraftig økonomisk utvikling

### Økonomiske handlingsreglar

Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla bør vera nådd seinast innan 31.12.2023.

Dei økonomiske måltala er kommentert i alle budsjett og årsmeldingar sidan 2020 samt i mange politiske saker. Status per 2021 er følgjande:

| | Mål | Resultat 2019 | Resultat 2020 | Resultat 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat | 1,75 % | -4,7 % | -0,5 % | -0,3 % |
| Disposisjonsfond | 5 % | 3,6 % | 2,7 % | 2,3 % |
| Lånegjeld | 100 % | 100,7 % | 104,1 % | 86,7 % |

## Effektivisering og omstilling

For å ha moglegheit til å vidareutvikla Øygarden kommune må vi sikra eit godt økonomisk handlingsrom og ei berekraftig utvikling, god økonomistyring og ein effektiv tenesteproduksjon. Dette igjen betyr at vi må innretta driftsnivået til rammene som vi rår over. Vi må jobba smartare, og vi må utføra tenestene med færre tilsette. Økonomiplanen er saldert i balanse i 2023, mens det er lagt opp til ein plan for effektivisering i resten av økonomiplanperioden. Denne planen må det arbeidast vidare med i 2023 med grunnlag i kostra-analyser, benchmarking og anna.

## Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Øygarden | 0,0 % | 0,0 % | -0,5 % | -0,3 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,4 % | 1,2 % | 1,8 % |
| Handlingsregel | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % |

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt ifrå, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsettingar og investeringar. Netto driftsresultat er såleis eit uttrykk for økonomisk handlefridom og er rekna for å vera den viktigaste indikatoren i kommuneøkonomien. Over tid bør netto driftsresultat liggja over 1,75 % av inntektene for at den økonomiske utviklinga skal vera sunn i følgje Teknisk berekningsutval og Statsforvaltaren.

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 0 % i 2023, 0,4 % i 2024, 1,2 % i 2025 og 1,8 % i 2026. Denne planen inneber ei stram prioritering i heile økonomiplanen, og der det ikkje er rom for auka utgifter ut over det økonomiplanen for 2023-2026 legg opp til. Under desse føresetnadane vil målsettinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % vera nådd innan utgangen av 2026.

## Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter




| Tabell | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Øygarden | 0,0 % | 0,0 % | 2,7 % | 2,3 % | 2,7 % | 2,6 % | 3,0 % | 4,2 % | 5,9 % |
| Handlingsregel | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % | 5,0 % |

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Øygarden kommune har per 1.1.2022 kr 73,5 mill i disposisjonsfond, noko som utgjer 2,3 % av brutto driftsinntekter. Norske kommunar har gjennomsnittleg 13,7 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond. Kostragruppe 10 har gjennomsnittleg 12,5 % av brutto driftsinntekter i disposisjonsfond.

Øygarden kommune har vedtatt at disposisjonsfondet skal aukast til 5 % (omlag kr 150 mill) av brutto driftsutgifter. Dette for å kunne handtera svingingar i inntektene og ha stabilitet i tenestene. Dersom vi skal auka disposisjonsfondet til landsgjennomsnittet, må vi auka fondet til omlag kr 400 mill.

## Vurdering av den økonomiske utviklinga

*Beløp i 1000*

| | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum inntekter | -2 950 873 | -3 175 031 | -3 122 651 | -3 121 251 | -3 121 151 |
| Sum utgifter | 2 953 160 | 3 140 316 | 3 073 936 | 3 048 536 | 3 031 436 |
| **Brutto resultat** | **2 287** | **-34 714** | **-48 714** | **-72 714** | **-89 714** |
| Netto finansutgifter og inntekter | 137 900 | 179 714 | 179 714 | 179 714 | 179 714 |
| Motpost avskrivinger | -140 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 | -145 000 |
| **Netto resultat** | **187** | **0** | **-14 000** | **-38 000** | **-55 000** |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -187 | 0 | 14 000 | 38 000 | 55 000 |
| **Årsresultat** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Netto resultat i prosent av sum inntekter | 0,0 % | 0,0 % | 0,4 % | 1,2 % | 1,8 % |

Kommunedirektøren har i framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 lagt vekt på å oppnå dei økonomiske måla som kommunestyret har vedtatt. Ved å følgja denne planen vil målsettinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % og disposisjonsfond på 5 % vera nådd innan 31.12.2026. For å få til dette vil vi legga ein plan basert på kostra-analyser og benchmarking.

Budsjettarbeidet har vore krevjande. Budsjettet for 2023 vert lagt fram i balanse, der netto driftsresultat er kr 0. Dette er ikkje i samsvar med opprinneleg plan for auke av den økonomiske handlefridommen, noko som for ein stor del skuldast høge straumprisar og høgt rentenivå.

## Utvikling i økonomiske nøkkeltal

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 2,9 % | 2,5 % | 12,7 % | 12,6 % | 16,2 % | 12,5 % | 13,7 % |
| Eiendomsskatt per innbygger (B) | 4 118 | 4 076 | 3 967 | 2 878 | 3 121 | 2 934 | 2 941 |
| Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) | 63 779 | 67 511 | 68 376 | 63 362 | 62 730 | 60 858 | 65 832 |
| **Økonomi** | | | | | | | |
| Frie inntekter i kroner per innbygger (B) | 56 600 | 61 455 | 64 371 | 61 139 | 61 013 | 59 133 | 63 840 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | -0,3 % | -0,1 % | 3,2 % | 3,4 % | 5,0 % | 3,7 % | 4,2 % |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) | 81 229 | 71 820 | 104 460 | 63 456 | 53 578 | 89 770 | 90 299 |

## Teoretisk innsparingspotensiale

Målt mot kostragruppe 10, som er kommunar som kan samanliknast med Øygarden kommune, er det eit totalt teoretisk innsparingspotensiale på kr 148 mill. Målt mot landsgjennomsnittet er det totale innsparingspotensialet kr 83 mill. Det må understrekast at dette er 2021-tal og at nedtrekk som er gjennomført i budsjett 2022 ikkje er med i desse tala.

Hovudtrekka i analysen syner at vi innan pleie og omsorg og kultur bruker mindre ressursar enn samanliknbare kommunar, mens vi innan andre område bruker ein del meir ressursar enn samanliknbare kommunar.

Grafen under viser tenesteområda som bruker meir/mindre enn samanliknbare kommunar justert for utgiftsbehov, privatskuleandel og vertskommunetilskot PU. Der Øygarden kommune brukar meir enn andre kommunar vert dette vist over streken. Ulikskapene kan analyserast vidare i tabellen som ligg under.




| | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| Pleie og omsorg | -184,9 | -169,9 | -153,6 | -92,8 | -102,7 |
| Grunnskole | -15,2 | 112,1 | 101,0 | 69,1 | 54,4 |
| Barnehage | 20,1 | 22,0 | 24,5 | 27,9 | 25,5 |
| Adm, styring og fellesutgifter | 45,3 | 26,2 | 63,5 | 34,6 | 5,9 |
| Sosiale tjenester | 35,0 | 39,8 | 30,3 | 27,9 | 27,7 |
| Kommunehelse | 61,0 | 71,5 | 66,4 | 50,8 | 42,8 |
| Barnevern | -22,1 | 3,5 | -5,0 | 0,6 | 1,3 |
| Kultur og idrett | 1,4 | -19,4 | 10,2 | -16,4 | -21,5 |
| Plan, kulturminner, natur og nærmiljø | 15,2 | 10,8 | 9,9 | 13,1 | 12,8 |
| Andre område | 17,4 | 42,5 | 32,8 | 33,3 | 37,1 |
| **Totalt** | **-26,7** | **139,2** | **180,0** | **148,1** | **83,3** |

| Teneste | Indikator | Øygarden | Alver | Haugesund | Karmøy | Lågast i KOSTRA gruppa | Lågast i KOSTRA-gruppa - kroner | Gjennomsnitt for gruppa | Innbyggjarar i målgruppa | Teoretisk handlingsrom i mill. | Teoretisk handlingsrom % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Grunnskole | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B) | 16 854 | 17 192 | 14 362 | 14 610 | Lørenskog | 13 771 | 15 319 | 39 032 | 69,1 | 10,5 |
| Pleie og omsorg | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B) | 18 966 | 24 528 | 24 078 | 23 585 | Lørenskog | 18 400 | 21 757 | 39 032 | -92,8 | -12,5 |
| Barnevern | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B) | 2 077 | 2 635 | 1 988 | 2 203 | Lørenskog | 1 385 | 2 061 | 39 032 | 0,6 | 0,8 |
| Barnehage | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B) | 10 177 | 9 728 | 9 686 | 9 630 | Ullensaker | 8 700 | 9 555 | 39 032 | 27,9 | 7,0 |
| Kommunehelse | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) | 5 389 | 3 790 | 3 515 | 3 651 | Porsgrunn | 3 433 | 4 058 | 39 032 | 50,8 | 24,2 |
| Sosiale tjenester | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B) | 3 875 | 2 783 | 2 635 | 2 930 | Haugesund | 2 635 | 3 006 | 39 032 | 27,9 | 18,4 |
| Kultur og idrett | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B) | 2 134 | 2 098 | 2 632 | 1 872 | Ringerike | 1 724 | 2 555 | 39 032 | -16,4 | -19,7 |
| Plan, kulturminner, natur og nærmiljø | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B) | 1 219 | 829 | 942 | 966 | Ullensaker | 512 | 883 | 39 032 | 13,1 | 27,6 |
| Adm, styring og fellesutgifter | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B) | 5 659 | 4 437 | 4 954 | 3 948 | Molde | 3 898 | 4 727 | 39 032 | 34,6 | 15,7 |
| Brann og ulykkesvern | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B) | 828 | 1 180 | 1 107 | 1 131 | Ringsaker | 791 | 981 | 39 032 | -6,0 | -18,5 |
| Kommunale boliger | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B) | 169 | -82 | 505 | 270 | Molde | -74 | 286 | 39 032 | -4,6 | -69,2 |
| Samferdsel | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) | 2 044 | 1 449 | 604 | 942 | Haugesund | 604 | 1 144 | 39 032 | 35,1 | 44,0 |
| Næringsforv. og konsesjonskraft | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Næringsforv. og konsesjonskraft (B) | 145 | 173 | 148 | 214 | Molde | -657 | 164 | 39 032 | -0,7 | -13,1 |
| Kirke | Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B) | 830 | 851 | 562 | 619 | Ullensaker | 434 | 587 | 39 032 | 9,5 | 29,3 |

***) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov*

# Kommunen sine tenesteområde

# Politisk

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 10 283 | 7 002 | 10 477 | 9 807 | 10 477 | 9 807 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 208 | 3 493 | 4 108 | 3 278 | 4 108 | 3 278 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 649 | 1 957 | 1 577 | 1 577 | 1 577 | 1 577 |
| Overføringsutgifter | 3 827 | 4 644 | 4 928 | 4 828 | 4 928 | 4 828 |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **17 968** | **17 096** | **21 090** | **19 490** | **21 090** | **19 490** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Refusjoner | -686 | -706 | -950 | -850 | -950 | -850 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-686** | **-706** | **-950** | **-850** | **-950** | **-850** |
| Sum | 17 282 | 16 390 | 20 140 | 18 640 | 20 140 | 18 640 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **16 390** | **16 390** | **16 390** | **16 390** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **9** | **9** | **9** | **9** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **1 169** | **-331** | **1 169** | **-331** |
| **Konsekvensjusteringer** | **1 178** | **-322** | **1 178** | **-322** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **17 568** | **16 068** | **17 568** | **16 068** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Auka møtegodtgjersle | 2 572 | 2 572 | 2 572 | 2 572 |
| **Sum Nye tiltak** | **2 572** | **2 572** | **2 572** | **2 572** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **2 572** | **2 572** | **2 572** | **2 572** |
| **Ramme 2023-2026** | **20 140** | **18 640** | **20 140** | **18 640** |

Budsjettet til politisk er også justert med kr 1,5 mill med bakgrunn i at det er val i 2023. Kontrollutvalet sitt budsjett er lagt inn i tråd med framlegg frå utvalet.

## Nye tiltak

**Auka møtegodtgjersle**

Frå 1. mai 2022 er årleg fast godtgjersle for stortingsrepresentantane kr 1 064 318 per år. I forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle for velferdsgode for Øygarden kommune er ordføraren si godtgjersle sett til 100 % av stortingsrepresentantane si løn. Andre politiske godtgjersler er vedtatt som ein prosentvis godtgjersle av ordføraren si løn. I tillegg auka godtgjersla for formannskapsmedlemmene i KS-sak 095/22 frå 8 % til 10 % av ordføraren si løn.

Berekningane viser at budsjettet for møtegodtgjersle må aukast med kr 2 572 000.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B) *) **) | 284 | 322 | 363 | 338 | 191 | 322 | 416 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

Netto driftsutgifter per innbyggjar til politisk styring er likt som gjennomsnittet i kostragruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet.

# Kommunedirektør

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 10 131 | 6 326 | 2 708 | 2 708 | 2 708 | 2 708 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 248 | 2 768 | 2 848 | 2 848 | 2 848 | 2 848 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 14 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsutgifter | 91 587 | 71 606 | 71 678 | 71 456 | 70 456 | 70 456 |
| Finansutgifter | 6 895 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **112 875** | **80 700** | **77 234** | **77 012** | **76 012** | **76 012** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | 0 | -401 | -401 | -401 | -401 | -401 |
| Refusjoner | -732 | -1 322 | -1 322 | -1 322 | -1 322 | -1 322 |
| Overføringsinntekter | -24 567 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -4 340 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-29 639** | **-1 723** | **-1 723** | **-1 723** | **-1 723** | **-1 723** |
| Sum | 83 236 | 78 977 | 75 511 | 75 289 | 74 289 | 74 289 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **78 977** | **78 977** | **78 977** | **78 977** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **-3 793** | **-3 793** | **-3 793** | **-3 793** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **160** | **160** | **-840** | **-840** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **1 550** | **1 550** | **1 550** | **1 550** |
| **Konsekvensjusteringer** | **-2 083** | **-2 083** | **-3 083** | **-3 083** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **76 894** | **76 894** | **75 894** | **75 894** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Reorganisering av kommunale føretak til kommunal drift | -3 900 | -3 900 | -3 900 | -3 900 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-3 900** | **-3 900** | **-3 900** | **-3 900** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd | 2 517 | 2 295 | 2 295 | 2 295 |
| **Sum Nye tiltak** | **2 517** | **2 295** | **2 295** | **2 295** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-1 383** | **-1 605** | **-1 605** | **-1 605** |
| **Ramme 2023-2026** | **75 511** | **75 289** | **74 289** | **74 289** |

## Innsparingstiltak

**Reorganisering av kommunale føretak til kommunal drift**

Kommunedirektøren gjer framlegg om å reorganisera kommunale føretak til kommunal drift. Berekna innsparing er i hovudsak utgifter knytt til rekneskap, løn, revisjon og styrehonorar. I tillegg er det potensiale for ytterlegare økonomiske og faglege synergieffektar i økonomiplanperioden.

Berekna innsparing fordel seg slik:

- Øygarden næringsutvikling KF, kr 1 mill
- Øygarden brann og redning KF, kr 1,8 mill
- Øygarden bustadutvikling KF, kr 1,1 mill

Kommunedirektøren ser behov for å knytta tenestene som er i kommunale føretak nærare til seg for å optimalisera drifta ytterlegare og samtidig oppnå viktige faglege synergieffektar. Til dømes er Øygarden brann og redning KF ei viktig ressurs i beredskapsarbeidet i kommunen, og vil kunna bidra med nyttig kunnskap og verdifull erfaring i kommunen si auka fokus på samfunnsikkerheit.

I oppfølginga av samfunnsplanen har kommunedirektøren styrka det overordna strategiske arbeidet for å sikra ein tydeleg raud tråd mellom måla og prioriteringane i kvardagen. Her er koordinerte tiltak og prosesser innan næringsutvikling avgjerande for å sikra ei målretta utvikling av Øygardssamfunnet.

I dag er det kommunale bustadtilbodet fordelt på ei rekke aktørar utan ei samla overordna koordinering. Bustadstiftinga, Øygarden bustadutvikling KF og ulike einingar innan den kommunale drifta utfører alle viktige deloppgåver. For å ivareta heilskapen, er det behov for koordinering av aktivitetar, system og prioriteringar. Det pågåande lovendringsarbeidet i Stortinget vil truleg opna opp for at også Bustadstiftinga kan inngå i ein heilskapleg organisering av det kommunale bustadtilbodet.

## Nye tiltak

**Øygarden kyrkjelege fellesråd**

Auka rammeløyving til Øygarden kyrkjelege fellesråd inkluderer løns- og prisauke på kr 1 102 000 samt utgifter til rekneskapsføring på kr 1 415 000. Løpande utgifter til kjøp av rekneskapstenester er kr 1 193 000, eingangstilskot for oppstart er kr 222 000 og gjeld berre i 2023.

Fram til no har Øygarden kommune ført rekneskapen for kyrkja. Eit årsverk i kommunalsjefområde Finans og økonomi vert inndratt som finansiering av tiltaket.

## Kostra-analyse

| Prioritet | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 787 | 746 | 639 | 775 | 134 | 537 | 534 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **) | 5 364 | 4 499 | 2 911 | 3 740 | 3 580 | 3 514 | 3 950 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (390) den norske kirke (B) *) **) | 791 | 750 | 850 | 561 | 511 | 527 | 574 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (392) andre religiøse formål (B) *) **) | 91 | 0 | 0 | 2 | 0 | -1 | 3 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (393) gravplasser og krematori er (B) *) **) | 1 | 80 | 1 | 0 | 108 | 61 | 94 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

Øygarden kommune bruker kr 4 499 per innbyggjar til administrasjon, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2020 til 2021.

Øygarden kommune bruker kr 746 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter per innbyggjar til kyrke er kr 750. Dette er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

# Finans og økonomi

## Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Finans og økonomi har ansvar for finans, rekneskap, løn, budsjett og økonomiplan, verksemdsstyring, innkjøp og IKT og dokumentsenter

Einingar:

- IKT og dokumentsenter
- Rekneskap og løn
- Innkjøp

## Dette skal vi oppnå

Finans og økonomi skal i fireårsperioden bidra til god samanheng mellom dei ulike planane i kommunen, sørgje for enklare tilgang til styringsdata med god kvalitet og innføra verksemdsstyring i organisasjonen. God planlegging, analyser, samanlikningar med andre kommunar og høg kvalitet i verksemdsstyringa skal bidra til ein effektiv og målretta ressursbruk i kommunen. Vidare skal Finans og økonomi hjelpa kommunalsjefområder og einingar gjennom analyser og utgreiingar for å sette rett nivå og omfang på tenestene.

Det skal utviklast tydelege samanhengar mellom plan, budsjett og rapportering i styringssystemet til kommunen. Økonomiplan og budsjett skal vera tydeleg kopla mot måla i samfunnsplanen, og visa korleis ressursar påverkar resultat og gir effekt. Det skal vera fokus på kommunen sin totale økonomi og kommunalsjefane sitt handlingsrom innanfor eigne budsjett.

Det skal i økonomiplanperioden vera særskilt fokus på økonomistyring og ein økonomisk effektiv drift av Øygarden kommune. Finans og økonomi skal leggja til rette for gode økonomiplanprosessar.

Der det er føremålstenleg skal det nyttast grøne lån og plasseringar. Ved revidering av innkjøpsstrategien for Øygarden kommune skal omsynet til klima og miljø vektleggast.

Øygarden kommune skal vera ein open og digital kommune. Ved målretta digitalisering av utvalde tenester og område vil Øygarden kommune få effektivitet ved raskare tenester og betre brukartilfredsheit. Den auka effektiviteten vil kunna brukast til ein ytterlegare forbetring av tenestene. Ny teknologi og digitale løysingar er også viktig for at vi skal vera ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. Det må og gjerast ei kontinuerleg evaluering og behovsvurdering av dei ulike datasystema som kommunen bruker.

Finans og økonomi skal også bidra til at Øygarden kommune skal vera ein aktiv deltakar i Digi Vestland og gjennom det arbeida med implementering og mottak av fellesløysingar for kommunane i samarbeidet.

## Oppdrag

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Digitalisering** | Finans og økonomi skal vera aktiv deltakar i Digi Vestland og gjennom det arbeida med implementering og mottak av fellesløysingar. | Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar. | Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon. |
| **Eigarskapsoppfølging** | Eigarskapsmelding er utarbeidd i 2022 og vedtatt i KS-sak 087/22, 06.10.2022. I økonomiplanperioden skal eigarskapsmeldinga følgjast opp gjennom aktiv eigarstyring. Kommunalsjefområde Finans og økonomi skal leggja til rette for god dialog med føretak som kommunen eig, og laga rutinar og årshjul for oppfølging av eigarskapsinteressene. Den sist vedtekne eigarskapsmeldinga skal til ei kvar tid liggja tilgjengeleg på heimesida til kommunen. | Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre. | Øygarden er blant dei mest attraktive kommunane i Noreg, både for lokale, nasjonale og internasjonale etablerarar. |
| **Etablera verksemdsstyring i organisasjonen** | Verktøyet Framsikt skal brukast for å etablera verksemdsstyring i organisasjonen. Det skal etablerast ein tydeleg raud tråd frå samfunnsdelen til økonomiplan og budsjett, og vidare inn i verksemdsplanar. Oppfølginga av verksemdsplanane skal rapporterast jamleg. Dette skal gje ei forbetra målstyring og rapportering. Indikatorar (KPI'ar) er innført frå budsjett 2023 og skal vidareutviklast. | Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod. | Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør. |
| **Revidering av innkjøpsstrategi for Øygarden kommune** | Eit av hovudmåla i samfunnsdelen til kommuneplanen er at Øygarden kommune er eit klima- og miljøvennleg samfunn. Eit verkemiddel for å nå dette målet er ei bevisst bruk av innkjøpsmakta til kommunen og det offentlege. Grøne anskaffingar er ein praksis der offentlege myndigheiter kjøper varer og tenester med ein lågare miljømessig påverknad, samanlikna med varene og tenestene som elles ville blitt kjøpt. Ved å bruka det fulle handlingsrommet og anskaffingsregelverket, samt gjennom å stilla relevante miljøkrav, kan vi gjennom innkjøp fremja ei berekraftig bruk og forvalting av ressursar.<br><br>I løpet av 2023 skal noverande innkjøpsstrategi reviderast. Omsynet til klima og miljø skal vektleggast ved revideringa. | Vi skal aktivt nytta verktøy, som til dømes å stilla krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvenlege løysingar. | Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon. |
| **Vurdera å ta opp grøne lån** | I lånemarknaden vert det tilbydd grøne lån med lågare rente til investeringar som løyser framtidas klima- og miljøutfordringar. Kategoriar der Kommunalbanken tilbyr grøne lån er:<br>• Bygg: byggeprosjekt med ein tydeleg klimaprofil<br>• Fornybar energi: tilrettelegging for bruk av fornybare energikjelder<br>• Transport: transportløysingar med minimale eller nullutslepp | Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleiing. | Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| | • Avfall og sirkulærøkonomi: tiltak som bidreg til avfallsreduksjon, auka ombruk, materialgjenvinning og betre energiutnytting<br>• Vatn og avlaup: vatn- og avlaupsinvestering med klima- eller miljøprofil<br>• Arealbruk og områdeprosjekt: berekraftig bruk av areal<br>• Klimatilpassing: prosjekt som har klimatilpassing som hovudformål<br><br>Det skal ved opptak av lån vurderast om det kan takast opp grøne lån | | |

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 70 298 | 70 696 | 45 179 | 45 179 | 45 179 | 45 179 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 48 015 | 40 674 | 49 503 | 45 149 | 43 099 | 45 499 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 4 263 | 2 400 | 2 462 | 2 462 | 2 462 | 2 462 |
| Overføringsutgifter | 12 843 | 1 275 | 8 564 | 8 564 | 8 564 | 8 564 |
| Finansutgifter | 87 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **135 506** | **115 045** | **105 708** | **101 354** | **99 304** | **101 704** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -2 101 | 0 | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Refusjoner | -13 998 | -3 156 | -8 289 | -8 289 | -8 289 | -8 289 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -11 653 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-27 752** | **-3 156** | **-9 289** | **-9 289** | **-9 289** | **-9 289** |
| **Sum** | **107 754** | **111 889** | **96 419** | **92 065** | **90 015** | **92 415** |

*Beløp i 1000*

## Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Kommunalsjef finans og økonomi | 1 494 | 12 683 | 8 613 | 7 159 | 5 109 | 4 609 |
| Økonomistyring | 19 100 | 18 475 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Rekneskap og løn | 0 | 0 | 12 067 | 12 067 | 12 067 | 12 067 |
| Innkjøp og investering | 8 049 | 8 526 | 6 473 | 6 473 | 6 473 | 6 473 |
| Personal og organisasjonsutvikling | 4 640 | 13 996 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| IKT og Dokumentsenter | 27 159 | 58 208 | 69 265 | 66 365 | 66 365 | 69 265 |
| **Sum** | **107 754** | **111 889** | **96 419** | **92 065** | **90 015** | **92 415** |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **111 889** | **111 889** | **111 889** | **111 889** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **-21 183** | **-21 183** | **-21 183** | **-21 183** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **900** | **846** | **196** | **796** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **800** | **800** | **800** | **800** |
| **Konsekvensjusteringer** | **-19 483** | **-19 537** | **-20 187** | **-19 587** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **92 406** | **92 352** | **91 702** | **92 302** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effektivisering Finans og økonomi | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Omstilling/ effektivisering 2024-2026 | 0 | -1 400 | -2 800 | -3 900 |
| Reduksjon eitt årsverk (rekneskapsføring kyrkja) | -811 | -811 | -811 | -811 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-1 811** | **-3 211** | **-4 611** | **-5 711** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Datalisenser | 5 824 | 2 924 | 2 924 | 5 824 |
| **Sum Nye tiltak** | **5 824** | **2 924** | **2 924** | **5 824** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **4 013** | **-287** | **-1 687** | **113** |
| **Ramme 2023-2026** | **96 419** | **92 065** | **90 015** | **92 415** |

## Innsparingstiltak

### Effektivisering Finans og økonomi

Effektivisering av kommunalsjefområdet Finans og økonomi gjennom reduksjon av ein stilling.

### Omstilling/ effektivisering 2024-2026

Ytterlegare omstilling/ effektivisering som trengs i åra 2024-2026.

### Reduksjon eitt årsverk (rekneskapsføring kyrkja)

Redusert med eitt årsverk knytt til rekneskapsføring kyrkja samtidig som kyrkja får tilført midlar til å handtera rekneskapsføringa ved kjøp av tenester.

## Nye tiltak

### Datalisenser

Det er naudsynt å auka budsjettet for datalisensar i økonomiplanperioden, dette grunna nye fagsystemer for barnevern og helsestasjonen og Cisco 3-års avtale for alle aksesspunkt.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 787 | 746 | 639 | 775 | 134 | 537 | 534 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **) | 5 364 | 4 499 | 2 911 | 3 740 | 3 580 | 3 514 | 3 950 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

Øygarden kommune bruker kr 4 499 per innbyggjar til administrasjon, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2020 til 2021.

Øygarden kommune bruker kr 746 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

# HR og organisasjon

## Omtale av kommunalsjefområdet

HR og organisasjon har ansvaret for oppgåver og tenester som er felles for alle tilsette i kommunen. Det handlar mellom anna om å levera tenester til organisasjonen innanfor HR, organisasjonsutvikling, kompetanse, tryggleik og politisk sekretariat. Innbyggartorg og bibliotek ligg også innanfor HR og organisasjon, i tillegg til service- og forvaltningsoppgåver knytt til innbyggjarar og næringsliv. Sentrale nøkkelfunksjonar som beredskapssjef, kommuneadvokat, forhandlingssjef og kommunikasjonssjef, ligg også plassert innanfor HR og organisasjon.

Einingar:

- Tryggleik
- Service
- HR og kompetanse

## Dette skal vi oppnå

Samfunnsdelen til kommuneplanen har viktige ambisjonar for kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar. Dette handlar blant anna om å sikra godt leiarskap, myndiggjorte medarbeidarar og ein arbeidskultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt.

Ei viktig oppgåve i økonomiplanperioden er å vidareutvikla kommunen som ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. Gjennom systematisk arbeid skal vi legga til rette for gode vilkår for dei tilsette. Vi skal sikra eit leiarskap som kjenner og nyttar handlingsrommet sitt. Leiing involverer medarbeidarar og innbyggjarar i tenesteutviklinga og legg til rette for at tilsette viser handlekraft på ein god og heilskapleg måte for kommunen.

Vi skal byggja ein kultur med fokus på å møta kvarandre og innbyggjarane våre med gode løysingar, og å sikra brukarmedverknad og involvering i utviklinga av tenester i kommunen. Omdømme og kommunikasjon er sentrale satsingsområde framover, og det skal arbeidast aktivt med å sikra god informasjon både internt i organisasjonen, og ut til samfunnet elles.

For å sikra gode velferdstenester i framtida treng vi god kompetanse. Vi skal arbeida systematisk med å rekruttera og behalda kompetanse. Vidare skal vi ha eit tydeleg fokus på heiltidskultur i kommunen, og eit inkluderande arbeidsliv.

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vil vera sentralt i planperioden. Vi skal styrka kompetansen og ressursane i dette arbeidet, og sikra at organisasjonen er rusta til å handtera dei utfordringsbileta vi står ovanfor. Dette handlar både om geopolitisk usikkerheit i Europa med den pågåande krigen i Ukraina, usikkerheit i kraftforsyning og samansette trusselbilete innanfor informasjonssikkerheit.

## Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Digitalisering for å effektivisere arbeidsflytar og arbeidsprosessar** | Effektivisering av arbeidsprosessar handlar blant anna om korleis arbeidsprosessar er sett saman, og korleis vi utnyttar IT-løysingar for å arbeida smartare. Ei viktig oppgåve i planperioden handlar om å forbetra samanhengen mellom arbeidsprosessar, teknologi og folk, slik at kommunen kan utnytta ressursane på best mogleg måte.<br><br>• Betre arbeidsflyt og arbeidsprosessar mellom tilsette og digitale løysingar<br>• Etablera nettverk for Digitalisering og innovasjon, som skal ha fokus på *å oppdaga og forbetra prosessar på tvers* av kommunalsjefsområde/ fag. | Vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar. | Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon. |
| **Etablera vikarpool** | Gjennom å etablera ein vikarpool i kommunen skal vi sikra ei betre utnytting av arbeidskrafta i organisasjonen. Ved å ha ei meir heilskapleg koordinering av dei tilsette kan vi redusera driftskostnadar, samtidig som vi får betre føreseielegeheit og kvalitet i tenestene. Vikarpoolen vil også vera med å redusera ufrivillig deltid.<br><br>• Arbeida for ei betre koordinering av dei faste tilsette i kommunen<br>• Registrera og koordinera nye vikarar som vender seg til kommunen<br>• Ved ei eventuell vidareutvikling kan dette også handla om å rekruttera og koordinera faste vikarar til utvalde tenester. Dette vil vera tenester med generell rekrutteringsvanskar, og/eller tenester der langtidsfråvær er kritisk. | - | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |
| **Redusera sjukefråvær ved å utvikla helsefremjande arbeidsplassar** | Nærværsarbeid er det viktigaste vi gjer for å redusera sjukefråvær, og handlar om å legga til rette for gode og helsefremjande arbeidsplassar. Ein helsefremjande arbeidsplass vil fremja trivsel, utvikling og vekst, og førebygger skade og sjukdom. I tillegg vil sjukefråværet reduserast ved at vi kan tilrettelegga arbeidet på ein god måte. I økonomiplanperioden skal vi prioritera utviklinga av helsefremjande arbeidsplassar gjennom å:<br><br>• Sikra kompetanse, system og rutinar til alle som skal bidra med nærværsarbeid lokalt på einingane<br>• Sikra god erfaringsdeling frå ulike nærværstiltak som er gjennomført i ulike delar av organisasjonen<br>• Sikra godt lokalt trepartsamarbeid som har fokus på nærvær og sjukefravær ved eiga eining | Vi skal ta ansvar for å skapa eit godt arbeidsmiljø og utvikla ein kultur prega av openheit, integritet, likeverd og respekt. | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Robust og myndiggjort leiarskap** | • Arbeida systematisk med leiarutviklingsprogram i kommunen<br>• Revidera leiingskompasset og arbeida aktivt for å sikra myndiggjorte medarbeidarar, blant anna gjennom god kjennskap til handlingsrom og ein kultur for å prøva og feila<br>• Sikra strategisk retning ved å ha klar samanheng mellom leiarsamlingane og kommunedirektøren sitt strategiske arbeid i utvida leiargruppe. | Vi skal prioritera å utvikla godt leiarskap og medarbeidarskap som fremjar samarbeid og samskaping. | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |
| **Utarbeide overordna kompetanseplan** | For å sikra gode tenester framover skal vi arbeida målretta og systematisk med å sikra oss riktig og naudsynte kompetanse i organisasjonen.<br>• Utarbeida gode analysar over kva kompetanse kommunen vil trenga framover, og kva stillingar kommunen har utfordringar med å rekruttera til<br>• Arbeida målretta med kompetanseutvikling i organisasjonen for dei som allereie er tilsette<br>• Sikra gode IT-løysingar som støttar arbeidet med kompetanseoversikt og rekruttering | Vi skal ha fokus på kunnskap og innovasjon, kompetanseutvikling og livslang læring. | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |
| **Utvikle innbyggjartorg og bibliotek-tilboda** | Gjennom å involvera innbyggarane og å sikra god informasjon skal vi vidareutvikla innbyggartorga og biblioteka som viktige møtearenaer.<br>• Prioritera utviklinga av gode tilbod og tilgjenge for skular og barnehagar<br>• Legga til rette for at innbyggarar og tilsette vert involvert i arrangementstilbod og opningstider av innbyggartorga<br>• Sikra tilbod og arrangement på både Straume, Skogsskiftet og Rong<br>• Arbeida aktivt med målretta marknadsføring av arrangement og øvrig tilbod | Vi skal sikra at informasjon om tenester og tilbod i kommunen er tilgjengelege for alle. | Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon. |
| **Vidareutvikla arbeidet med beredskap og samfunnstryggleik** | Øygarden kommune er ein kommune i vekst, og med fleire store og viktige utviklingsprosjekt og næringsetableringar. I økonomiplanperioden skal vi vidareutvikla arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, for å sikra utviklinga av trygge og gode lokalsamfunn.<br>• Sikra gode og robuste rutinar for å handtera eventuelle situasjonar innanfor beredskap<br>• Utarbeida overordna risiko og sårbarheitsanalyse (kommune-ROS)<br>• Sikra rutinar og kompetanse i organisasjonen til å handtera eit | Vi skal førebygga uønskte hendingar basert på risiko- og sårbarheitsanalysar. | Øygardssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| | samansett trusselbilete, med blant anna auka fokus på informasjonstryggleik | | |
| **Vidareutvikla arbeidet med heiltidskultur i kommunen** | Gjennom arbeidet med heiltidskultur skal vi sikra kvalitet, betre arbeidsmiljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Arbeidet med heiltidskultur er relevant for heile organisasjonen, men særleg innan Helse og velferd. I økonomiplanperioden skal vi:<br>• Vera ein støttespelar for kommunalsjefområdet helse og velferd når det gjeld å testa ut ulike arbeidsordningar<br>• Prøva ut samarbeid for å bygga ut stillingar på tvers av fag og kommunalsjefområde | Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst. | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 53 535 | 61 707 | 83 006 | 83 006 | 83 006 | 83 006 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 5 759 | 7 579 | 10 076 | 8 376 | 6 676 | 5 376 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 224 425 | 224 378 | 242 028 | 242 028 | 242 028 | 242 028 |
| Overføringsutgifter | 6 318 | 11 347 | 10 050 | 10 050 | 10 050 | 10 050 |
| Finansutgifter | 521 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **290 558** | **305 011** | **345 160** | **343 460** | **341 760** | **340 460** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -722 | -650 | -838 | -838 | -838 | -838 |
| Refusjoner | -14 184 | -11 884 | -13 122 | -13 122 | -13 122 | -13 122 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -451 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-15 356** | **-12 534** | **-13 960** | **-13 960** | **-13 960** | **-13 960** |
| **Sum** | **275 201** | **292 477** | **331 200** | **329 500** | **327 800** | **326 500** |

*Beløp i 1000*

## Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Kommunalsjef HR og organisasjon | 0 | 0 | 10 426 | 8 726 | 7 026 | 5 726 |
| Service | 246 319 | 260 216 | 275 635 | 275 635 | 275 635 | 275 635 |
| Tryggleik | 12 189 | 11 813 | 11 568 | 11 568 | 11 568 | 11 568 |
| HR og kompetanse | 0 | 0 | 12 326 | 12 326 | 12 326 | 12 326 |
| Lærlingar | 16 693 | 20 448 | 21 246 | 21 246 | 21 246 | 21 246 |
| Sum | 275 201 | 292 477 | 331 200 | 329 500 | 327 800 | 326 500 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **292 477** | **292 477** | **292 477** | **292 477** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **27 832** | **27 832** | **27 832** | **27 832** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-6 408** | **-6 408** | **-6 408** | **-6 408** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **-800** | **-800** | **-800** | **-800** |
| **Konsekvensjusteringer** | **20 624** | **20 624** | **20 624** | **20 624** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **313 100** | **313 100** | **313 100** | **313 100** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effektivisering HR og organisasjon | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Omstilling/ effektivisering 2024-2026 | 0 | -1 700 | -3 400 | -4 700 |
| Personvernombod | -350 | -350 | -350 | -350 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-2 350** | **-4 050** | **-5 750** | **-7 050** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Konsulenttenester nærværsarbeid | 300 | 300 | 300 | 300 |
| Leiarutvikling | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Tilskot private barnehagar | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| **Sum Nye tiltak** | **20 450** | **20 450** | **20 450** | **20 450** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **18 100** | **16 400** | **14 700** | **13 400** |
| **Ramme 2023-2026** | **331 200** | **329 500** | **327 800** | **326 500** |

## Innsparingstiltak

### Effektivisering HR og organisasjon

Effektivisering innan HRO gjennom reduksjon av kostnader og årsverk i kommunalsjefområdet

### Omstilling/ effektivisering 2024-2026

Ytterlegare omstilling/ effektivisering som trengs i åra 2024-2026.

### Personvernombod

Kommunen opprettar eige personvernombod i eininga Tryggleik. Det gjev kr 350 000 i reduksjon i kjøpte tenester årleg.

## Nye tiltak

### Konsulenttenester nærværsarbeid

Kommunen kjøper noko ekstern kompetanse frå fag- og forskingsmiljø for å lage ein overordna og tydeleg plan for arbeidet med å redusere sjukefråvær. Gjennomføring, kontroll og støtte skjer ved interne ressursar.

**Leiarutvikling**
Kommunen skal satsa på leiarutvikling og kulturbygging. Mykje vert gjort ved systematisering, og ved å nytte interne ressursar. Auka ressursar på kr 150 000 vert brukt til å invitera inn førelesarar og anna fasilitering.

**Tilskot private barnehagar**
Ut frå berekningar må budsjettet for tilskot til private barnehagar aukast med kr 20 mill i 2023. Det er knytt risiko til om denne auken er stor nok.

## Kostra-analyse

| Prioritet | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) | 787 | 746 | 639 | 775 | 134 | 537 | 534 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B) *) **) | 5 364 | 4 499 | 2 911 | 3 740 | 3 580 | 3 514 | 3 950 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

Øygarden kommune bruker kr 4 499 per innbyggjar til administrasjon, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Utgiftene per innbyggjar er redusert frå 2020 til 2021.

Øygarden kommune bruker kr 746 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

# Helse og velferd

## Omtale av kommunalsjefområdet

Helse og velferd er eit kommunalsjefsområde som har ansvar for mange tenester retta mot heile befolkninga. Utover dei lovpålagde tenestene vert det arbeidd med mange ulike prosjekt for å møta framtidas behov på ein innovativ måte, i samskaping med innbyggjarar, frivillige og private aktørar.

Tenesteområde:

- Heimetenester
- Omsorgsbustader med og utan heildøgns bemanning
- Sjukeheimar og lokalmedisinsk senter
- Aksjonssenter
- NAV
- Helse, meistring og rehabilitering
- Psykisk helse og rus
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Forvaltning og støttetenester
- Legetenester og legevakt

## Dette skal vi oppnå

Helse og velferd skal i dialog med innbyggjarane gje gode tenester, tilpassa den einskilde sitt behov. Samfunnsdelen i kommuneplanen er førande for arbeidet med å utvikla berekraftige tenester i åra som kjem. Nye tenester må utviklast og innsatsar må rettast mot førebygging, tidleg innsats, teknologiske løysingar og tilbod som aukar eigen meistring.

Til tross for sjukdom og funksjonssvikt skal innbyggjarane kunna bu i eigen heime så lenge som mogleg. Ein ny tenestemodell som inneber etablering av nye former for partnarskap mellom offentlege, private og frivillige aktørar er under utvikling. Her vil aksjonssenteret, som er under oppbygging, få ei sentral rolle. I tillegg vil auka samskaping mellom dei ulike tenesteområda innan Helse og velferd og mellom kommunalsjefsområda bidra til meir fleksible og tenlege løysingar for innbyggjarane.

Ved målretta innsats skal talet på sosialhjelpsmottakarar reduserast og fleire skal hjelpast over i utdanning og arbeid. Nye tiltak skal utviklast for å redusera utanforskap og sikra at også flyktningar i løpet av kort tid kan gå ut i løna arbeid.

I planperioden skal det utarbeidast ein kompetanseplan og ein strategi for å rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft. Oppgåvefordeling må gjennomgåast, evaluerast og korrigerast.

Gjennomføringsplan for framtidige helse og velferdstenester gjev ei strategisk oversikt over korleis kommunen skal møta framtida på. Tilrådingane frå politisk nivå er mange. Også plan for «Leve heile livet» gjev ei retning for kva kommunen må prioritera av innsatsområde i åra som kjem. Helse og velferd får ei stor oppgåve med å følgja opp alle politiske vedtak i dokumenta.

Gode pasientforløp og kvalitet i tenestene vil ha fokus i planperioden. Nyoppretta pasient- og brukarråd vil vera ein sentral aktør i dette arbeidet.

Det skal etablerast gode tilbod til barn og unge – og det må skisserast korleis kommunen skal møta behov for bustad, avlasting og lågterskeltilbod som gjer at familiar med krevjande omsorgsoppgåver vert møtt med sine behov.

## Oppdrag

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Arbeids- og karrieremoglegheiter for brukarar av helse og sosiale tenester** | Helse og velferd skal arbeida systematisk for å legga til rette for jobb- og karrieremoglegheiter for brukarar av helsetenester og sosiale tenester:<br>• Legga til rette for auka formell kompetanse (t.d. gjennom kompetansekartlegging) som kan gje varig og trygg tilknyting til arbeidslivet og eit sjølvstendig liv.<br>• Bidra til auka digital kompetanse for dei som har behov for det. | Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv for å mobilisera til meir inkluderande arbeidsliv og høgare yrkesdeltaking. | Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv. |
| **Nytte rett kompetanse til rett tid** | Helse og velferd er ein personalintensiv sektor. Difor må kompetansen nyttast riktig. For å sikra dette er det nødvendig å: | Vi skal arbeida proaktivt for å rekruttera og behalda rett kompetanse, slik at vi til ei kvar tid | Øygarden kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| | • Gjennomgå arbeidsprosessar for å optimalisera rett bruk av kompetanse til rett tid<br>• Mobilisera og utvikla den kompetansen vi har<br>• Stimulera til og tilrettelegga for at fleire medarbeidarar i helse- og omsorgstenestene kan arbeida heiltid eller i høgare stillingsstorleik. Heiltidskultur er viktig for å sikra kvalitet, betre arbeidsmiljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene.<br>• Nytta mindre personalintensive løysingar, eksempelvis gjennom auka bruk av velferdsteknologi. | møter framtidig behov for arbeidskraft innan helse, velferd og oppvekst. | |
| **Oppfølging av "Leve heile livet"** | Leve heile livet vart vedteken i slutten av 2021, og handlar om korleis vi skal legga til rette for ei samfunns- og tenesteutvikling der eldre kan leva aktive og meiningsfulle liv. I økonomiplanperioden skal vi arbeida aktivt med å følgja opp planen, gjennom blant anna:<br>• Systematisk fokus på tverrfagleg arbeid for ei aldersvenleg samfunnsutvikling<br>• Sikra gode og samanhengande tenester til dei eldre | Vi skal legga til rette for aktiv deltaking og involvering av alle innbyggarar som ressursar i samfunnet, uavhengig av alder og funksjonsnivå. | Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. |
| **Oppfølging av bustadsosial temaplan** | Bustadsosialt arbeid er eit viktig satsingsområde i økonomiplanperioden. Helse og velferd spelar ei viktig rolle i dette arbeidet, og deltek også i utarbeiding av bustadsosial plan. I økonomiplanperioden vil vi ha eit tydeleg fokus på bruk av bustadsosiale verkemidlar. Gjennom systematisk samarbeid skal vi sikra at fleire kan eiga eigen bustad, og at dei som treng skal få god bustadsosial oppfølging. Barnefamiliar og personar med funksjonsnedsettingar er ei særleg prioritert gruppe, i tråd med nasjonale føringar. | Gjennom auka og fleksibel bruk av bustadsosiale verkemiddel skal vi legga til rette for at fleire får høve til å eiga eigen bustad. | Alle innbyggarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar. |
| **Oppfølging av gjennomføringsplan for helse og velferdstenester** | Gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester vart utarbeida og vedteken i 2021, og gir ei strategisk oversikt over korleis kommunen skal møta framtida innanfor helse- og omsorgstenester. I økonomiplanperioden skal vi arbeida med å realisera dei ulike tiltaka i planen, og sikra eit tenestetilbod som står i takt med dei demografiske endringane. | Vi skal sikra tilgang til trygge og inkluderande lokalmiljø med funksjonar som dekker daglege behov. | Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. |
| **Prøve ut velferdsteknologiske løysingar i kontrollerte miljø** | Aktivt vurdere om teknologiske løysingar kan vere aktuelt å prøve ut, dersom det kan bidra til t.d. auka tryggleik, meistring av oppgåver i daglegl ivet, auka sjølvstende, mobilitet og fysisk aktivitet og moglegheit for å delta i sosiale og kulturelle aktivitetar. Det kan til dømes utførast ved å vurdere spesifikt om det er aktuelt å ta i | Vi skal utvikla og ta i bruk innovative tenester og velferdsteknologi, ut i frå behov. | Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| | bruk velferdsteknologi, ved handsaming av søknadar om helse- og omsorgstenester. | | |
| **Redusere talet på langtidsmottakarar av sosialhjelp** | NAV skal arbeida systematisk med å redusera talet på sosialhjelpsmottakar som har behov for langvarig sosialhjelp. Dette handlar til dømes om å:<br>• Samarbeida med næringslivet og organisasjonar/frivillige<br>• Nytta "klart språk" på NAV kontoret for å sikra at brukarane forstår sine rettar og plikter<br>• Avklara realkompetanse i høve til arbeid, fagbrev eller utdanning<br>• Avklara langtidsmottakarar sine rettar til arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd for å sikra rett yting | Vi skal samarbeida med lokalt næringsliv for å mobilisera til meir inkluderande arbeidsliv og høgare yrkesdeltaking. | Øygarden er nasjonal føregangskommune for inkluderande arbeids- og næringsliv. |
| **Samordning og heilskap innan psykisk helseteneste for barn og unge** | Gjennomgå og vurdera om dei samla helsetenestene i kommunen kan møta innbyggjarar med samansette behov betre. Dette kan til dømes handla om tidleg innsats gjennom å sikra gode overgangsordningar mellom barne- og ungdomstenester og tenester for vaksne. | Vi skal arbeida førebyggande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå. | Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse. |

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 821 024 | 754 257 | 838 282 | 818 853 | 818 853 | 818 853 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 62 216 | 42 647 | 46 493 | 42 843 | 40 791 | 38 391 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 98 697 | 73 095 | 97 383 | 97 363 | 97 363 | 97 363 |
| Overføringsutgifter | 59 725 | 59 717 | 64 183 | 59 583 | 59 583 | 59 583 |
| Finansutgifter | 3 004 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **1 044 667** | **929 716** | **1 046 340** | **1 018 641** | **1 016 589** | **1 014 189** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -45 796 | -44 501 | -47 391 | -47 391 | -47 391 | -47 391 |
| Refusjoner | -158 191 | -117 378 | -103 357 | -103 357 | -103 357 | -103 357 |
| Overføringsinntekter | -1 149 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -6 623 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-211 758** | **-161 879** | **-150 748** | **-150 748** | **-150 748** | **-150 748** |
| **Sum** | **832 908** | **767 837** | **895 592** | **867 893** | **865 841** | **863 441** |

*Beløp i 1000*

## Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Kommunalsjef helse og velferd | 49 295 | 30 606 | 41 250 | 37 950 | 35 898 | 33 498 |
| Heimetenesta sone sør | 32 418 | 31 455 | 37 150 | 37 150 | 37 150 | 37 150 |
| Heimetenesta sone nord | 42 877 | 43 302 | 48 346 | 48 346 | 48 346 | 48 346 |
| Heimetenesta sone Straume | 41 525 | 37 513 | 45 546 | 45 546 | 45 546 | 45 546 |
| Teneste til menneske med utviklingshemming sone sør | 21 350 | 21 306 | 23 140 | 23 140 | 23 140 | 23 140 |
| Teneste til menneske med utviklingshemming sone nord | 24 338 | 24 763 | 27 912 | 27 912 | 27 912 | 27 912 |
| Teneste til menneske med utviklingshemming sone Straume | 63 101 | 63 587 | 69 836 | 69 836 | 69 836 | 69 836 |
| Rus og psykisk helse sone sør | 12 890 | 14 337 | 17 226 | 17 226 | 17 226 | 17 226 |
| Rus og psykisk helse sone nord | 14 455 | 13 176 | 14 082 | 14 082 | 14 082 | 14 082 |
| Rus og psykisk helse sone Straume | 39 611 | 43 729 | 49 426 | 48 726 | 48 726 | 48 726 |
| Flyktningtenesta | 13 779 | 130 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Midlertidig flyktningeteneste (ut 2023) | 0 | 0 | 23 199 | 0 | 0 | 0 |
| NAV | 70 599 | 83 378 | 84 850 | 84 850 | 84 850 | 84 850 |
| Fjell sjukeheim | 50 191 | 43 415 | 52 938 | 52 938 | 52 938 | 52 938 |
| Tednebakkane omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad | 50 410 | 47 948 | 47 072 | 47 072 | 47 072 | 47 072 |
| Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad | 38 970 | 35 930 | 43 847 | 43 847 | 43 847 | 43 847 |
| Kvednatunet ink dagsenter | 46 521 | 43 124 | 48 734 | 48 734 | 48 734 | 48 734 |
| Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad | 36 266 | 36 108 | 37 163 | 37 163 | 37 163 | 37 163 |
| Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter | 37 627 | 41 498 | 55 021 | 55 021 | 55 021 | 55 021 |
| Legetenesta ink legevakt og kommunelege | 123 907 | 87 827 | 64 960 | 64 460 | 64 460 | 64 460 |
| Helse- meistring og rehabilitering | 22 778 | 24 706 | 28 283 | 28 283 | 28 283 | 28 283 |
| Sotra legevakt | 0 | 0 | 35 612 | 35 612 | 35 612 | 35 612 |
| Sum | 832 908 | 767 837 | 895 592 | 867 893 | 865 841 | 863 441 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **767 837** | **767 837** | **767 837** | **767 837** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **19 599** | **19 599** | **19 599** | **19 599** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **101 677** | **77 278** | **78 526** | **78 526** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **3 779** | **3 779** | **3 779** | **3 779** |
| **Konsekvensjusteringer** | **125 055** | **100 656** | **101 904** | **101 904** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **892 891** | **868 492** | **869 740** | **869 740** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effektivisering Helse og velferd | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Effektivisering LMS | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Omorganisering av tenesteområde/soner | -1 000 | -1 000 | -1 000 | -1 000 |
| Omstilling/ effektivisering 2024-2026 | 0 | -3 300 | -6 600 | -9 000 |
| Reduksjon av kjøpte tenester for ressurskrevjande brukarar | -1 500 | -1 500 | -1 500 | -1 500 |
| Samordning dagplassar | -600 | -600 | -600 | -600 |
| Sommarjobb for ungdom | -400 | -400 | -400 | -400 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-5 500** | **-8 800** | **-12 100** | **-14 500** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Arbeidskøyring for personar med varig tilrettelagt arbeidsplass | 500 | 500 | 500 | 500 |
| Auka bemanning ved Sundheimen (5,6 årsverk) | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Auke i tildelte timar til brukarstyrt personleg assistanse | 4 201 | 4 201 | 4 201 | 4 201 |
| KS-sak 155/20 Opptrapping driftsavtale fysioterapi | 500 | 500 | 500 | 500 |
| **Sum Nye tiltak** | **8 201** | **8 201** | **8 201** | **8 201** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **2 701** | **-599** | **-3 899** | **-6 299** |
| **Ramme 2023-2026** | **895 592** | **867 893** | **865 841** | **863 441** |

## Innsparingstiltak

**Effektivisering Helse og velferd**
Rett teneste til rett tid, bruk av velferdsteknologi, samskaping på tvers av sone inndeling, og ny organisering vil gje innsparing på om lag kr 1 mil.

**Effektivisering LMS**
Helse Bergen har sagt opp avtale med Øygarden kommune og drifta vil verta endra.

**Omorganisering av tenesteområde/soner**
Omorganisering av tenesteområde/soner

**Omstilling/ effektivisering 2024-2026**
Ytterlegare omstilling/ effektivisering som trengs i åra 2024-2026.

**Reduksjon av kjøpte tenester for ressurskrevjande brukarar**
Kommunen vil sjølv gje tenester til særleg ressurskrevjande brukarar.

**Samordning dagplassar**
Dei eldre ved Kvednatunet vert gitt dagsentertibod på Tednebakkane. Dette for å gje eit variert solid tilbod og samstundes ha ei innsparing.

**Sommarjobb for ungdom**
Sommarjobb for ungdom tatt ut av budsjett.

## Nye tiltak

**Arbeidskøyring for personar med varig tilrettelagt arbeidsplass**
Vestland fylkeskommune hadde i mange år ei ordning der TT-brukarar (tilrettelagt transport) som hadde VTA-plass (varig tilrettelagt arbeid) fekk dekka arbeidsreisa i tillegg til at dei fekk vanleg TT kvote, men denne ordninga vart avvikla frå 2022.

Dette tiltaket inneber at Øygarden kommune etablerer ei kommunal ordning med betaling for transporttilbodet. Ordninga er ikkje lovpålagt.

**Auka bemanning ved Sundheimen (5,6 årsverk)**
Årsverk ved Sundheimen er auka i samsvar med faktisk behov.

**Auke i tildelte timar til brukarstyrt personleg assistanse**
Det er i løpet av 2022 kome ei auke i søknader og vedtak om brukarstyrt personlig assistanse (BPA), samt at det er gjort endringsvedtak i timetal grunna auka behov. Budsjettet er justert etter faktisk forbruk.

**KS-sak 155/20 Opptrapping driftsavtale fysioterapi**
KS-sak 155/20. Vedtak om opptrapping av fysioterapi til kommunen oppnår gjennomsnittleg norm for landet.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) *) **) | 4 281 | 5 389 | 3 790 | 3 515 | 3 651 | 4 058 | 4 269 |
| Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) *) **) | 725 | 1 688 | 36 | 976 | 999 | 550 | 644 |
| Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B) *) | 492 682 | 499 914 | 568 427 | 560 615 | 521 405 | 443 209 | 482 186 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *) | 52 446 | 48 179 | 46 956 | 46 193 | 49 694 | 54 664 | 51 418 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *) | 1 644 133 | 1 680 089 | 1 517 885 | 1 601 961 | 1 515 723 | 1 525 390 | 1 426 523 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B) | 9,5 % | 9,3 % | 9,7 % | 14,0 % | 10,7 % | 10,4 % | 10,9 % |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 50,6 % | 46,4 % | 37,8 % | 44,9 % | 49,2 % | 40,0 % | 36,1 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B) **) | 5,2 % | 4,8 % | 4,0 % | 3,4 % | 4,0 % | 4,0 % | 3,9 % |
| Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder) | 7,1 | 6,7 | 6,0 | 5,7 | 5,7 | 6,4 | 6,3 |
| Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B) | 5,8 | 5,8 | 9,2 | 7,2 | 5,5 | 7,5 | 7,7 |
| Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B) | 9,1 | 9,0 | 9,0 | 7,3 | 7,5 | 9,0 | 9,6 |
| **Økonomi** | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Pleie og omsorg | 16 201 | 18 012 | 28 991 | 24 554 | 24 640 | 24 105 | 24 625 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

**Tilbod til personar med rusproblem:** Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 1 688 når det gjeld tilbod til personar med rusproblem per innbyggjar 20-66 år. Dette er tre gonger så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og meir enn dobbelt så mykje som landsgjennomsnittet.

**Institusjonsplassar:** Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass er på kr 1,68 mill og er høgare enn gjennomsnittet i kostra-gruppe 10 og landsgjennomsnittet. På den andre sida er andel innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Sosialhjelp:** Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar er kr 48 179 i Øygarden kommune, noko som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 46,4%. Dette er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg stønadslengde er 6,7 mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på 6,4 og eit landsgjennomsnitt på 6,3.

**Kommunehelse:** Netto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er kr 5 389 i Øygarden kommune mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på kr 4 058 og eit landsgjennomsnitt på kr 4 269. Det er 9 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar i Øygarden kommune. Dette er likt som i gruppe 10 og mindre enn landsgjennomsnittet. Det er 5,8 fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, noko som er mindre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

# Oppvekst

## Omtale av kommunalsjefområdet

Oppvekst er eit stort kommunalsjefområde med om lag 1 194 årsverk. Kommunalsjefområde leverer viktige og lovpålagte oppgåver til innbyggjarane i kommunen. Saman med dei andre tenestene skal Oppvekst sikra gode levekår og likeverdige tenester, som også skal vera berekraftige i framtida. Oppvekst har seks tenesteområde:

- **Barnehage -** 15 kommunale barnehagar. I tillegg er det 16 private barnehagar, 4 familiebarnehagar og ein open barnehage i kommunen. Barnehagemynde til kommunen (utbetaling av tilskot og tilsyn av barnehagar) ligg ikkje under ansvarsområde til Oppvekst sitt ansvarsområde, men under Service i kommunalsjefområde HR og Organisasjon.
- **Grunnskule -** 16 kommunale barneskular og 4 ungdomsskular, samt Gangstø ressurssenter som også er ein del av ungdomsskulen. I tillegg er det ein privat barne- og ungdomsskule i kommunen.
- **Vaksenopplæring**
- **BUFT (barn, unge og familietenester) -** Har mellom anna ansvar for kommunepsykolog for barn unge, helsestasjon- og skulehelseteneste, og familie- og rettleiingssenter (FOR). Kommunen har også helsestasjon for ungdom lokalisert på Sartor senter.
- **PPT (pedagogisk psykologisk teneste)**
- **Barnevern**

## Dette skal vi oppnå

I økonomiplanperioden 2023 - 2026 vil det overordna målet for oppvekstområdet i Øygarden kommune vera knytt til hovudmålet i samfunnsdelen – *innbyggarane i Øygarden har god livskvalitet*. I tråd med føringar frå både samfunnsdelen og oppvekstreforma skal vi arbeida målretta med tidleg innsats og førebyggande arbeid.

Oppvekst skal arbeida systematisk for å sikra like moglegheiter til barna som veks opp i kommunen. Dette handlar blant anna om å gje born og unge ei god, framtidsretta og likeverdig opplæring, og å arbeida målretta med førebygging av skulefråvær. I tråd med Nasjonal rammeplan for Skulefritidsordninga skal vi arbeida for å ei god og likeverdig skulefritidsordning, tilpassa våre lokale forhold, kultur og tradisjonar. Leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til omsorg og tilsyn for barna, er viktige innsatsområde. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

I økonomiplanperioden skal det arbeidast kunnskapsbasert og systematisk for å sikra ein tenleg og framtidsretta barnehage- og skulestruktur. Det inneber å dimensjonera tenestene i tråd med demografiske endringar, og å sikra effektiv og målretta ressursbruk som kjem barna til gode. Dersom vi skal klara å levera gode og berekraftige tenester også i framtida vil dette krevja omstilling og utvikling i dei ulike tenesteområda, og samarbeid både i og utanfor kommunen.

For å sikra gode oppvekstvilkår skal vi arbeida systematisk med kvalitetsutvikling som sikrar trivsel og læring i barnehage og grunnskule. Dette er også viktige målsettingar i plan for Framtidas skule i Øygarden kommune, utarbeida og vedteke i 2022. PPT, som i siste halvdel av 2022 vil endra namn til PPR (pedagogisk, psykologisk ressurssenter) spelar ei viktig rolle i dette arbeidet.

Tidleg innsats er viktig for utviklinga til born og unge, og kan førebygga og redusera ungt utanforskap og behovet for framtidige krevjande tenester. Eit viktig prinsipp i arbeidet med tidleg innsats er høg kompetanse og god kvalitet i dei ordinære tenestene. Dette har vore eit prioritert utviklingsarbeid for 2022 og vil bli vidareført i 2023-2026, blant anna gjennom arbeidet med plan for førebyggande arbeid for born og unge. Det skal arbeidast systematisk med å oppdaga og handtera barn, unge og deira familiar som er i risiko, og sikra god samhandling i oppfølginga av desse. I tillegg skal vi sikra førebyggande systemarbeid, til dømes gjennom ulike foreldrekurs, kurs til engstelege og deprimerte og anna.

## Oppdrag

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Effektiv drift av kommunale barnehagar** | • Gjennomføra endring i struktur og organisering av kommunale barnehagar for å sikre effektiv drift og låge driftskostnader i barnehagane. Det betyr blant anna etablering av større og meir robuste einingar, og dermed sterke fagmiljø og dyktige tilsette som kjem barna til gode.<br>• Vidareutvikla arbeidet i barnehagane med å redusera lange og/eller hyppig gjentakande sjukefråvær. Dette inneber blant anna rettleiing og rådgjeving til leiare, samt gjennomføring av aktuelle prosjekter for å utvikle arbeidsmiljøet gjennom eit førebyggande fokus. | Vi skal arbeida systematisk for å sikra at alle barn og unge som veks opp i kommunen har like moglegheiter. | Det er godt å veksa opp i Øygarden. |
| **Evaluering av organisering i kommunalsjefområde Oppvekst** | I løpet av 2023 skal det gjennomførast ein evaluering av struktur og organisering i kommunalsjefområde Oppvekst. Føremålet er å kartlegga kor godt organiseringa og strukturen fungerer, og fremja eventuelle tiltak for å forbetra dette. | Vi skal arbeida strukturert med økonomiplanlegging for å sikra eit berekraftig tenestetilbod. | Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør. |
| **Implementere samhandlingsmodellen for betre tverrfagleg innsats (BTI)** | • Vidareutvikla implementeringa av BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats). Modellen skildrar den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar som det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.<br>• Sikra god samordning av tenester. Det handlar om å betra samarbeidet og ikkje minst framdrifta når kommunale ulike tenester i fellesskap skal hjelpa barn/ungdom/familiar gjennom vanskar. Med ein klar struktur bidrar BTI-modellen til styrka samhandling | Vi skal arbeida førebyggande og tverrfagleg for å fremja god fysisk og psykisk helse hos innbyggarane våre, uavhengig av alder og funksjonsnivå. | Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| | mellom tenester, slik at dei jobbar målretta, effektivt og heilskapleg – og utan at det oppstår avbrot i oppfølginga. | | |
| **Oppfølging av plan for framtidas skule i Øygarden** | • Gjennomføring av kvalitetsdialog med skulane årleg<br>• Kvalitetsmelding for grunnskulen | Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv. | Det er godt å veksa opp i Øygarden. |
| **PP- tenesta tett på skule og barnehagar** | • Ressursane til spesial-pedagogisk undervisning skal endrast slik at dei i større grad vert retta mot brei og tidleg pedagogisk innsats i barnehage og tidleg barneskule. Dette er i tråd med stortingsmeldinga "Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO" (2019-2020). Dette betyr at PP-tenesta skal vera meir fysisk til stades i barnehagar og skule, og at den spesifikke bistanden og tilrettelegginga skjer på eit tidlegare tidspunkt, og i fellesskap med skule/ barnehagen.<br>• I planperioden skal det gjennomførast eit heilskapleg kompetanseløft for alle tilsette på skular og barnehagar. Føremål er å styrka spesial-pedagogisk kompetanse og å vidareutvikla arbeidsmåtar og organisering av PP-tenesta | Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv. | Det er godt å veksa opp i Øygarden. |
| **Tidleg innsats og førebyggande arbeid** | I arbeidet med tidleg innsats og førebyggande arbeid i barnehagen, er det allereie igangsett eit pilotprosjekt i Oppvekst. Gjennom prosjektet er 9 spesialpedagogar flytta frå PPT og ut i private og kommunale barnehagar. Føremålet er å gje barna rask og rett hjelp og samstundes tilføra naudsynt kompetanse inn i personalgruppa. Spesialpedagogisk kompetanse i barnehagane vil også gje ei forventa auka kvalitet i det allmennpedagogiske arbeidet. Vi støtter oss til forsking som også visar at den beste spesialpedagogiske hjelpa vi kan gje barna, er å styrka det allmennpedagogiske tilbodet. | Gjennom tidleg innsats i barnehage, barne- og ungdomsskule skal vi arbeida for at alle barn og unge i Øygarden er godt rusta til vidare utdanning og arbeidsliv. | Det er godt å veksa opp i Øygarden. |

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 993 555 | 919 515 | 964 253 | 956 633 | 956 633 | 956 633 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 50 822 | 56 162 | 56 728 | 41 528 | 27 228 | 16 228 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 53 586 | 33 082 | 43 737 | 43 737 | 43 737 | 43 737 |
| Overføringsutgifter | 39 544 | 35 864 | 44 349 | 44 349 | 44 349 | 44 349 |
| Finansutgifter | 7 648 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **1 145 154** | **1 044 623** | **1 109 067** | **1 086 247** | **1 071 947** | **1 060 947** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -57 442 | -58 531 | -55 499 | -55 499 | -55 499 | -55 499 |
| Refusjoner | -136 941 | -76 863 | -74 212 | -74 212 | -74 212 | -74 212 |
| Overføringsinntekter | -5 508 | 192 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 284 | -187 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-201 175** | **-135 389** | **-129 711** | **-129 711** | **-129 711** | **-129 711** |
| **Sum** | **943 979** | **909 234** | **979 356** | **956 536** | **942 236** | **931 236** |

*Beløp i 1000*

## Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Kommunalsjef oppvekst | 20 494 | 13 829 | 28 402 | 5 582 | -8 718 | -19 718 |
| Bildøy barnehage | 6 694 | 5 870 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bjorøy barnehage | 9 464 | 9 655 | 11 873 | 11 873 | 11 873 | 11 873 |
| Glesnes barnehage | 3 144 | -188 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Hamramyra barnehage | 15 838 | 15 428 | 17 891 | 17 891 | 17 891 | 17 891 |
| Knappskog barnehage | 11 073 | 10 446 | 12 566 | 12 566 | 12 566 | 12 566 |
| Klokkarvik barnehage | 12 412 | 12 301 | 11 322 | 11 322 | 11 322 | 11 322 |
| Leirstaden barnehage | 12 465 | 18 953 | 17 218 | 17 218 | 17 218 | 17 218 |
| Marihøna barnehage | 8 395 | 8 078 | 9 858 | 9 858 | 9 858 | 9 858 |
| Skogsvåg barnehage | 13 200 | 12 799 | 12 253 | 12 253 | 12 253 | 12 253 |
| Stranda barnehage | 14 668 | 13 119 | 14 713 | 14 713 | 14 713 | 14 713 |
| Straume barnehage | 5 900 | 5 369 | 6 135 | 6 135 | 6 135 | 6 135 |
| Telavåg barnehage | 2 644 | -154 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Terna barnehage | 14 708 | 13 879 | 11 993 | 11 993 | 11 993 | 11 993 |
| Tussetjødna barnehage | 7 826 | -374 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Ulveseth barnehage | 6 584 | 5 619 | 5 615 | 5 615 | 5 615 | 5 615 |
| Ågotnes barnehage | 11 408 | 10 188 | 11 011 | 11 011 | 11 011 | 11 011 |
| Liljevatnet barnehage | 15 834 | 14 492 | 14 008 | 14 008 | 14 008 | 14 008 |
| Spildepollen barnehage | 8 223 | 13 824 | 15 545 | 15 545 | 15 545 | 15 545 |
| Bjorøy skule | 13 179 | 12 843 | 13 838 | 13 838 | 13 838 | 13 838 |
| Blomvåg skule | 10 811 | 9 335 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Brattholmen skule | 29 932 | 29 248 | 32 237 | 32 237 | 32 237 | 32 237 |
| Foldnes skule | 25 756 | 24 187 | 26 103 | 26 103 | 26 103 | 26 103 |
| Hjelteryggen skule | 24 956 | 26 438 | 27 262 | 27 262 | 27 262 | 27 262 |
| Knappskog skule | 27 813 | 27 866 | 27 387 | 27 387 | 27 387 | 27 387 |
| Kolltveit skule | 28 261 | 25 562 | 24 797 | 24 797 | 24 797 | 24 797 |
| Landro skule | 27 047 | 26 031 | 27 079 | 27 079 | 27 079 | 27 079 |
| Rong skule | 13 379 | 12 781 | 21 034 | 21 034 | 21 034 | 21 034 |
| Skogsvåg skule | 26 236 | 25 120 | 25 999 | 25 999 | 25 999 | 25 999 |
| Skålevik skule | 13 393 | 13 764 | 13 944 | 13 944 | 13 944 | 13 944 |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Spildepollen skule | 19 494 | 19 228 | 21 431 | 21 431 | 21 431 | 21 431 |
| Stranda skule | 38 354 | 36 336 | 36 639 | 36 639 | 36 639 | 36 639 |
| Tjeldstø skule | 11 848 | 10 862 | 12 931 | 12 931 | 12 931 | 12 931 |
| Toftøy skule | 16 068 | 14 890 | 16 567 | 16 567 | 16 567 | 16 567 |
| Ulveset skule | 22 248 | 21 741 | 21 489 | 21 489 | 21 489 | 21 489 |
| Ågotnes skule | 33 411 | 31 526 | 31 979 | 31 979 | 31 979 | 31 979 |
| Fjell ungdomsskule | 53 172 | 50 235 | 52 157 | 52 157 | 52 157 | 52 157 |
| Sund ungdomsskule | 35 145 | 33 936 | 37 545 | 37 545 | 37 545 | 37 545 |
| Tranevågen ungdomsskule | 50 960 | 48 319 | 54 437 | 54 437 | 54 437 | 54 437 |
| Øygarden ungdomsskule | 25 216 | 22 824 | 26 176 | 26 176 | 26 176 | 26 176 |
| Gangstø ressurssenter | 11 106 | 8 645 | 9 084 | 9 084 | 9 084 | 9 084 |
| Vaksenopplæringa | 6 587 | 7 171 | 7 890 | 7 890 | 7 890 | 7 890 |
| Barn, unge og familietenester (BUFT) | 42 817 | 44 266 | 50 519 | 50 519 | 50 519 | 50 519 |
| PPT | 28 825 | 28 064 | 32 088 | 32 088 | 32 088 | 32 088 |
| Barnevern | 106 994 | 114 882 | 128 342 | 128 342 | 128 342 | 128 342 |
| Sum | 943 979 | 909 234 | 979 356 | 956 536 | 942 236 | 931 236 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **909 234** | **909 234** | **909 234** | **909 234** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **48 517** | **48 517** | **48 517** | **48 517** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **3 157** | **3 157** | **3 157** | **3 157** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **22 257** | **22 257** | **22 257** | **22 257** |
| **Konsekvensjusteringer** | **73 931** | **73 931** | **73 931** | **73 931** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **983 165** | **983 165** | **983 165** | **983 165** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effektivisering av barnehagesektoren - samle Tussetjødna og Leirstaden barnehage | -230 | -550 | -550 | -550 |
| Effektivisering Oppvekst | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| Omstilling/ effektivisering 2024-2026 | 0 | -14 300 | -28 600 | -39 600 |
| Reduksjon bemanning i barnehage i samsvar med barnetalet | -1 900 | -4 550 | -4 550 | -4 550 |
| Reduksjon i spesialpedagogisk hjelp i barnehagane | -1 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Reduksjon i talet på årsverk assistentar/fagarbeidarar i skulen | -2 600 | -6 250 | -6 250 | -6 250 |
| SFO, auke i betalingssats med 10 % | -1 054 | -1 054 | -1 054 | -1 054 |
| Sommarstengte barnehagar | -500 | -500 | -500 | -500 |
| Tur for 10. klassane -regionale tilbod for 2023 | -900 | -1 800 | -1 800 | -1 800 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-10 684** | **-33 504** | **-47 804** | **-58 804** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| BPA, andel kostnadar skule | 470 | 470 | 470 | 470 |
| Endra makspris barnehage | 2 755 | 2 755 | 2 755 | 2 755 |
| Tiltak for å redusera bekymringsfullt skulefråvær | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| UFO - Fritidsordning for ungdom med særskilt behov for tilsyn/ avlastning etter skuletid | 2 150 | 2 150 | 2 150 | 2 150 |
| **Sum Nye tiltak** | **6 875** | **6 875** | **6 875** | **6 875** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-3 809** | **-26 629** | **-40 929** | **-51 929** |
| **Ramme 2023-2026** | **979 356** | **956 536** | **942 236** | **931 236** |

## Innsparingstiltak

**Effektivisering av barnehagesektoren - samle Tussetjødna og Leirstaden barnehage**
Kommunedirektøren gjer framlegg om samanslåing av Leirstaden og Tussetjødna barnehage frå august 2023.

Barnehagen vert allereie i dag drifta som ein barnehage, lokalisert på to stader, og med ein styrar og assisterande styrar. I dag optimaliserer leiar drift av dei to barnehagane og frå barnehageåret 2023-2024 vil alle borna være samla i Leirstaden barnehage. Det kan forventast ein ytterlegare effektivisering med alle born samla i eit bygg. Utgifter til drift, straum og reinhald vil også kunne reduserast.

Befolkningsprognosar tilseier behov for færre barnehageplassar i budsjett og økonomiplanperioden. Demografiutviklinga tilseier ein reduksjon av eit relativt stort tal barnehageplassar frå 2022 og fram til ca. 2030.

Tiltaket vil kunne medføre eit ytterlegare press på barnehageplasser i Foldnes/Straumeområdet, og ein auka overgang til private barnehagar i området. Tiltaket medfører og at barnehagen får eit mindre, men like vel tilstrekkeleg areal for borna i barnehagen.

**Effektivisering Oppvekst**
Årleg gevinst knytt til effektivisering og omstilling av oppvekstområdet.

**Omstilling/ effektivisering 2024-2026**
Ytterlegare omstilling/ effektivisering som trengs i åra 2024-2026.

**Reduksjon bemanning i barnehage i samsvar med barnetalet**
Barne- og fødselstala i kommunen har dei siste åra blitt redusert, og ein naturleg konsekvens av dette er færre born i dei kommunale barnehagane i 2023. Det er venta omlag 50 mindre born i dei kommunale barnehagane i barnehageåret 2023/2024.

For å samstemme drifta i dei kommunale barnehagane med tal på born, blir det lagt til ein grunn ein reduksjon av 7 årsverk i  dei kommunale barnehagane frå hausten 2023. Reduksjonen vil gjerast i samarbeid med dei tillitsvalde. Fortrinnsvis gjennom naturleg avgang og intern omdisponering av tilsette.

**Reduksjon i spesialpedagogisk hjelp i barnehagane**
Kommunedirektøren gjer framlegg om reduksjon i budsjett for spesialpedagogisk hjelp og kommunal tilrettelegging i barnehagane. Befolkningsprognosen tilseier eit redusert behov for barnehageplassar i budsjett 2023 og økonomiplanperioden.

Prognosen tilseier ein reduksjon av eit relativt stort tal barnehageplassar frå 2022 og fram til ca. 2030. Færre barn i barnehagane i 2023-2024, styrking av tidleg innsats og vedtaksteam, samt effekt av prøvepilot med spesialpedagog utplassert i barnehage, gjer ei forventa redusert kostnad knytt til spesialpedagogisk hjelp og kommunal tilrettelegging i barnehagane.

Innsparinga i 2023 er kr 1 mill, og heilårsverknad frå 2024 er kr 2 mill.

**Reduksjon i talet på årsverk assistentar/fagarbeidarar i skulen**
I samband med revidert budsjett 2022 la kommunedirektøren fram forslag om å redusere talet på årsverk med assistentar og fagarbeidarar i skulen. Til grunn for tilrådinga om reduksjon av 14 årsverk, vart det vist til ei samanlikning av ressursnivået med kommunane Alver, Bjørnafjorden og Askøy. Forslaget vart ikkje vedtatt av kommunestyret.

I samband med den eksterne analysen om ressursbruk i Oppvekst (rapport frå BDO), vert det stadfesta at Øygarden kommune ligg høgare i ressursbruk med assistentar og fagarbeidarar enn dei tre nabokommunane. Omfanget av assistentar i skulen er 128 årsverk med ein årleg kostnad på kr 67,2 mill.

Kommunedirektøren rår til at omfanget av assistentar og fagarbeidarar i skulen vert redusert med 10 årsverk frå 1. august 2023. Innsparinga i 2023 er kr 2,2 mill, og heilårsverknad frå 2024 er kr 6,25 mill.

**SFO, auke i betalingssats med 10 %**
Kommunedirektøren gjer framlegg om å auka eigenbetalinga for SFO med 10 % i 2023. Forslaget inneber ein auke i eigenbetalinga på omlag kr 270 i månaden for SFO full plass (med tilsvarande auke for reduserte plassar). Øygarden kommune har i dag ein lågare foreldrebetaling enn omkringliggjande kommunar (Askøy, Bjørnafjorden, Bergen, Alver) og kommunar i kostragruppe 10. Ein gjennomgang gjort i 2021 viste at gjennomsnittsprisen for heil plass i kostragruppe 10 låg på kr 3 013 per månad, mens full plass i Øygarden kosta kr 2 720. (Summen var berre indeksregulert i 2022).

Nasjonal rammeplan for SFO var innført frå 1. august 2021. For å realisere målsetjingane i planen ser kommunedirektøren det som naudsynt å auke eigenandelen i SFO til eit nivå som samsvarer med nivået i kostragruppe 10. Dette vil gje ein meirinntekt i SFO på omlag kr 1,05 mill, og kunne delfinansiere ein rekke av satsingane i rammeplanen.

Øygarden kommune har i dag ein høg andel barn i SFO. Forslaget vil kunne medføre at nokre foreldre vil seie opp eller redusere plassen sin. Estimatet tek høgde for at talet på born i SFO vil kunne gå noko ned.

Det er viktig å presisera at dyrare satsar på SFO ikkje vil råke dei svakaste familiane i kommunen. Det er innført nasjonale moderasjonsordningar for familiar med låg betalingsevne i tillegg til at ein har ordning for søskenmoderasjon. I tillegg er det frå august 2022 innført 12 timer gratis SFO for 1. klasse.

**Sommarstengte barnehagar**
Kommunedirektøren gjer framlegg om å sommarstenge alle kommunale barnehagar dei to siste vekene i juli månad. Forslaget inneber at alle kommunale barnehagar vil avvikle to vekers ferie samstundes.

Jf. dei kommunale vedtektene for barnehagar i Øygarden må barn i kommunale barnehagar i dag avvikle minst 4 veker ferie i løpet av året. Tre av ferievekene må avviklast samanhengande i tida 15.juni til 15.august og må meldast på førehand innan 1. april. Forslaget inneber ikkje ein endring av dette, men vil gje mindre fleksibilitet for når ferien skal avviklast i dette tidsrommet.

Forslaget er rekna til å gje ein årleg innsparing på omlag kr. 500.000,-. Dette er hovudsakleg knytt til reduksjon i vikarutgiftar, men det er og venta at forslaget kan ha positive effektar knytt til lågare sjukefråvær og smidigare ferieavvikling.

Blir forslaget vedtatt må det gjerast ein vedtektsendring av punkt 5.3 i vedtekter for kommunale barnehagar.

**Tur for 10. klassane -regionale tilbod for 2023**
Kommunedirektøren gjer framlegg om å endre vedtak på skoleturar til Polen for 10.klasse.

Endringsforslaget inneber å innrette dagens skuleturar for 10. klasse på ein anna måte enn dagens skuleturar til Polen. Forslaget vil endre tidspunkt for turane frå vår til haust og leggje opp til regionale turar i Bergensområdet, og ikkje turar utanlands eller lengre reisemål i Noreg.

Det er ein tydeleg tilråding frå ungdomsskulane at dagens innretning, med klasseturar siste halvdel av 10. klasse, er svært krevjande å få til med tanke på eksamensavvikling. I tillegg er det sosiale aspektet knytt til turane i mindre grad relevant når det går mot avslutning av grunnskulen. Ved å endre turane til byrjinga av 10. klasse vil dette kunne gje sosiale og skulemiljømessige tilleggsvinstar utover det faglege.

I lys av krigen i Ukraina og den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa vil det heller ikkje vere naturleg å gjennomføre turar til Polen i nær framtid.

Turane vil leggje opp til regionale tilbod med 1-2 overnattingar. Aktuelle reisemål vil kunne vere krigsminne og liknande i Bergensområdet, som Espeland fangeleir, Fjell festning, Bjørn West museet og liknande.

Forslaget inneber at det setjast av kr 1 mill til formålet årleg, med forslag om to turar i 2023 og deretter turar kvar haust frå 2024. Dette vil gje ein innsparing på kr 900 000 for 2023 og kr 1,8 mill årleg i perioden 2024-2026.

## Nye tiltak

**BPA, andel kostnadar skule**

BPA andel kostnadar skule.

**Endra makspris barnehage**

Maksprisen for foreldrebetaling i barnehage er i framlegg til statsbudsjettet redusert frå kr 3 050 til kr 3 000 frå 1.1.2023. Budsjettet vert justert med dette dette tiltaket. Samtidig er det rekna med ein nedgang på 50 barn frå hausten 2023.

**Tiltak for å redusera bekymringsfullt skulefråvær**

I Noreg har alle barn og unge mellom 6 og 16 år plikt og rett til offentleg grunnskuleopplæring. Fleire av elevane som droppar ut av vidaregåande opplæring har hatt eit gjennomgåande høgt fråvær i løpet av grunnskulen. Elevar som fullfører grunnskulen har betre føresetnader for å lukkast i livet både med omsyn til deira eigen psykiske helse, sosiale fungering og mogelegheiter i arbeidslivet.

Skulen er ein sentral aktør rundt bekymringsfullt fråvær, både i forhold til enkeltelevar og i forhold til det førebyggjande arbeidet. Forsking viser at tidleg intervensjon og tverrfagleg innsats er avgjerande for å redusere fråværet lukkast med tilbakeføring ved langvarig fråvær.

Det er eit aukande skulefråvær i Øygarden kommune. Særleg gjeld dette ungdomssteget, men for ein del av elevane startar fråværet langt ned på barnesteget. Det vert lagt ned eit stort arbeid i enkeltsaker for å redusere fråværet. Det er mange aktørar i hjelpetenestene rundt skulen som hjelper skulane i dei vanskelegaste sakene - PPT, BUFT, ungdomstenesta og BUP som dei viktigaste.

Kommunedirektøren ser behov for å forsterka innsatsen både på systemnivå og på individnivå. Det blir lagt fram forslag om å frigjera ressursar til to prosjektstillingar i eit 3-årig prosjekt for å redusere skulefråværet.

Aktuelle arbeidsoppgåver for prosjektet vil vera:

- Få oversikt over skulefråværet i kommunen
- Bidra til samordna ressursinnsats
- Lage ein handbok for handtering av skulefråvær

- Etablere samarbeid med skulane i arbeidet med enkeltsaker

**UFO - Fritidsordning for ungdom med særskilt behov for tilsyn/ avlastning etter skuletid Fritidsordning for ungdom (UFO)**

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Oppvekst og Helse og velferd la våren 2021 fram ein rapport som konkluderte med at det var behov for å etablera eit tilbod til ungdom som har behov for tilsyn /avlasting etter skuletid. Det er hensiktsmessig at tilbodet vert lagt desentralisert på dei 4 ungdomsskulane. Tilbodet vert organisert i tett samarbeid med lærlingeordninga.

Ei kartlegging i 2021 viste at mellom 15 og 20 ungdomar har behov for dette tilbodet. Tilbodet vart iverksett på 3 ungdomsskular hausten 2022, med eit mål om at ordninga vert finansiert i budsjettet frå 2023.

Årleg kostnad er rekna til kr 2,2 mill.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B) *) **) | 427 | 472 | 381 | 681 | 407 | 549 | 568 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) *) **) | 9 193 | 9 392 | 11 487 | 14 520 | 9 802 | 13 437 | 13 300 |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet *) | 144 105 | 133 808 | 182 583 | 127 491 | 154 411 | 138 693 | 144 119 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **) | 179 470 | 196 472 | 196 068 | 196 328 | 185 864 | 181 650 | 183 795 |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **) | 98 280 | 100 761 | 104 833 | 95 805 | 93 540 | 98 444 | 99 158 |
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) *) **) | 7 419 | 8 335 | 5 621 | 9 502 | 2 544 | 5 434 | 6 826 |
| Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) *) **) | 18 184 | 23 540 | 21 743 | 14 409 | 15 807 | 19 817 | 21 268 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B) | 5,6 | 5,8 | 5,7 | 5,5 | 5,8 | 5,8 | 5,6 |
| Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) (B) *) | | 366 760 | 530 969 | 440 357 | 406 170 | 406 786 | 431 117 |
| Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (B) *) | | 61 767 | 64 588 | 30 141 | 72 906 | 46 305 | 47 459 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B) | 92,5 % | 92,6 % | 96,0 % | 98,4 % | 92,3 % | 93,7 % | 93,6 % |
| Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B) | 100,9 % | 95,2 % | 84,5 % | 91,8 % | 106,8 % | 89,2 % | 89,3 % |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 9,6 % | 11,0 % | 9,7 % | 7,0 % | 6,7 % | 8,1 % | 7,9 % |
| Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B) | 58,1 % | 62,9 % | 49,3 % | 58,2 % | 47,3 % | 57,2 % | 57,4 % |
| **Kvalitet** | | | | | | | |
| Elevunders. 10. trinn - Trivsel | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,3 | 4,1 | | |
| Elevunders. 7. trinn - Trivsel | 4,1 | 4,1 | 4,1 | 4,2 | 4,1 | | |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn | 12,7 | 13,1 | 12,1 | 13,6 | 13,4 | 13,5 | 12,7 |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing | 48,0 | 49,0 | 48,0 | 49,0 | 49,0 | | |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Regning | 49,0 | 50,0 | 48,0 | 48,0 | 51,0 | | |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | | | |
| Helsesøster avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.) | 28,6 | 28,7 | 23,3 | 36,8 | 15,4 | 25,2 | 23,9 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

**Vaksenopplæring:** Korrigerte brutto driftsutgifter til vaksenopplæring per innbyggjar er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Helsestasjons- og skulehelseteneste:** Øygarden kommune bruker kr 9 392 per innbyggjar 0-5 år til helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det er fleire helsesjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar 0-20 år enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Barnevernsteneste:** Netto driftsutgifter per barn i barnevernstenesten er kr 133 808. Dette er lågare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Barnehage:** Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år er kr 196 472 i Øygarden kommune. Øygarden kommune drifter barnehagane sine dyrare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Samtidig er det ein lågare andel barn som har barnehageplass enn i gruppe 10 og på landsbasis.

**Grunnskule:** Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6-15 år er kr 100 761. Dette er høgre enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Når det gjeld spesialundervisning er det 11 % av elevane i grunnskulen i Øygarden som har spesialundervisning. Til samanlikning er det 8,1 % av elevane i gruppe 10 som har spesialundervisning og 7,9 % på landsbasis som har spesialundervisning. Andel elevar med spesialundervisning har auka frå 2020 til 2021.

**SFO:** Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod per innbyggjar 6-9 år er kr 8 335. Dette er over samanliknbare kommunar i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

# Kultur og samfunn

## Omtale av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikra ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Dette skjer gjennom overordna planlegging og gjennomføring av prioriterte utviklingsprosjekt. Området legg også føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadsutvikling, klima, miljø og folkehelse.  Gjennom samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga.

Kommunalsjefområda  har ansvar for utvikling, forvaltning og drift av den kommunale eigedomsmassen, vegar og kaier. Gjennom prioriterte utviklingsprosjekt og rolla som grunneigar spelar kommunen ei viktig rolle i samfunnsutviklinga.

Kultur og frivilligheit er sentrale berebjelkar i det tverrfaglege arbeidet med å førebyggja og fremja god folkehelse. Kulturlivet har kraft til å bidra i arbeidet innan helse og velferd, oppvekst og utdanning, klima og miljø, internasjonale relasjonar og utviklinga av lokaldemokratiet.

Mange av oppgåvene er sektorovergripande og skal samordna interesser på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Tenestene skal bidra til heilskapleg samfunnsutvikling og tilretteleggja for attraktive lokalsentrum og tettstader, gode bumiljø, uteareal og offentlege rom, grøne verdiar og naturmangfald.

Plan-, oppmåling- og byggesaksbehandling skal vere profesjonell og brukarorientert. Ei viktig rolle er rettleiing, opplæring og dialog med brukarane, og å sikra ein riktig balanse mellom rask behandling og forsvarleg kvalitet i høve til plan- og bygningslovens, matrikkellovens og forvaltningslovens krav.

Einingar:

- Plan, geodata og oppmåling
- Byggesak, tilsyn og miljøforvalting
- Eigedom, drift og vedlikehald
- Reinhald
- Kultur

## Dette skal vi oppnå

Eit viktig mål i samfunnsdelen er at Øygarden kommune skal vera ein god stad å bu, med attraktive og inkluderande lokalsamfunn som legg til rette for gode kvardagsliv, med god tilgang til natur, handel, kultur og tenestetilbod. For å oppnå dette skal kommunen ta ein aktiv rolle som samfunnsutviklar ved å setta retning og vera ein mobiliserande og samlande aktør i øygardssamfunnet.

Eit trygt og tilgjengeleg transport- og mobilitetssystem er viktig for å binda kommunen saman, og å sikra at innbyggjarane har god tilgang viktige teneste- og kulturtilbod. Vi skal arbeida aktivt for å tilby fleksible, berekraftige og smarte transportordningar, og legga til rette for at fleire kan gå, sykla og reisa kollektivt. I dette arbeidet skal kommunen vera ein aktiv samarbeidspart i Miljøløftet og opp mot Skyss.

Tilgang på trygge bustadar er viktig for å oppnå ein god stad å bu. Variasjon i bustadtypar og bustadformar skal legga til rette for at innbyggjarane kan meistra eigne liv, uavhengig av alder og funksjonsnivå. Gjennom arbeidet med bustadplanen skal vi ta ei aktiv og koordinerande rolle i dette arbeidet.

Klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling er eit viktig satsingsområde i økonomiplanperioden. Kultur og samfunn skal ta ei koordinerande rolle i klima- og miljøarbeidet i organisasjonen, og bidra til aktiv miljøleiing. Gjennom god arealplanlegging skal vi ta vare på viktig natur, artsmangfald og kyst- og kulturlandskap. Vi skal arbeida systematisk med å kutta utslepp i eigen organisasjon, blant anna gjennom å sikra god energistyring i eigne bygg.

Klima- og næringsvenleg samfunnsutvikling handlar også om grøn omstilling i næringslivet. Som kommune skal vi arbeida for å vera ein føregangskommune for grøn omstilling, blant anna vera å vera ein aktiv og god samarbeidspart for viktige drivarar som til dømes Energiparken og flyttinga av godshamna til Ågotnes. Vi skal også legga til rette for næringsutvikling i heile kommune, blant anna gjennom turisme, reiseliv og landbruk.

Utviklinga av gode og aktive lokalsamfunn har stor betydning for folkehelsearbeidet i kommunen. Vi skal mobilisera ressursar i lokalsamfunna, og styrka moglegheitene for at innbyggjarane kan involvera seg i samfunnet og lokaldemokratiet. Saman med lokalsamfunna, frivilligheita og næringslivet skal vi legga til rette for gode nabolag og møteplassar som bidreg til tilhøyrsle, inkludering og deltaking. Frivilligheita skal sikrast gode rammevilkår, og vil skal stimulera til eit rikt kulturliv.

## Oppdrag

"-" vert nytta der det ikkje er registrert data

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Arbeida aktivt med trafikksikring** | • Arbeida aktivt med data og analysar for å sikra gode oversikt og kunnskap om behov for trafikksikringstiltak<br>• Oppstart av trafikksikringsplan 2023<br>• I samråd med oppvekst arbeida for at fleire kan gå og/eller sykla til skulen | Vi skal betra transporttryggleiken gjennom godt kunnskapsgrunnlag, trygg infrastruktur, drift og vedlikehald og informasjons- og mobilitetsopplæring. | Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløysingar. |
| **Auka fokus på brukarorientert saksbehandling** | • Auka fokus på rettleiing, opplæring og dialog<br>• Faste treffpunkt med næringslivet for å bidra til ein open og god dialog<br>• Vera ein føreseieleg og tillitsskapande samarbeidspart | Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre. | Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør. |
| **Auka fokus på strategisk eigedomsutvikling og –forvaltning** | • Utarbeida langsiktig eigedomsstrategi<br>• Utarbeida langsiktig vedlikehaldsplan | Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre. | Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør. |
| **Forsterka rolla til kommunen som samfunnsutviklar i regionsenter og kommunedelsenter** | • Bygga oppe eit fond til bruk ved utbyggingsavtalar<br>• Vera ein aktiv og føreseieleg samarbeidspart for utbyggjarar frå planinitiativ til gjennomført plan<br>• Sikra brei medverknad og forankring i kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet | - | Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn. |

| Oppdrag | Beskriving | Strategi | Delmål |
|---|---|---|---|
| **Klima- og miljøvenleg arealbruk** | Utarbeida ny arealdel til kommuneplanen som følgjer opp vedteken senterstruktur i samfunnsdelen | - | - |
| **Legga til rette for fleksible og berekraftige transportordningar** | • I samarbeid med Skyss og Miljøløftet skal kommunen setta i gang prosjekt og tiltak innanfor fleksible og berekraftige transport- og mobilitetsordningar i kommune<br>• Arbeida aktivt med haldningsskapande arbeid for nå målsettingane om at fleire går, syklar eller reiser kollektivt | Vi skal arbeida aktivt for å tilby fleksible, berekraftige og smarte transportordningar til innbyggarane, på tvers av alder, funksjonsnivå og digital kompetanse. | Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløysingar. |
| **Legga til rette for grøn om stilling og næringsutvikling** | Arbeida aktivt for å utvikla kommunen vidare som ein næringsvenleg kommune | Vi skal vera ein tilretteleggjar og pådrivar for nye investeringar og partnarar i det grøne skiftet. | Øygarden er eit nasjonalt og globalt utstillingsvindauga for innovasjon og grøn omstilling. |
| **Legga til rette for variasjon i bustadtypar og bustadformar** | • Utarbeida bustadsosial temaplan | Gjennom auka og fleksibel bruk av bustadsosiale verkemiddel skal vi legga til rette for at fleire får høve til å eiga eigen bustad. | Alle innbyggarane i Øygarden har tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar. |
| **Lokal samfunnsutvikling, innbyggjarinvolvering og medborgarskap** | Utarbeida kultur- og frivilligheitsstrategi, jamfør planstrategien | - | Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør. |
| **Sikra aktiv og koordinert klima- og miljøleiing i kommunen** | • Etablera ei ny stilling som klima- og miljørådgjevar som skal koordinera klima og miljøarbeidet i kommunen<br>• Utarbeida årleg rapport over eigne utslepp av klimagassar, og laga planar for å redusera desse<br>• Innføra miljøstyring og miljøsertifisering av eigen verksemd | Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleiing. | Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon |

# Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | 185 917 | 174 388 | 184 990 | 185 922 | 185 922 | 185 922 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 177 113 | 150 754 | 170 100 | 161 183 | 155 285 | 152 085 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 3 877 | 2 280 | 1 928 | 1 928 | 1 928 | 1 928 |
| Overføringsutgifter | 65 746 | 31 814 | 31 874 | 31 874 | 31 874 | 31 874 |
| Finansutgifter | 8 870 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsutgifter** | **441 523** | **359 236** | **388 892** | **380 907** | **375 009** | **371 809** |

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | -58 991 | -58 222 | -62 835 | -62 835 | -62 835 | -62 835 |
| Refusjoner | -53 858 | -32 739 | -31 955 | -31 955 | -31 955 | -31 955 |
| Overføringsinntekter | -4 609 | -1 060 | -1 060 | -1 060 | -1 060 | -1 060 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -4 941 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-122 399** | **-92 021** | **-95 850** | **-95 850** | **-95 850** | **-95 850** |
| **Sum** | **319 124** | **267 215** | **293 042** | **285 057** | **279 159** | **275 959** |

*Beløp i 1000*

## Fordeling på eining (tabell)

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Kommunalsjef kultur og samfunn | 17 402 | 1 627 | 3 959 | -341 | -4 641 | -7 841 |
| Kultur | 38 302 | 33 353 | 31 491 | 31 491 | 31 141 | 31 141 |
| Plan, geodata og oppmåling | 17 565 | 17 546 | 17 257 | 17 257 | 17 257 | 17 257 |
| Byggesak | 5 185 | 5 155 | 5 368 | 5 368 | 5 368 | 5 368 |
| Eigedom- drift og vedlikehald | 169 453 | 142 023 | 165 890 | 162 285 | 161 037 | 161 037 |
| Reinhald | 71 217 | 67 512 | 69 077 | 68 997 | 68 997 | 68 997 |
| **Sum** | **319 124** | **267 215** | **293 042** | **285 057** | **279 159** | **275 959** |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **267 215** | **267 215** | **267 215** | **267 215** |
| **Sum Tekniske justeringer** | **20 602** | **20 602** | **20 602** | **20 602** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **10 830** | **12 092** | **10 494** | **10 494** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **3 300** | **3 300** | **3 300** | **3 300** |
| **Konsekvensjusteringer** | **34 732** | **35 994** | **34 396** | **34 396** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **301 947** | **303 209** | **301 611** | **301 611** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effektivisering av driftsoppgåver | -3 308 | -3 308 | -3 308 | -3 308 |
| Effektivisering reinhald | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -2 500 |
| ENØK tiltak og riving av bygg | -3 697 | -8 209 | -8 209 | -8 209 |
| Omstilling/ effektivisering 2024-2026 | 0 | -4 300 | -8 600 | -11 800 |
| Reduksjon kulturaktiviteter for menneske med nedsatt funksjonsevne - dagtilbod Kultur | -250 | -500 | -500 | -500 |
| Samanslåing av Leirstaden og Tussetjødna barnehagar | -145 | -330 | -330 | -330 |
| Stenging av terapibasseng på Rong | -420 | -420 | -420 | -420 |
| Vedlikehald | -2 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-12 320** | **-21 567** | **-25 867** | **-29 067** |
| **Nye tiltak** | | | | |
| Nordsjøfartsmuseet, 25-års jubileum | 150 | 150 | 150 | 150 |
| Ny husleigeinntekt Skjenet 2 og Jøneset | -1 855 | -1 855 | -1 855 | -1 855 |
| Shetland race, medseglarar - venskapsavtale | 40 | 40 | 40 | 40 |
| Straumutgifter | 5 080 | 5 080 | 5 080 | 5 080 |
| **Sum Nye tiltak** | **3 415** | **3 415** | **3 415** | **3 415** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-8 905** | **-18 152** | **-22 452** | **-25 652** |
| **Ramme 2023-2026** | **293 042** | **285 057** | **279 159** | **275 959** |

## Oversikt over bruk av vedlikehaldsmidlar

| Prosjektnamn | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Miljøretta helsevern | 4 000 | 5 000 | 2 500 | | 11 500 |
| Kommunedelsenter Rong, oppgradering fasade | | 800 | | | 800 |
| Hjelme Kyrkje: Oppussing og maling | | 320 | | | 320 |
| Gamle Hjelme kyrkje: Maling | | | | 500 | 500 |
| Blomvåg kyrkje: Vedlikehald borggard | | | 200 | | 200 |
| Landro kyrkje: Røyrfornying avlaup | 250 | | | | 250 |
| Foldnes kyrkje: Rehabilitering mur | | | 500 | | 500 |
| Foldnes kyrkje: Utbetring av dragarar | | | 1 000 | | 1 000 |
| Foldnes kyrkje: Maling | | 1 500 | | | 1 500 |
| Dam Storavatn | 1 300 | | | | 1 300 |
| Golv postkjøkken Tednebakkane | | 500 | 500 | | 1 000 |
| Sundheimen maling av diverse rom | | 600 | 600 | | 1 200 |
| Kommunedelsenter Rong, Menerga aggregat for Bassenger, oppgradering | | | 280 | | 280 |
| Kommunedelsenter Rong, Ny kledning | | | | 980 | 980 |
| Kommunedelsenter Rong, Bytte av sandfilter til terapibasseng | | | 420 | | 420 |
| Øygarden ungdomsskule, oppgradering kanalar/tilluftsventilar m/ny innregulering | | 644 | | | 644 |
| Øygarden ungdomsskule, innvendige lås og beslag | | | 168 | | 168 |
| Øygarden ungdomsskule, vinterhage i naturfagsdel | | | 98 | | 98 |
| Øygarden ungdomsskule, nye inntaksrister til 4 aggregater med tilpassingar etc. | | 98 | | | 98 |
| Øygarden ungdomsskule, utbetring av sløyser og beslag på tak | | 840 | 840 | | 1 680 |
| Tednebakkane omsorgssenter, utbetring av flate takpartier | | 316 | 300 | | 616 |
| Tednebakkane omsorgssenter, utskifting av beslag i sløyser og på tak | | | | 1 680 | 1 680 |
| Tednebakkane omsorgssenter, nye inntaksrister til 5 aggregater med tilpasninger etc. | | | | 126 | 126 |

| Prosjektnamn | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Toftøy gamle bygg, nye vindauge | | | | 1 470 | 1 470 |
| Toftøy gamle bygg, ny kledning | | | | 504 | 504 |
| Toftøy gamle bygg, utbetre drenering i bakkant av bygg/gymsal | | | | 476 | 476 |
| Toftøy gamle bygg, utbetring av murfasade | | | | 560 | 560 |
| Toftøy gamle bygg, oppgradere santitæranlegget | | | | 1 750 | 1 750 |
| Dalsneset brannstasjon, nye vindauge/dører | | 200 | 486 | | 686 |
| Dalsneset brannstasjon, nytt tak | | | 1 078 | | 1 078 |
| Dalsneset brannstasjon, oppgradering av innvendige overflater | | | | 2 100 | 2 100 |
| Rong skule, utskifting av 11 stk. vindauge | | 224 | | | 224 |
| Sundheimen luftbehaldlingsanlegg | 800 | | | | 800 |
| Skogsvåg skule reparasjon av glasstak | | 500 | | | 500 |
| Klokkarvik barnehage, maling | | 450 | | | 450 |
| Stranda barnehage skifte noko lysarmatur | | 200 | 200 | | 400 |
| Spildepollen skule reparasjon etter hærverk | | | | | 500 |
| Stranda skule skifte av huskestativ | 400 | 450 | | | 850 |
| Sund ungdomsskule vedlikehald utvendig og innvendig | | 675 | | | 675 |
| Sundhallen utvendig maling | | 500 | | | 500 |
| Straume terapisenter | | | | | 96 |
| Øyane DPS solskjerming | 675 | | | | 675 |
| Klokkarvik barnehage terrengsklie | | 150 | | | 150 |
| Stranda skule utskifting av fallmatter | | 70 | | | 70 |
| Strand symjehall automatisering av bicarbonat | | 35 | | | 35 |
| Skålevik kunstgrasbane fjellsikring | | | | 380 | 380 |
| Kurssenteret Skogsskiftet utleige til næringsformål | | | | | 300 |
| Stranda symjehall SD-anlegg | | | | | 300 |
| Sundheimen | | | 1 167 | | 1167 |

| Prosjektnamn | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Sundheimen | | 310 | | | 310 |
| Fjell ungdomsskule | 600 | | | | 600 |
| Rådhuset - tilpassingar for fleire kontorarbeidsplassar | 1 150 | | | | 1150 |
| Uforutsette hendingar på bygg og anlegg | 1 900 | | | | 1900 |
| | | | | | 0 |
| **Sum** | **11 075** | **14 382** | **10 337** | **10 526** | **47 516** |

## Innsparingstiltak

**Effektivisering av driftsoppgåver**
Som følgje av reorganisering av eigedom, drift og vedlikehald vil drifta effektiviserast.

Reorganiseringa inneber eit auka fokus på strategisk eigedomsforvaltning, der eigedomsstrategi og vedlikehaldsplanar vil spele ei sentral rolle som styringsdokument for forvaltning av eigedomsporteføljen.

Gjennom gode styringsdokument vil det vere mogleg å utnytte ressursene på ei betre måte, samstundes som kommunen har god oversikt over tilstanden på eigedomsporteføljen.

Effektiviseringa skal skje gjennom ei kombinasjon av reduksjon i ressursar, meir meir effektiv bruk av ressurasane og reduserte kjøpte tenester.

**Effektivisering reinhald**
Effektivisering av reinhald gjennom færre årsverk ved naturleg avgang, mindre bruk av ferievikarar og reduksjon i kveldstillegg ved omlegging av arbeidstid til morgonvask i staden for kveldsvask.

**ENØK tiltak og riving av bygg**
Skifte til LED lamper med styringssystem på kommunalt vegnett. Ansvar for service og vedlikehald av veglys på fylkesvegar går over til fylket i siste halvdel av 2023. Riving/avvikling av gamle skulebygg.

**Omstilling/ effektivisering 2024-2026**
Ytterlegare omstilling/ effektivisering som trengs i åra 2024-2026.

**Reduksjon kulturaktiviteter for menneske med nedsatt funksjonsevne - dagtilbod Kultur**
Kulturaktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne - dagtilbod Kultur. Tilbodet vert redusert noko og må gjennomført innan ordinær drift.

**Samanslåing av Leirstaden og Tussetjødna barnehagar**
Effekt ved samanslåing av 2 barnehagar, Leirstaden og Tussetjødna.

**Stenging av terapibasseng på Rong**
Halde terapibadet på Rong stengt.

**Vedlikehald**
Vedlikehald vert justert noko ned. Før det er utarbeidd ein vedlikehaldsplan og det er beskrive korleis ein systematisk utfører vedlikehald i kommunen er dette vurdert som forsvarleg. Dette inngår også i reorganisering av verksemda for proaktiv byggdrift.

## Nye tiltak

**Nordsjøfartsmuseet, 25-års jubileum**

Nordsjøfartmuseet vart opna av stortingspresident Kirsti Kolle Grøndahl 26. april 1998.

I 2023 er museet 25 år og vil vise seg fram med ein hovudfeiring i perioden 25-27 april. Museet søker støtte på kr 250 000 til markering med understreking av internasjonal tilknyting som Telavåg har til 2. verdskrig, invitasjon til vennskapskommunane; Lidice i Tsjekkia, Putten i Nederland og Shetland til Telavåg, foredrag og historieformidling.

Kommunedirektøren har innstilt på å imøtekomma søknaden med kr 150 000.

**Ny husleigeinntekt Skjenet 2 og Jøneset**
Ny husleigeinntekt Skjenet 2 og Jøneset.

**Shetland race, medseglarar - venskapsavtale**
Nytt tiltak som må prioriterast for å følgja opp vennskapsavtalen med Shetland. Ein delegasjon reiste over til Shetland i juni 2022 og fornya vennskapsavtalen mellom Øygarden kommune og Shetland. Ein prioritering av kulturutveksling årleg er viktig for å halde banda levande. Midlane går til pokal som Shetland Race deler ut kvart år til vinnar av årets race, samt at ungdom frå kommunen kan vera medseglar på nokon båtar og vera kulturberar frå Øygarden.

**Straumutgifter**
Oppjustert straumutgiftene frå revidert budsjett 2022 til kr 47,6 mill med ei føresetnad om ein snittpris på kr 2,5/ kwh i 2023. Anslaget er usikkert.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling (B) *) **) | 382 | 426 | 474 | 249 | 220 | 334 | 372 |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B) *) | 1 995 | 2 134 | 2 098 | 2 632 | 1 872 | 2 555 | 2 684 |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *) | 1 204 | 1 522 | 1 427 | 603 | 927 | 1 150 | 1 366 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B) *) **) | 125 | 125 | 22 | 154 | 61 | 54 | 90 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B) *) **) | 54 | 20 | 159 | 115 | 253 | 177 | 253 |
| Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B) *) **) | 709 | 907 | 420 | 715 | 359 | 783 | 689 |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger (B) *) | 293 | 308 | 330 | 333 | 281 | 299 | 310 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) *) | 1 605 | 1 709 | 2 718 | 2 044 | 2 575 | 2 315 | 2 865 |
| **Produktivitet** | | | | | | | |
| Behandlede byggesøknader i alt (antall) | 396 | 637 | 356 | 267 | 664 | 6 509 | 79 798 |
| Brutto driftsutgifter i kr til gatebelysn. pr. km komm. vei (B) *) | 48 194 | 58 477 | 25 926 | 21 390 | 15 522 | 26 422 | 25 675 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til administrasjonslokaler per kvadratmeter (B) *) | 1 882 | 1 803 | 2 487 | 1 819 | 912 | 1 340 | 1 123 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til førskolelokaler per kvadratmeter (B) *) | 2 080 | 2 365 | 1 555 | 1 065 | 1 235 | 1 670 | 1 740 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til institusjonslokaler per kvadratmeter (B) *) | 1 533 | 1 647 | 1 812 | 1 724 | 1 313 | 1 324 | 1 178 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per kvadratmeter (B) *) | 1 192 | 1 463 | 979 | 1 441 | 1 531 | 1 443 | 1 307 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per kvadratmeter (B) *) | 1 247 | 1 134 | 1 585 | 682 | 768 | 1 136 | 1 064 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) *) | 23 316 | 27 403 | 20 694 | 23 946 | 25 277 | 22 909 | 23 345 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til skolelokaler per kvadratmeter (B) *) | 1 242 | 1 412 | 1 169 | 936 | 941 | 1 139 | 1 158 |
| **Dekningsgrad** | | | | | | | |
| Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger (B) | 4,53 | 4,48 | 11,05 | 5,48 | 7,36 | 5,98 | 8,19 |
| **Økonomi** | | | | | | | |
| Utgifter til driftsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) *) | 687 | 855 | 751 | 589 | 661 | 667 | 636 |
| Utgifter til renholdsaktiviteter Formålsbygg, kommune Utgifter per kvadratmeter bygg (kr) *) | 263 | 271 | 233 | 148 | 219 | 189 | 172 |
| Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr) *) | 100 | 154 | 86 | 126 | 91 | 114 | 109 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

**Plansaksbehandling:** Korrigerte brutto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbyggjar er kr 426 for Øygarden kommune, noko som er meir enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Kultur:** Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar er kr 2 134 for Øygarden kommune. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til muser per innbyggjar er kr 125 som er over dobbelt så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og langt over landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg per innbyggjar er kr 907 som er langt høgre enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

**Byggesak:** talet på behandla byggesøknadar er auke markant frå 2020 til 2021.

# Finans

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap | Budsjett | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Driftsutgifter** | | | | | | |
| Lønn | -103 182 | -38 267 | -98 176 | -98 176 | -98 176 | -98 176 |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 379 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 122 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsutgifter | 19 345 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Finansutgifter | 304 359 | 321 000 | 408 000 | 422 000 | 446 000 | 463 000 |
| **Sum Driftsutgifter** | **221 023** | **282 733** | **309 824** | **323 824** | **347 824** | **364 824** |
| **Driftsinntekter** | | | | | | |
| Salgsinntekter | 2 | -100 | -100 | -100 | -100 | -100 |
| Refusjoner | 2 672 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringsinntekter | -2 615 933 | -2 543 552 | -2 772 700 | -2 720 420 | -2 718 920 | -2 718 920 |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -194 076 | -183 100 | -228 286 | -228 286 | -228 286 | -228 286 |
| **Sum Driftsinntekter** | **-2 807 335** | **-2 726 752** | **-3 001 086** | **-2 948 806** | **-2 947 306** | **-2 947 306** |
| Sum | -2 586 312 | -2 444 019 | -2 691 262 | -2 624 982 | -2 599 482 | -2 582 482 |

## Driftsbudsjett med endringar

*Beløp i 1000*

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| **Opprinnelig budsjett** | **-38 367** | **-38 367** | **-38 367** | **-38 367** |
| **Sum Vedtak forrige periode** | **-31 809** | **-31 809** | **-31 809** | **-31 809** |
| **Sum Budsjettendring i år** | **5 000** | **5 000** | **5 000** | **5 000** |
| **Konsekvensjusteringer** | **-26 809** | **-26 809** | **-26 809** | **-26 809** |
| **Konsekvensjustert ramme** | **-65 176** | **-65 176** | **-65 176** | **-65 176** |
| **Innsparingstiltak** | | | | |
| Effekt av bruk av premiefond med kr 203 mill i 2022 | -33 100 | -33 100 | -33 100 | -33 100 |
| **Sum Innsparingstiltak** | **-33 100** | **-33 100** | **-33 100** | **-33 100** |
| **Nye tiltak og realendringer** | **-33 100** | **-33 100** | **-33 100** | **-33 100** |
| **Ramme 2023-2026** | **-98 276** | **-98 276** | **-98 276** | **-98 276** |

## Innsparingstiltak

**Effekt av bruk av premiefond med kr 203 mill i 2022**

Bruk av premiefond i 2022 med kr 203 mill gjev ei kostnadseffekt på pensjonskostnadene med kr 33,1 mill kvart år i økonomiplanperioden.

## Kostra-analyse

| | Øygarden 2020 | Øygarden 2021 | Alver | Haugesund | Karmøy | Kostragruppe 10 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | | | |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 2,9 % | 2,5 % | 12,7 % | 12,6 % | 16,2 % | 12,5 % | 13,7 % |
| Eiendomsskatt per innbygger (B) | 4 118 | 4 076 | 3 967 | 2 878 | 3 121 | 2 934 | 2 941 |
| Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) *) **) | 65 891 | 67 913 | 66 961 | 64 415 | 62 693 | 61 688 | 65 039 |
| **Økonomi** | | | | | | | |
| Frie inntekter i kroner per innbygger (B) *) **) | 58 474 | 61 821 | 63 039 | 62 155 | 60 977 | 59 940 | 63 071 |
| Langsiktig lånegjeld korr for pensjon per innbygger | 102 384 | 96 597 | 126 742 | 81 208 | 67 419 | 108 812 | 111 189 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | -0,3 % | -0,1 % | 3,2 % | 3,4 % | 5,0 % | 3,7 % | 4,2 % |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *) | 83 422 | 71 820 | 104 460 | 63 456 | 53 578 | 89 770 | 90 299 |

**) Inflasjonsjustert med deflator*
***) Justert for utgiftsbehov*

# Investeringar i økonomiplanen

Investeringsramma for 2023 er kr 153 mill, noko som er ein nedgang på kr 20 mill frå 2022. Dette er i tråd med vedteke handlingsregel om at lånegjelda skal reduserast.

Grønamyrsvegen er finansiert via midlar frå Miljøløftet, Klp eigenkapitaltilskot gjeld sjukepleiarar og er finansiert ved bruk av ubundne investeringsfond. Resten av investeringane er lånefinansiert.

Bruk av lån er kr 95 mill. Kommunedirektøren gjer framlegg om at låneopptaket i 2023 vert kr 50 mill. Resten vert finansiert av ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

Det er større behov i organisasjonen for investeringar enn det som er mogleg å prioritera i 2023, både kostnadsmessig, men også ressursmessig i form av prosjektleiarar. Vi har i denne økonomiplanen detaljert investeringane meir enn før. Dette er i tråd med gjeldande regelverk og gjer at det er lettare å samanstilla rekneskap med budsjett.

Investeringsbudsjettet er laga etter følgjande prioriteringar:

- Tidlegare forpliktingar (investeringar som er i gang og som det vert lagt inn midlar til for å fullføra)
- ENØK-tiltak
- Pålegg/ HMS-krav

## Gjeldsutvikling

Øygarden kommune vil per 1.1.2023 ha ei lånegjeld på kr 3 mrd. Dette gjeld berre lån til investerinar, i tillegg kjem startlån. I økonomiplanperioden 2023-2026 vil vi ha ei slik utvikling i lånegjelda med dei investeringane som ligg inne i denne planen:

| | R-2021 | B-2022 | B-2023 | B-2024 | B-2025 | B-2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Saldo 1.1 | 3 019 150 | 3 037 862 | 3 015 862 | 2 954 862 | 2 933 862 | 2 947 862 |
| Nye lån | 120 000 | 80 000 | 50 000 | 90 000 | 125 000 | 120 000 |
| Avdrag | 101 288 | 102 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 | 111 000 |
| Renter | 64 646 | 79 000 | 130 000 | 130 000 | 130 000 | 13 000 |
| **Saldo 31.12** | **3 037 862** | **3 015 862** | **2 954 862** | **2 933 862** | **2 947 862** | **2 956 862** |

Alle tal i heile tusen kr

Lånegjelda varierer i økonomiplanen frå kr 3,02 mrd til kr 2,96 mrd. Renteutgiftene er rekna ut frå dagens rentebane.

## Startlån

Startlån er lagt inn i investeringsbudsjettet med kr 85 mill kvart år i økonomiplanperioden. I 2023 gjer kommunedirektøren framlegg om at låneopptaket vert kr 40 mill. Resten av vert finansiert av ubrukte lånemidlar knytt til startlån frå tidlegare år.

## Investeringstabell for kommunen samla

*Beløp i 1000*

| Investeringsprosjekter<br>Øygarden kommune | Samla prosjektbeløp<br>Tidlegare løyving | Økonomiplan<br>2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum<br>2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Asfaltering | 0 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 8 000 | 32 000 |
| Bil, hjelpemiddellager | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 | 700 |
| Blomvåg skule, moglegheitsstudie etterbruk | 0 | 1 300 | 0 | 0 | 0 | 1 300 |
| Blærescanner | 0 | 150 | 0 | 0 | 0 | 150 |
| Brattholmen gamle skule, planlegging flytting | 0 | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Brattholmen skule, leikeområde og overvatn | 0 | 4 000 | 0 | 0 | 0 | 4 000 |
| Chromebooks | 10 000 | 1 500 | 8 500 | 1 500 | 1 500 | 13 000 |
| Døsjø kai | 0 | 700 | 0 | 0 | 0 | 700 |
| Dåvøy bru, oppgradering | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Energikartlegging av bygg | 0 | 3 000 | 0 | 0 | 0 | 3 000 |
| Fjell kyrkje, rehabilitering | 12 000 | 17 000 | 10 000 | 0 | 0 | 27 000 |
| Fjell ungdomsskule, skisseprosjekt rehabilitering | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Fjellsikring | 0 | 600 | 500 | 500 | 500 | 2 100 |
| Gamle Fjell skule, moglegheitsstudie | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate | 35 000 | 28 200 | 0 | 0 | 0 | 28 200 |
| Helsestasjonen, fagsystem | 0 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 1 200 |
| IKT investeringar | 28 417 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 12 000 |

| Investeringsprosjekter | Samla prosjektbeløp Tidlegare løyving | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Infrastruktur kommunesenter: Nygata | 0 | 0 | 16 000 | 0 | 14 000 | 30 000 |
| Kausland kyrkje, varmepumpe | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Klp eigenkapitaltilskot | 41 600 | 900 | 900 | 900 | 900 | 3 600 |
| Knappskog molo | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Kolltveit skule, ombygging | 8 000 | 12 500 | 0 | 0 | 0 | 12 500 |
| Kommunale bygg, LED-lys | 0 | 2 000 | 2 000 | 0 | 0 | 4 000 |
| Landro kyrkje, varmepumper | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Maskiner og utstyr til kunstgressbanar | 0 | 1 300 | 500 | 0 | 0 | 1 800 |
| Misje skule, miljøsanering og riving | 0 | 1 800 | 0 | 0 | 0 | 1 800 |
| Ny skule vestsida | 12 500 | 15 000 | 50 000 | 135 000 | 122 500 | 322 500 |
| Nygårdsvegen, ny støttemur | 0 | 2 100 | 0 | 0 | 0 | 2 100 |
| Oni bru, spesialinspeksjon | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Oppvekstadministrativt system (OAS) | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Porsvika fiskerihamn - lagerbygg | 5 300 | 4 600 | 0 | 0 | 0 | 4 600 |
| Reinhaldsmaskiner | 0 | 500 | 500 | 500 | 500 | 2 000 |
| Reservepost samferdsle/ trafikktryggleik | 0 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 20 000 |
| Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Rotevågsund bru, oppgradering | 0 | 300 | 0 | 0 | 0 | 300 |
| Selstø kai | 0 | 230 | 0 | 0 | 0 | 230 |
| Skogsskiftet, infrastruktur | 0 | 0 | 0 | 7 500 | 25 000 | 32 500 |
| Steinsland kai, rehabilitering | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 | 200 |
| Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Sulo kai - spesialinspeksjon | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Sund ungdomsskule, to nye stasjonar på skulekjøkken | 0 | 600 | 0 | 0 | 0 | 600 |
| Tednebakkane omsorgssenter, takheis | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Tednebakkane, solskjerming | 0 | 850 | 0 | 0 | 0 | 850 |
| Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør | 84 000 | 1 200 | 0 | 0 | 0 | 1 200 |
| Tilstandskartlegging av bygg | 0 | 3 000 | 0 | 0 | 0 | 3 000 |
| Toftøy kai | 0 | 140 | 0 | 0 | 0 | 140 |
| Ulvøyna bru, oppgradering | 0 | 1 080 | 0 | 0 | 0 | 1 080 |
| Varmepumper Tranevågen skule og Brattholmen skule | 0 | 2 000 | 0 | 0 | 0 | 2 000 |
| Varmestyringssystem, kyrkjer | 0 | 1 000 | 0 | 0 | 0 | 1 000 |
| Veglys og intensivbelysning | 0 | 1 100 | 500 | 500 | 500 | 2 600 |
| Veglys, skifting til LED lys | 1 500 | 5 000 | 5 000 | 5 000 | 500 | 15 500 |

| Investeringsprosjekter | Samla prosjektbeløp Tidlegare løyving | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Velferdsteknologi sjukeheim | 16 000 | 8 000 | 4 000 | 0 | 0 | 12 000 |
| Velferdsteknologisk knutepunkt | 0 | 500 | 0 | 0 | 0 | 500 |
| Vestresundet bru, spesialinspeksjon | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Vik kai - spesialinspeksjon | 0 | 250 | 0 | 0 | 0 | 250 |
| Ågotnes skule - utbetring av uteområda | 0 | 4 350 | 0 | 0 | 0 | 4 350 |
| **Sum Øygarden kommune** | **254 317** | **153 050** | **114 400** | **167 400** | **181 900** | **616 750** |
| **Sum** | **254 317** | **153 050** | **114 400** | **167 400** | **181 900** | **616 750** |

**Asfaltering**
Det er behov for rehabilitering og fullasfaltering på fleire kommunale veger. Fundamenta og bereemna på vegane må rehabiliterast og aukast for å kunne tåla den belastninga som den aukande trafikken gjev. Behovet vert ofte svært tydeleg etter ein vinter, og vurderinga av kva veg som skal prioriterast må vurderast om våren.

**Bil, hjelpemiddellager**
Innkjøp av ny bil for utkøyring av hjelpemiddel.

**Blomvåg skule, moglegheitsstudie etterbruk**
Moglegheitsstudie for etterbruken av Blomvåg skule til bruk innan helserelaterte tenester. Ei ombygging av Blomvåg skule til desse tenestene vil kunne frigjera areal i kommunedelsenteret på Rong og areal i naturgassparken som West Team-bygget og på sikt Dalsneset brannstasjon. Dette vil kunne opne for sal av attraktive eigedommar og redusere kommunen sitt behov for areal.

**Blærescanner**
Behov for medisink utstyr til førebyggjande arbeid .

**Brattholmen gamle skule, planlegging flytting**
Flytting av Brattholmen skule. Planlegging og kostnadsestimering av flyttinga.

**Brattholmen skule, leikeområde og overvatn**
Det er behov for å auke investeringsramma på prosjektet knytt til oppgradering av leikeplassen sør og nord for Brattholmen skule. Prosjektet tek også for seg ny overvatnsledning for område. Dette er ei prosjekt som er i gangsett og venta ferdigstilt i 2023.

**Chromebooks**
Chromebooks til bruk i skulane. Supplering ved skulestart samt utskifting av modellar som går ut av support i løpet av perioden.

**Døsjø kai**
Etablering av pullert godkjent for større båtar då kaien vert brukt for lastebåtar. Sikring av fundament.

**Dåvøy bru, oppgradering**
Det er behov for å laga eit nytt brurekkverk.

**Energikartlegging av bygg**

Energikarltegigng for Øygarden kommuen sin byggportefølgje for å identifisere tiltak og energisparingspotensialet.

**Fjell kyrkje, rehabilitering**
Det er i samband med tilstandskartlegging av Fjell kyrkje oppdaga omfattande skadar på kyrkja. Tilstandskartlegging har avdekka behov for snarlege tiltak som inneber betydelege reparasjonar av mellom anna tak og berekonstruksjon, klimaskall og laftekasse. Skadane er særs kritiske blant anna med tanke på stabilitet. Det er i samband med tilstandskartlegginga estimert eit førebels samla finansieringsbehov for å bøta på skadane på til saman kr 39 mill inkl. mva. Kostnadane vil fordele seg over fleire år der første del av kostnadane vart løyvd i 2022.

**Fjell ungdomsskule, skisseprosjekt rehabilitering**
Fjell Ungdomsskule har eit større vedlikehaldsbehov som bør utgreiast nærare. Det vert foreslått eit studie for å sjå på behov og tiltak med mål om å pussa opp/rehabilitera skulen.

**Fjellsikring**
Erfaringstal tilseier at det vil være behov for fjellsikring særskilt etter vinter med t.d frostsprenging.

**Gamle Fjell skule, moglegheitsstudie**
Etterbruk av gamle Fjell skule for kulturføremål vert vurdert. Det vert sett av midlar til moglegheitstudie i 2023.

**Helsestasjonen, fagsystem**
Dagens fagsystem dekkjer ikkje lovkrav kring rapportering, og det må gjennomførast anbod på nytt system. Dette opnar i tillegg opp for å få på plass helsestasjon for ungdom som er ei ny digital satsing for enklare å kunne kommunisere med born og unge.

**IKT investeringar**
Utskiftning av IKT-utstyr, mellom anna kjerneswitch og digitale tavler i skulane.

**Infrastruktur kommunesenter: Nygata**
Nygata er ein del av ny struktur på Straume med gode gangareal som knyter områda rundt senteret til sentrum. Gata binder saman Sotraplassen i nord, mot Sartorlunden i sør. Gata vert eit byrom med attraktive grøn- og blåstrukturar. Gata byggast ut i same takt som området transformerast. Nygata del 1(2024): Del 1 den delen av gata som ligg tettast på Sotraplassen. Nygata del 2(2026): den del av gata som ligg mot Bildøyvegen.

**Kausland kyrkje, varmepumpe**
ENØK-tiltak.

**Klp eigenkapitaltilskot**
Eigenkapitaltilskot, sjukepleiarar er i økonomiplanperioden budsjettert med kr 900 000.

**Knappskog molo**
Etablering av stige og bøye for å ivareta tryggleiken.

**Kolltveit skule, ombygging**
Prosjektet vil bidra til vesentleg betre tilhøve for tilsette ved skulen. Klasseromma vert justert i storleik slik at ein får eit nytt klasserom. Skulen har ikkje spesialrom og dette er tenkt løyst ved å etablere fasilitetar for sløyd, naturfag og kunst og handverk i eksisterande grupperom som er knytt på klasserom ved skulen. Kjøkken for mat og helse vert flytta til gymsalbygget.

**Kommunale bygg, LED-lys**
Skifte av eldre armatur på diverse bygg. Tilbakebetalingstid er venta å vere 6 månader per lampe.

**Landro kyrkje, varmepumper**
ENØK-tiltak.

**Maskiner og utstyr til kunstgressbanar**
Investering i maskiner og utstyr til kunstdressbanar slik at vi kan gjennomføra naudsynt vedlikehald. Det trengs mellom anna ein djup- og overflaterensar og samt mindre utstyr til ballbingar.

**Misje skule, miljøsanering og riving**
Misje skule skal miljøsanerast og rivast. Prosjektet legg opp til å riva skule og gymsal, men bevare leikeapparat, ballbinge og gapahuk på skuleplassen.

**Ny skule vestsida**
Etablering av ny skule på vestsida jf KS-sak 067/22. Prosjektet er ikkje justert for 3 parallell-skule. Dette vert å kome tilbake til ved revidert kalkyle i skisseprosjekt. Det er lagt opp til ei fullfinansiering av prosjektet i økonomiplanperioden 2023-2026.

**Nygårdsvegen, ny støttemur**
I samband med oppgradring av ny skuleplass på Brattholmen skule og etablering av nytt overvassystem langs fylkesvegen, må det byggast ny støttemur til Nygårdsvegen då dagens murfundament ikkje tåler dagens og framtidig belastning.

**Oni bru, spesialinspeksjon**
Tilstandskartlegginga frå 2019 viser at det er eit behov for spesialinspeksjon av Oni bru. Det er observert skader med betydning for bereevne og trafikktryggleiken. Spesialinspeksjon vil danna grunnlaget for vidare arbeid med brua.

**Oppvekstadministrativt system (OAS)**
Det er behov for eit oppvekstadministrativt system for barnehagar og skular. Systemet vil forenkla og forbetra administrasjon av barn og elevar samt dialogen med føresette.

**Porsvika fiskerihamn - lagerbygg**
Notlageret er eit næringstiltak for å fremje ønskja samfunnsutvikling innan marin næring. Føremålet med notlagaret er å gje kystfiskarane i Øygarden kommune og omegn ei moglegheit for innandørs lagring av utstyret lokalt, slik at utstyret held seg lengre. Forprosjektet syner ei auka kostnad knytt til prosjektet med kr 4,6 mill meir enn tidlegare budsjettert. Leigepotensialet er estimert til å vere om lag kr 350 000 - 400 000.

**Reinhaldsmaskiner**
Behov for nye reinhaldsmaskiner.

**Reservepost samferdsle/ trafikktryggleik**
På vegnettet som inkluderar veger, sideareal, parkeringsplassar, bruer og kaier, skjer det kvart år uforutsette hendingar som gjer at vi må setje i gong tiltak. Det kan være auka bæreevne, rehabiliteringar og elles akutte trafikktryggingstiltak. Det er særs viktig å ha ein disponibel pott til slike tiltak.

**Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon**
Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Rongesundet kai. Det er observert skader av betydning for kaias bereevne. Spesialinspeksjon vil danna grunnlaget for vidare arbeid med kaia.

**Rotevågsund bru, oppgradering**
Utviding av asfaltert overflate med membran for å betre trafikktryggleiken. Nytt brurekkverk og tilstøtande vegrekkverk oppgradert til dagens krav. Betre overdekning over armering.

**Selstø kai**
Etablering av kantlist, fenderverk og redningsstige.

**Skogsskiftet, infrastruktur**
Gjennomføring av sentrumsplan for Skogsskiftet. Føresett utbyggingsavtale med utbyggar og bruk av mildar frå Miljøløftet.

**Steinsland kai, rehabilitering**
Etablering av redningsbøye, redningsstige og andre skader som reduserer trafikktryggleiken.

**Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg**
Det er behov for nytt ventilasjonsanlegg i Stranda barnehage.

**Sulo kai - spesialinspeksjon**
Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Sulo kai. Det er observert skader av betydning for kaias bereevne. Spesialinspeksjon vil danna grunnlaget for vidare arbeid med kaia.

**Sund ungdomsskule, to nye stasjonar på skulekjøkken**
Grunna høgt elevtal er det behov for to nye stasjoner på skulekjøkkenet.

**Tednebakkane omsorgssenter, takheis**
Behov for takheis for løfting og forflytning av bebuarar.

**Tednebakkane, solskjerming**
Behov for solavskjerming på Tednebakkane omsorgssenter.

**Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør**
Det er mogleg å etablera solceller på tak på teknisk servicebygg. Totaleffekt 50 kWh. Solceller er kalkulert til å vere lønnsamt ved straumpris over 1 kr/kwh.

**Tilstandskartlegging av bygg**
Det er sett av midlar til å utarbeida ein tilstandskartlegging av Øygarden kommune sin byggportefølgje for å identifisera vedlikehaldsetterslep.

Det er også behov for å utarbeida eit godt grunnlag for å vurdera kva investeringar i nye bygg og anlegg som skal prioriterast i eit lengre perspektiv gjennom ein langsiktig driftsanalyse og investeringsplan. I dette ligg det også ei kost-nytte vurdering av det å eiga bygg framfor å leiga bygg.

**Toftøy kai**
Ny kantlist, ny betongtrapp/redningsstige og redningsbøye.

**Ulvøyna bru, oppgradering**
Synkehull i fylling. Nytt og oppgradert slitelag i form av asfalt med membran. Nytt brurekkverk og tilstøtande vegrekkverk oppgradert til dagens krav.

**Varmepumper Tranevågen skule og Brattholmen skule**
Skifte varmepumper på ulike bygg for oppgradering, og varmestyring.

**Varmestyringssystem, kyrkjer**
ENØK-tiltak.

**Veglys og intensivbelysning**
Det er fleire gangfelt og kommunale vegar som har manglande eller ikkje tilfredstillande belysning, og særskilt for skulevegane er dette eit viktig trafikktryggingstiltak. Det er og fleire krysningspunkt som ikkje tilfredstiller krava til gangfelt, men som samstundes har behov for betre belysning for at krysset skal bli meir oversiktleg og tryggare.

**Veglys, skifting til LED lys**
Gamle kvikksølv og natrium-armatur trekkjer svært mykje straum utan at effekten av lyset er særs god. Ved å skifte ut desse gamle armatura med nye LED-lys med t.d dimming vil ein kunne redusere straum-kostnadane med mellom 70-80 %. Senkar energikostnad og betra lystilhøve.

**Velferdsteknologi sjukeheim**
Implementering av velferdsteknologi i Helse og velferd.

**Velferdsteknologisk knutepunkt**
Velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) er ei teneste som handterer dataflyt mellom velferdsteknologiske løysingar og andre e-helsesystem, til dømes elektroniske pasientjournalar.

- Mellom anna er målet med innføringa at VKP sørgjer for effektiv ressursbruk ute i helsetenestene ved å binde system saman slik at helsepersonell slepp å bruka tid på å registrera det same fleire stader.
- VKP bidrar til auka tenestekvalitet ved at riktig informasjon er tilgjengeleg for dei som treng det, når dei treng det.

**Vestresundet bru, spesialinspeksjon**
Tilstandskartlegginga frå 2019 viser at det er eit behov for spesialinspeksjon av Vestresundet bru. Det er obsertver skader med betydning for bereevne og trafikktryggleiken. Spesialinspeksjon vil danna grunnlaget for vidare arbeid med brua.

**Vik kai - spesialinspeksjon**
Tilstandskartlegging frå 2019 viser at det er behov for spesialinspeksjon av Vik kai. Det er observert skader av betydning for kaias bereevne. Spesialinspeksjon vil danna grunnlaget for vidare arbeid med kaia.

**Ågotnes skule - utbetring av uteområda**

Ågotnes skule har fått pålegg om å utbetra leikeområde etter pålegg frå Helsevernetaten. Uteareala framstår i dårleg stand og stettar ikkje krav til aktiviseringstilbod for elevane. Det vert sett av midlar til ein heilskapleg plan, skisseprosjekt, som skal sjå på tiltak som kan løfte standarden på uteareala og betre tilhøva for elevane samt kr 4 mill for å gjennomføra tiltaka i 2023.

# Vedlegg

## Søknadar og tilskot

Oversikten viser mottekne søknadar i samband med budsjett 2023. Øygarden kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon og må redusera driftsnivået betydeleg. Vi har likevel ikkje redusert tilskot til organisasjonar i 2023, men det er heller ikkje funne rom for å auka tilskotet.

| Organisasjon | Tekst | Søknad | Budsjett 2023 | Budsjett 2022 |
|---|---|---|---|---|
| HomeStart Familiekontakten | Driftsmidlar | | 1 200 000 | 1 200 000 |
| Pit Stop Sotra | Driftsmidlar | | 600 000 | 600 000 |
| Basecamp | Grunnfinansiering, regulert etter vedtektene | | 617 000 | 577 000 |
| Basecamp* | 4-årig driftstilskot til oppsøkjande arbeid "Tett på" | | 112 000 | 112 000 |
| Basecamp** | 4 årig driftstilskot til Basecamp RePro | | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Fjell Festning Lysfestival | 3-årig driftstilskot | | 75 000 | 75 000 |
| Nordsjøfartsmuseet | | | | |
| Museum Vest, driftssøknad | | 360 500 | 350 000 | 350 000 |
| Stiftinga Nordsjøfartsmuseet | | 154 500 | 150 000 | 150 000 |
| Straumstøtte | | 35 000 | | |
| Stiftinga Nordsjøfartsmuseet, økt vedlikehald | | 50 000 | | |
| Nordsjøfartmuseet, 25 års jubileum | | 250 000 | 150 000 | |
| Fjell festning | | | | |
| Museum Vest, driftssøknad | | 1 175 000 | 1 100 000 | 1 100 000 |
| Stiftinga Fjell Festning | | 640 000 | 600 000 | 600 000 |
| Straumstøtte | | 200 000 | | |
| Avhendingsprosess | | 110 000 | | |
| Kystmuseet | | | | |
| Museum Vest, driftssøknad | | 2 482 000 | 2 482 000 | 2 482 000 |
| | | | | |

| Organisasjon | Tekst | Søknad | Budsjett 2023 | Budsjett 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Museum Vest, auka tilskot til drift | | 40 000 | | |
| Stiftinga Kystmuseet, vedlikehald | | 200 000 | 120 000 | 120 000 |
| Forventa pris- og lønsauke - drift | | 74 460 | | |

Tilskota her kjem i tillegg til tilskotsordningar på kulturfeltet.